



Universitetet
i Stavanger

FAKULTET FOR UTDANNINGSVITNSKAP OG HUMANIORA

MASTEROPPGÅVE

Studieprogram: Master i
barnehagevitenskap,
MBVMAS

Vårsemesteret, 2022

Open

Forfatter: Bjørg Oltedal

Rettleiar: Aud Torill Meland, Elsa Kaltvedt (bi-rettleiar)

Tittel Barnehagelæraren sitt arbeid med verdigrunnlaget i barnehagen
på masteroppgåva:

Engelsk The kindergarten teachers work with the core values in the kindergarten
tittel:

Emneord: Verdigrunnlag
Verdiar
Rammeplan
Barnehagelærer

Talet på 30363

ord:

+ vedlegg: 3 stykk

Stavanger, 02.06.2022

Forord

Nå har denne oppgåve teke form og går mot ein slutt, og eg sit igjen med ein mengde ny kunnskap om verdigrunnlaget i rammeplanen og arbeidet rundt det. Eg håper denne kunnskapen kan kome til nytte for barna i barnehagen. Grunnen til at eg ynskja å gjere ein studie på dette temaet er fordi eg opplev at fagområda i rammeplanen får stor plass i barnehagen sin kvardag og at det ikkje vert snakka om verdigrunnlaget så mykje. Dette hadde eg lyst å setje fokus på. Denne oppgåva hadde ikkje blitt til utan god hjelp frå alle rundt meg. Eg har gode kollegar rundt meg som heier på meg og viser interesse for prosjektet mitt. Det er eit godt studentmiljø på UIS, der eg har fått gode vener som har vore til stor hjelp. Takk til informantane som stilte opp og delte sine erfaringar med verdigrunnlaget i barnehagen og til rettleiarane mine. Til slutt og ikkje minst vil eg takka Aslak og mine to små gutar for uendeleg mykje støtte og kjærleik i dette prosjektet, utan dykk hadde denne oppgåva aldri vore mogleg.

Ogna, juni 2022

Björg Oltedal

Samandrag

Rammeplanen for barnehagen sitt innhald og oppgåver (2017) legg fram overskrifter i verdigrunnlaget som barnehagen skal arbeide med. Formålet med denne studien har vore å finne ut korleis barnehagelærarane operasjoniserer verdigrunnlaget i rammeplanen.

Problemstillinga er:

Korleis vert verdigrunnlaget i rammeplanen for barnehagen (2017) forstått og operasjonisert av barnehagelærarar i to forskjellige barnehagar?

Oppgåva er avgrensa til seks av dei områda som er nemnt under barnehagen sitt verdigrunnlag i rammeplanen; barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse. Det er brukt kvalitativ forskingsmetode med ei hermeneutisk tilnærming. Datagrunnlaget vart innhenta gjennom semistrukturert forskingsintervju av seks ulike barnehagelærarar i to forskjellige barnehagar, ein ordinær kommunal barnehage og ein privat idrettsbarnehage. I intervjuet vart barnehagelærarane fyrst spurte om kva eit verdigrunnlag er, før dei fekk dei seks områda i rammeplanen lagt fram for seg, og barnehagelærarane fekk spørsmål rundt dei. Vidare vart det gjort ein temaanalyse av datamaterialet etter intervjuet.

Funna i studien er at barnehagelærarane har ulik forståing av omgrepet verdigrunnlag, og at verdigrunnlaget er personleg for barnehagelærarane. Barnehagelærarane er ikkje kjende med verdigrunnlaget for barnehagen som er forskriftsfesta i rammeplanen, og tenker sjølv at omsorg og tryggleik er sentrale verdiar for barnehagen. Studien viser også at barnehagelærarane arbeider forskjellig med dei ulike verdiområda i rammeplanen, her er både barnehagen og personlege erfaringar med og bidrar til forskjellar. Barn og barndom er det viktigaste område for fleire av barnehagelærarane og berekraftig utvikling er det som flest synst er vanskeleg å arbeide med. I arbeidet med livsmeistring og helse var det forskjell på barnehagane i forhold til kor fokuset var. Idrettsbarnehagen hadde styrst fokus på fysisk helse, medan den kommunale barnehagen hadde styrst fokus på psykisk helse. Demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd slo barnehagelærarane saman og snakka om dei som det var det same. Det siste funnet var at dei var usikre på om dei i det heile tatt arbeidde med verdigrunnlaget saman med personalet, og barnehagelærarane nemner fråvær som ei utfordring i arbeidet med verdigrunnlaget.

I drøftingsdelen vert funna diskutert saman med rammeplanen, både i eit læreplanperspektiv og i samanheng med forskning på verdiar. Funna står i kontrast til politikarane sine intensjonar,

som dei har formidla gjennom rammeplanen og politiske dokument. Vidare vert det diskutert at omsorg og tryggleik står sentralt som verdiar i barnehagen både i forskning og hjå barnehagelærarane, og at dei demokratiske verdiane kjem meir i bakgrunnen. Det vert foreslått at arbeidet med rammeplanen sitt verdigrunnlag må verte meir systematisk og baserast meir på fellesskapet, slik at ikkje operasjonaliseringa av rammeplanen sitt verdigrunnlag vert opp til kvar einskild barnehagelærer.

Innholdsliste

Forord	
Samandrag	
1 Innleiing	1
1.1 Formål og problemstilling	2
1.2 Avgrensing av studien	2
1.3 Definisjonar av sentrale omgrep	3
1.4 Oppsummering og oppbygging av oppgåva	3
2 Bakgrunn for studien	5
2.1 Korleis verdigrunnlaget og verdiar presenterast i stortingsmeldingar og betydning for rammeplanar frå 2006-2017	5
2.2 Læreplanteori	12
2.3 Oppsummering	16
3 Teoretiske perspektiv	17
3.1 Verdiar	17
3.2 Studiar gjort på deler av verdigrunnlaget i rammeplanen	22
3.3 Oppsummering	24
4 Metode	25
4.1 Design	25
4.1.1 Kvalitativ forskingsmetode	25
4.1.2 Vitskapleg retning	26
4.1.3 Det kvalitative forskingsintervjuet	26
4.2 Intervjuet	27
4.2.1 Utval	27
4.2.2 Gjennomføring	28
4.3 Konstruksjon av data	29
4.3.1 Temaanalyse	29
4.4 Forskingsetikk	30

4.4.1	Reliabilitet	31
4.4.2	Validitet	32
4.5	Oppsummering	33
5	Resultat	35
5.1	Barnehagelærarane har ulik forståing av omgrepet verdigrunnlag	35
5.1.1	Barnehagelærarane sine forslag til kva verdigrunnlag er	35
5.1.2	Verdigrunnlaget er personleg	36
5.1.3	Barnehagelæraranes tankar rundt rammeplanens sitt verdigrunnlag	38
5.2	Oversikt over verdiområde som barnehagelærarane arbeider med	40
5.2.1	Barn og barndom er den viktigaste verdien for barnehagelæraren	40
5.2.2	Barnehagelærarane held ikkje demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd avskilt.	41
5.2.3	Berekraftig utvikling er eit usikkert punkt i verdigrunnlaget.....	45
5.2.4	Livsmeistring og helse	46
5.3	Korleis barnehagelærarane arbeider med verdigrunnlaget.....	47
5.3.1	Barnehagelærarane er usikre på om dei arbeider med verdigrunnlaget blant personalet.	47
5.3.2	Barnehagelærarane nemner fråvær av personalet som ei utfordring i arbeidet med verdigrunnlaget.....	50
5.4	Oppsummering	51
6	Drøfting	53
6.1	Operasjonalisering av verdigrunnlaget.....	53
6.1.1	Kva er eit verdigrunnlag.....	53
6.1.2	Sentralt i funna er omsorg og tryggleik.....	57
6.2	Områda i verdigrunnlaget i rammeplanen	58
6.3	Barnehagelærarane sitt didaktiske arbeid med verdigrunnlaget i rammeplanen	66
6.4	Fellesskapet	70
7	Avsluttande refleksjonar	73

8	Litteraturliste	77
9	Vedlegg	81
9.1	Vedlegg 1: Godkjenning frå NSD	81
9.2	Vedlegg 2: Forespørsmål om deltaking i forskingsprosjekt	83
9.3	Vedlegg 3: Intervjuguide	85

1 Innleiing

Menneskjer og samfunnet er stadig i forandring. I tråd med dette har det også skjedd store forandringar i barnehagen dei siste åra. Retten til barnehageplass kom i 2009, og nå satsar politikarane på kvalitet i barnehagen (Bae, 2018, s. 27; St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 5). Ramane til barnehagen er bygd opp rundt *Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* (2017) og andre offentlege dokument som peikar på korleis barnehagane skal arbeide for god kvalitet i barnehagen. Barnehagen har blitt ein del av kunnskapsdepartementet, og barnehagen er inkludert når politikarane diskuterer tidleg innsats (Meld. St. 6, 2019-2020). Formålet med denne oppgåva er å finne ut korleis barnehagelærarane arbeider med verdigrunnlaget i barnehagen. I rammeplanen for barnehagar står det at «*alle barnehagar skal byggje på verdigrunnlaget som er fastsett i barnehagelova og i internasjonale konvensjonar som Noreg har slutta seg til, slik som barnekonvensjonen og ILO-konvensjonen*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7). I St. meld nr. 41 kvalitet i barnehagen står det at bevisstheit om verdigrunnlaget må liggje til grunn for arbeidet med å utvikle barnehagen sin kvalitet (St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 116). Verdigrunnlaget har vore interessant for meg i heile mi tid i barnehagen. I 2013 var eg på utveksling i 9 veker i Namibia som ein del av barnehagelærerutdanninga. Det som gjorde mest inntrykk på meg i den tida eg var der, var måten dei formidla verdiar på og kor bevisste dei var på dette. Temaet for bacheloroppgåva mi var verdiformidling i barnehagen, og eg samanlikna korleis barnehagelærarane formidlar verdiar til barna i Namibia og Noreg. Eg såg på kva tiltak som må til for å formidle verdiar til personalgruppa, og kva som er ei bra verdiformidling i barnehagane i Noreg. Eg er fortsett oppteken av korleis arbeidet med verdigrunnlaget i barnehagen påverkar kvardagen til barna. Eg opplev at arbeid med fagområda og dei andre punkta i rammeplanen ofte tar mykje fokus, og at verdigrunnlaget vert meir usynleg i bakgrunnen. Derfor ynskjer eg med denne oppgåva å finne ut kva barnehagelærarane tenkar om arbeidet sitt med verdigrunnlaget. For meg som barnehagelærer, styrar og småbarnsmor, så kjem eg alltid tilbake til haldningar og verdiar hjå dei tilsette når eg tenkar på kvalitet. Dette er meir usynleg, og det er derfor det interesserer meg. FNs barnekonvensjon seier at barn skal få vekse opp i ein atmosfære av glede, kjærleik og forståing (Forente nasjoner, 1989, s. 6). Barn er store delar av dagen sin i barnehagen, og det er derfor avgjerande kva verdigrunnlag som ligg bak møta dei har i barnehagen. Verdigrunnlaget har også endra seg i løpet av åra, noko som kan gjere det vanskeleg å henge med. Verdiar er noko som må

innarbeidast over tid. Dette inspirerer meg til å finne ut korleis barnehagelærarane operasjonaliserer verdigrunnlaget, og kor bevisste dei er i dette arbeidet. Denne masteroppgåva har eg lyst å skrive for alle barn som går i barnehagen. Alle har rett på å møte reflekterte tilsette i barnehagen som er bevisste både sitt eige og rammeplanen sitt verdigrunnlag. Verdigrunnlaget er ein viktig del av rammeplanen som skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle delar av det pedagogiske arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7). Eg håpar denne oppgåva kan vere med å lyfte opp dette arbeidet, slik at det ikkje er tilfeldig og personavhengig kva verdiar som vert formidla i løpet av ein dag.

1.1 Formål og problemstilling

Formålet med studien er å undersøke kva tankar barnehagelærarane har med arbeidet sitt rundt verdigrunnlaget i rammeplanen. Eg ynskjer å lyfte fram barnehagelæraren sine refleksjonar om verdigrunnlag, og håper at studien inspirerer til større fokus på verdigrunnlaget i sin heilskap, samt at den kan fremme bevisstheit om korleis det påverkar arbeidet til barnehagelæraren i møte med barn, foreldre og kollegar.

Problemstillinga for studien er:

Korleis vert verdigrunnlaget i rammeplanen for barnehagen (2017) forstått og operasjonalisert av barnehagelærarar i to forskjellige barnehagar?

1.2 Avgrensing av studien

Eg avgrensar verdigrunnlaget til å vere det verdigrunnlaget som er fastsett i *Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* (2017). Barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7-11) . Det var desse seks punkta som vart lagt fram for barnehagelærarane under intervjuet og som datamaterialet mitt baserer seg på. Det sjuande punktet i verdigrunnlaget i rammeplanen er «*barnehagar med særlege formål*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 12). Dette valte eg å ikkje ta med i studien då det ikkje var relevant, sidan ingen av barnehagane i studien arbeidde med særlege formål. Studien er basert på intervju av barnehagelærarar fordi dei har ein profesjonsutdanning og skal vere kjente med kva rammeplanen seier om verdigrunnlaget. Barnehagelærarane i studien arbeider i to forskjellige barnehagar, og studien ser på likskapar og ulikskapar mellom dei to barnehagane. Fokuset i studien er på barnehagelæraren sine tankar om det daglege arbeidet dei gjer i sin barnehage, både korleis barnehagen påverkar deira forståing, men også korleis samfunnet påverkar innhaldet i verdigrunnlaget og barnehagelærarane sin forståing av det. I

denne studien vert det brukt nemninga barnehagelærer på alle informantane, sjølv om nokon av dei har stilling som pedagogisk leiar.

1.3 Definisjonar av sentrale omgrep

Her vert det gjort greie for sentrale omgrep for studien. Meir teoretiske perspektiv vert presentert i kapittel 2 og 3.

I **verdigrunnlaget** i rammeplanen kjem det fram verdiar under sju område som er overordna arbeidsmåtar i barnehagen (Fønnebø & Jernberg, 2018, s. 26) Verdigrunnlaget er både skrivne og uskrivne regler, forventningar og haldningar. Det handlar om kommunikasjonen mellom dei enkelte, i dette tilfelle både barn og vaksne. Verdigrunnlaget i rammeplanen handlar om ei forplikting Noreg har underteikna internasjonalt og er juridisk forplikta i FN sin barnekonvensjon (Fønnebø & Jernberg, 2018, s. 27). Verdigrunnlaget er ein sum av verdiar som ein barnehage arbeider med.

Med **operasjonalisering** meiner eg korleis verdigrunnlaget vert iverksett.

Barnehagelærarar vert i denne studien brukt om ein person med godkjent pedagogisk utdanning jamfør barnehagelova § 25 pedagogisk bemanning (Barnehageloven, 2005) Det kan vere både pedagogisk leiar og barnehagelærer.

1.4 Oppsummering og oppbygging av oppgåva.

I dette kapitlet har eg gjort greie for val av tema og problemstilling. Temaet er verdigrunnlaget i rammeplanen. Det er gjort ei avgrensing av studien og presentert sentrale omgrep. Vidare i kapittel to vert det reiegjort for bakgrunnen for studien ved å gå gjennom rammeplanar og stortingsmeldingar i barnehagen sin historie. Dette er gjort for at lesaren skal få eit innblikk i utviklinga som ligg til grunn for innhaldet i verdigrunnlaget i dagens rammeplan er skrive. Det vert også skrive om Eidsvåg (2021) si forskning om nærleik, omsorg og lykke og Goodlad sin læreplanteori (1979). Kapittel 3 omhandlar teoretiske perspektiv på verdiar. I dette kapitlet er fokuset på studiar som er gjort på verdiar generelt, slik som «verdiprosjektet», og på studiar som er gjort på verdiane i *rammeplanen for barnehagen innhald og oppgåver* (2017). I kapittel 4 vert dei metodologiske vurderingane som er gjort i forhold til studien lagt fram. Metoden som er brukt er intervju av seks forskjellige barnehagelærarar. Under analysen av intervjuar er det brukt temaanalyse og funna i intervjuet er kategorisert i tre forskjellige tema. Tema som laga etter analysen er at barnehagelærarane har ulik forståing av verdigrunnlaget, og kva verdiområde barnehagelærarane arbeider med, samt korleis dei arbeider med verdigrunnlaget i sin barnehage. I kapittel 5 vert funna

presentert ved å vise til analysen av intervjua. I kapittel 6 vert funna i datamaterialet diskutert med dei teoretiske perspektiv som er gjort greie for i teorikapittelet. Til slutt i kapittel 7 vert det gjort nokon avsluttande refleksjonar og ei oppsummering.

2 Bakgrunn for studien

I dette kapitlet vert bakgrunnen for verdigrunnlaget i *rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* 2017 presentert. Det har vore nyttig for meg for å forstå rammeplanen å gå heilt tilbake til starten av barnehagen sin historie og sjå på nokon av stortingsmeldingane som har lagt føringane for dei ulike rammeplanane. Eg har også sett på korleis verdigrunnlaget har forandra seg frå kvar rammeplan. Vidare kjem eg med ei omgrepsavklaring på rammeplan og læreplan, før eg presenterer teori om læreplan og korleis ulike faktorar/menneskjer er med på å påverke læreplanen i ulike ledd. Grunnen til at dette er med er for å vise at verdigrunnlaget i rammeplanen er laga av fleire menneskjer som har ulike motiv for kva som skal stå og derfor er med å prege rammeplanen.

2.1 Korleis verdigrunnlaget og verdiar presenterast i stortingsmeldingar og betydning for rammeplanar frå 2006-2017

Det har vore ulike idear om kva ein barnehage skal vere gjennom åra. Den fyrste norske barnehagen starta i 1837 med det norske barneasylet i Trondheim. I 1880 formidla den tyske filosofen Frøbel leik og omsorg som fokusområde i sin barnehagetradisjon til Noreg. Saman med folkebarnehagen som hadde tilsyn, omsorg og oppseding som fokus i barnehagen, vart begge tradisjonane slått saman til ein barnehagetradisjon (Fønnebø & Jernberg, 2018, s. 12). I starten hadde barnehagane ei handbok til å rettleie dei i arbeidet (Norge forbruker- og administrasjonsdepartementet, 1982). Den fyrste barnehagelova for barnehagar kom i 1975 og barnehagen vart då det offentlege sitt ansvar. Sjølv om lova kom, kom det ikkje ein rammeplan for barnehagar før i 1995. Denne rammeplanen var med på å gjere barnehagen til ei pedagogisk verksemd.

Rammeplanen frå 1995 har eit kristent verdigrunnlag, med fokus på at oppsedinga skal skje i samsvar med kristne grunnverdiar. Det står også at det er foreldra som har hovudansvaret for oppdragelsen til barna og å lære dei kva som er rett og galt. Vidare skriv departementet i rammeplanen at ei pedagogisk verksemd ikkje kan vere verdinøytral, og visar til formålsparagrafen for kva slags haldningar og verdiar som skal formidlast. Det står også at forståing og respekt for kvarandre kan kombinerast med formidling av stoff frå religiøse tradisjonar. I forhold til fellesverdiar står det i denne rammeplanen at barnehagen skal strekke seg så langt som mogleg for familiar som har særlege ynskjer, men at det også skal vere eit felles miljø (Norge Barne- og familiedepartementet, 1995, s. 22-26).

Politikarane har lagt fram fleire stortingsmeldingar om kvaliteten i barnehagen og gjort endringar for å styrke og gje eit meir likeverdig tilbod til alle barn i barnehagen. Denne oppgåva fokuserer på kva stortingsmeldingane har skrivne om verdigrunnlaget. Og om korleis rammeplanane har blitt til og utvikla seg fylje av dette

St. meld. nr. 27 *Barnehage til beste for barn og foreldre (1999-2000)* handlar om utbygging av barnehagar og eit mål om at barnehage er noko som fleire barn skal kunne nytte seg at. I denne meldinga legg regjeringa fram at tida er inne for å utarbeide ein felles rammeplan. Dette grunnar dei i at samfunnet har stor interesse for barnehagen sin mål og innhald (s. 2). Vidare vert det lagt fram at det er viktig at dei tilsette er bevisste kva verdiar som vert formilda og at dei samsvarar med lov og rammeplan. Her vert det presisert at lova seier at barnehagen skal bruke dei kristne grunnverdiane, men om det er mogleg skal barnehagen rette seg etter foreldra sine ynskjer (s. 111). Verdiar som vert lyfta fram i denne meldinga er demokrati, respekt for miljøet, at barna skal ha eit trygt og utviklande miljø og mennesket sin eigenverdi (St. meld. nr. 27, 1999-2000, s. 9)

I 2006 kom det ny rammeplan og ansvaret for dei norske barnehagane vart kunnskapsdepartementet sitt. Dette viser igjen i rammeplanen og rammeplanen får eit eige kapittel med fagområde og fagområdet tal, rom og form kjem inn i rammeplanen. Det er argumentert for at det er fordi samfunnet er i endring at det er behov for ein ny rammeplan (Bleken, 2007, s. 36). I denne utgåva av rammeplanen i kapittel 1 står både formålet, verdigrunnlaget og oppgåvene til barnehagen, og under verdigrunnlaget står det at barnehagen skal byggje på verdiar som fellesskap, omsorg, medansvar og respekt for menneskeverd, samt rett til å vere ulike. I denne rammeplanen står det om menneskeleg likeverd og likestilling. Det er også nemnt berekraftig utvikling og nestekjærleik, og at barnehagen skal fremme barns forståing av berekraftig utvikling i det daglege (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 10). Det står også under verdigrunnlaget at personalet er rollemodellar og har eit særleg ansvar for at verdigrunnlaget i barnehagen vert vist i det daglege. For å klare dette må personalet reflektere over eigne verdiar og handlingar og delta i pedagogiske drøftingar. Det står vidare at barnehagen må systematisk vurdere om barnehagen fremjar dei verdiane som er i verdigrunnlaget (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 12). I 2006 nemnes ikkje omgrepet livmeistring, men det vert skrivne at barna skal ha moglegheit til livsutfalding i leiken (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 25)

I 2009 vert det enda meir fokus på kvalitet i barnehagen og den rødgroenne regjeringa legg fram Meld. St. 41. *Kvalitet i barnehagen* (2008-2009). Med denne ynskjer dei å sikre eit

barnehagetilbod av høg kvalitet. Retten til barnehageplass har tredd i kraft og prisane på barnehage er redusert (s. 5). Nå ynskjer regjeringa betre kvalitet med kompetanseauke blant dei tilsette. Dei skriv at fleirtalet av barn mellom 1 og 5 år nå går i barnehagen, og at barnehagen derfor har ein viktig rolle i samfunnet og eit medansvar for å gje desse barna ein trygg og god oppvekst (St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 5). Regjeringa viser til *Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* (2006) som gjev barnehagen eit samfunnsmandat og dermed eit krav til dei tilsette i barnehagen (s. 13). Barnehagen er blitt ein del av kunnskapsdepartementet og rammeplanen er komen. Regjeringa argumenterer for eit felles verdigrunnlag for barnehagen og skulen og at dette vil gjere samfunnet rikare og gjere menneskjene sine liv betre. I denne meldinga har regjeringa også fokus på at formålsparagrafen skal gje uttrykk for samfunnets sine verdiar. Derfor ynskjer dei ein formålsparagraf som er prega av det kulturelle og religiøse mangfalde, her er kultur, den samiske kulturen, språkleg mangfald nemnt (St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 70). Regjeringa har også lagt fram at omgrepet danning skal brukast i staden for oppseding, fordi det er eit breiare omgrep. Danning er det som skjer i refleksjonar og samspel med barnet og omgivnadane (St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 8).

I 2011 vart rammeplanen revidert. I denne rammeplanen vart danning med som omgrep i staden for oppseding . Danning er å utvikle emne til å reflektere over eigne handlingar og veremåtar (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 15). Formålet til barnehagen endrast frå å vere at barnehagen skal hjelpe til med å gje barna ei oppseding i samsvar med kristne grunnverdiar (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 7) til at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar frå kristen og humanetisk arv og tradisjon (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 11). I verdigrunnlaget frå 2011, vert det presisert at verdigrunnlaget til barnehagen må vere slik at det er mogleg for barn, foreldre og tilsette med forskjellige religion og livssyn å slutte seg til verdigrunnlaget (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 11-12). Her står det at verdiar som skal formidlast er fellesskap, omsorg og medansvar. Det er også skrive om respekt for menneskeverdet og retten til å vere forskjellige. Menneskeleg likeverd, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving og solidaritet. Likestilling mellom kjønna er nemnt spesifikt, slik at gutar og jenter kan ha like moglegheiter. I slutten av verdigrunnlaget står det også i denne utgåva at personalet er rollemodellar (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 12).

I Meld. St. 24 - *Framtidens barnehage* (2012-2013) står det at formålsparagrafen og rammeplanen er det som legg grunnlaget for den pedagogiske verksemda. Då denne stortingsmeldinga kom var det framleis den rødgroenne regjeringa som sat i regjering.

Stortingsmeldinga skriv om at formålsparagrafen vart endra i 2010, og at den nye formålsparagrafen er med på å gje barnehagane ei tydeleg rolle i samfunnet og føringar for kva verdiar som skal stå sentralt. I formålsparagrafen står det at barnehagen skal grunnlag for allsidig utvikling og :

«Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.» (Meld. St. 24, 2012- 2013, s. 8)

Det står også om skaparglede, å ta vare på seg sjølv, andre og naturen, medverking og at barna skal få møte tillit og respekt og anerkjenne barndomens eigenverdi. Vidare står det at det kan vere vanskeleg å setje desse verdiane inn i kvardagen og vises til at rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver er ei hjelp i arbeidet (Meld. St. 24, 2012- 2013, s. 12). Det er samanheng mellom barn og unges læring gjennom at barnehagen og skulen har eit felles verdigrunnlag. Formålbestemminga byggjer på grunnleggande respekt for ulike kulturar, og at barn og vaksne er likeverdige individ både i skulen og i barnehagen, men barnehagen har ein eigen eigenart som er ulik skulen sin. Dokumentet trekk fram at målet til barnehagen er at den skal vere ein plass som skapar ein god barndom, slik at barnet har eit godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn. (Meld. St. 24, 2012- 2013, s. 8).

I 2016 kom det ei ny stortingsmelding, Meld. St. 19 - *tid for leik og læring* (2015-2016) som legg fast at barnehagen og skulen skal ha eit felles verdigrunnlag. Denne er det den blåblå regjeringa som legg fram. Regjeringa ynskjer at barndommen skal vere samanhengande og at både i barnehagen og skulen skal barn møte verdiar som gjer dei klar for å bidra i samfunnet. I denne meldinga ynskjer også regjeringa å styrke kvaliteten på barnehagetilbodet endå meir (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 5). Formålbestemminga legg vekt på verdiar som trengst for å delta i arbeid og fellesskap, slik som tillit og respekt og rett til å medverke. Barna skal få kunnskap om demokrati og få øve seg på å bidra i demokratisk prosesser. Barnehagen skal også hjelpe barn til å ha ein positiv sjølvoppfatning, slik at barnet har tru på seg sjølv og sine evner til å bidra i fellesskapet som ein verdifull deltakar. Her vert det også presisert at både skulen og barnehagen har kvar sine særpreg på formålbestemminga, der barnehagens særpreg er barndommens eigenverdi og barn sitt behov for omsorg, trivsel, leik og læring. Barnehagen sitt innhald skal fyrst og fremst ligge fast i formåls- og innhaldsbestemminga (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 8). Det vert vektlagt barn og barndom fordi det har vore barnehagen sin eigenverdi. Likestilling og likeverd, mangfald og gjensidig respekt demokrati

er verdier som er forankra i menneskerettane vert også nemnt i denne meldinga. I denne stortingsmeldinga la regjeringa fram to nye omgrep som kom inn i *Rammeplanen for barnehagen innhald og oppgåver* (2017). Berekraftig utvikling vert inkludert i større grad i denne utgåva fordi at «i vår tid opplever barn fra tid til annen klimakrisen direkte i form av ekstremvær og ødeleggelse, men i hovedsak gjennom mediebildet» (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 41). Regjeringa skriv vidare at tid ute i friluft er viktig i norsk tradisjon og at barnehagen derfor må ta opp tradisjonen og fortsette å bruke tid ute for å møte vår tids store utfordringar. Regjeringa oppfordrar til å legge inn desse elementa i rammeplanen (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 41). Livsmeistring og helse er vektlagt fordi det er mange barn og unge som slit med psykiske og fysiske problem. Regjeringa skriv at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon som skal utjamne sosiale helseforskjeller. Dei legg også fram at fysisk aktivitet er viktig for leik, meistring, oppdagingar og erfaringar. Det er viktig å få det med i barnehagen fordi tidleg aktivitet gjev glede i å bevege seg heile livet. Ein annan ting som regjeringa nemner i stortingsmeldinga er at barn er mindre fysisk aktive, noko som kan føre til helseproblem seinare i livet. Usunt korthold kan også føre til helseproblem. (Kunnskapsdepartementet, 2016, s. 41) Stortingsmeldinga gjev også barnehagen eit samfunnsmandat for å leggje eit godt grunnlag for vidare liv, og bidra til betre samanheng mellom skulen og barnehagen. Regjeringa skriv at føremåla i både læreplanen til skulen og rammeplanen for barnehagen understrekar barn og unges rett til å verte møtt med tillit og respekt og rett til medverknad (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 61).

I den siste utgåva av rammeplanen frå 2017 er det skrive eigne kapittel om verdigrunnlaget der livsmeistring og helse og berekraftig utvikling er inkludert (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10-11). Som ei innleiing til dette kapitlet står det om barnehagen sitt samfunnsmandat og vidare vises det til barnehagelova §1 der det står om

«at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet – verdier som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane» (Barnehageloven, 2005, § 1-1; Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7).

Fønnebø & Jernberg (2018) skriv i si bok *barnehagens rammeplan i praksis* om at det er viktig at leiinga brukar rammeplanen som eit verktøy for å sikre at dei tilsette diskuterer og reflekterer over verdigrunnlaget både i lys av det enkelte barn, men også barnegruppa som heilskap. Dei skriv vidare at personalet har eit yrkesetisk ansvar i kvardagen for å reflektere (s. 27). Å ha god kunnskap om verdigrunnlaget er etter deira syn avgjerande for å kunne vere

ein god profesjonsutøver som kan setje vennskap, trivsel og samspel mellom barna i eit verdi- og danningperspektiv (s. 37). Vidare seier dei at personalet må reflektere over eigne handlingar for å kunne ha respekt for alle forskjellar. Barnehagelærarane må heile tida revurdere og fornye sine verdiar, sidan verda er i endring og utvikling (s. 31). I kapittel 1 er det sju overskrifter som går inn på sju forskjellige områder i verdigrunnet i rammeplanen. Dei seks som er relevante for denne studien vert presentert her.

Barn og barndom fokuserer på at barnehagen skal verne om eigenverdien til barndommen. Barnehagen skal bidra til ein god barndom med trivsel vennskap og lek. Barnehagen skal vere starten for at barn får eit godt liv og då må alle avgjersler som har med barnet å gjere ha barns beste som baktanke. Det står også at barn skal møtast som eit individ og at personalet skal ha respekt for barnet sitt perspektiv. Det skal verte lagt til rette for at barnet skal kunne kjenne på at det bidrar og tilhøyrar fellesskapet, samt at det har både empati og tru på seg sjølv (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8).

Demokrati omhandlar kort sagt at barnehagen skal legge til rette for ei demokratiforståing og respekt for ulikskapar. Her trekker rammeplanen igjen fram fellesskapet, og at det er viktig for barna å kjenne på at dei deltek i eit inkluderande fellesskap slik at dei kan få ei forståing av samfunnet og verda dei er ein del av. Barna skal få ytre seg, verte høyrde og få delta. Alle barn skal få medverke uavhengig av føresetningar. Det skal utviklast eit demokratisk fellesskap der verdiar og normer som vi har i samfunnet i dag skal ligge til grunn. Til slutt skriv rammeplanen at åndsfridommen skal anerkjennast (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8-9).

Mangfald og gjensidig respekt handlar om respekt for menneskeverdet. Barnehagen skal fremje mangfaldet gjennom at barna skal få erfare at det er mange måtar å tenke, handle og leve på. Samtidig skal verdien av eit fellesskap sjølv om vi er forskjellige kome fram . Mangfaldet skal vere ein ressurs i det pedagogiske arbeidet, og det skal vere synleg. Det skal vere plass til ulike verdiar, religionar og livssyn. Det skal også vere rom til kulturskaping og at barna får bidra til dette (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9).

Noreg har skrivne under barnekonvensjonen og med det på at barn er likeverdige med vaksne (Forente nasjonar, 1989). I rammeplanen (2017) er likestilling og likeverd forandra frå å vere likestilling der fokuset var likestilling mellom kjønn (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 12) til at likestilling og likeverd er at barnehagen skal fremje likestilling og likeverd for alle ved å motverke diskriminering og fremje nestekjærleik. Alle barn skal ha like moglegheiter til å

delta i fellesskapet. Det står at personalet skal reflektere over sine egne haldningar.

Rammeplanen skriv om likestilling og likeverd i forhold til «*kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn*» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Berekraftig utvikling omfattar at barn skal ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Det er både natur, økonomi og sosiale forhold som ligg til grunn og er ein føresetnad for å kunne fortsette å leve slik vi gjer no. Derfor har barnehagen ei viktig oppgåve med å fremje verdiar, haldningar og praksis om eit berekraftig samfunn. Barn må forstå at det som vert gjort i dag får konsekvensar for framtida. Det står vidare at barnehagen skal bidra til at barna skal få verte kjende med naturen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10).

Livsmeistring og helse er det siste området i rammeplanen sitt verdigrunnlag denne studien tek for seg. Livsmeistring og helse er eit nytt tema i barnehage og skule, og regjeringa skriv at det er eit viktig satsingsområde når rammeplanen viser til andelen barn og unge som slit med psykiske plager og lidingar (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 41). Livsmeistring og helse viser til at barnehagen skal bidra til å utjamne sosiale forskjellar. Det viser til både barns fysiske og psykiske helse. Det står også om at barnehagen skal gjere tiltak om eit barn opplev mobbing eller krenking. Barnehagen skal vere ein trygg stad der barna får oppleve fellesskap og vennskap. Barna treng støtte i motgang og til å handtere egne kjensler, men også at barnehagen legg til rette for ro og kvile. Det skal vere rom for fysisk aktivitet og barnehagen skal gje eit grunnlag for matglede og sunne helsevaner. Det står til slutt om at personalet skal ha eit bevisst forhold til omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep og vite kva dei skal handtere det (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11).

Etter denne rammeplanen ynskjer den blågrønne regjeringa å styrke barnehagen som ein del av utdanningsløpet endå meir og legg fram Meld. St. 6- *Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO* (2019-2020). Her vert formålsparagrafane i skule og barnehage nemnt, og at som ei satsing for å auke kvaliteten i opplæringa skal SFO også ha eit verdigrunnlag (s. 103). I denne stortingsmeldinga skriv kunnskapsdepartementet at det er viktig at den enkelte skal få oppleve seg som verdifull for fellesskapet og samfunnet, samt at alle barn får den hjelpa dei treng tidleg slik at alle kan verte aktive samfunnsborgarar som deltek i arbeidslivet og bidreg til verdiskaping i landet (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 12). Regjeringa har som mål at alle barn og unge skal ha like moglegheiter til allsidig utvikling og læring, uavhengig av bakgrunn og forutsetningar. Noreg skal ha eit utdanningssystem som bidrar til at alle kan oppleve meistring og verdien av kunnskap og fellesskap (Meld. St. 6,

2019-2020, s. 9). No har ikkje SFO eigen formålsbestemminga fordi SFO ikkje reknast som opplæring i lovens forstand. Her meiner regjeringa at det er uheldig og at det skapast eit inntrykk av at verdigrunnlaget ikkje gjeld for SFO. Derfor ynskjer dei at verdigrunnlaget som er felles for skule og barnehage også skal gjelde for SFO (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 102).

Med desse stortingsmeldingane ser vi kvifor verdigrunnlaget i rammeplanen er utforma slik som det er. Barn og barndom er viktig for barnehagens eigenverdi. Gjennom heile tradisjonen er regjeringa einig om at barndommen må vernast om. Barn og barndom er sentralt i barnehagen sin tradisjon. Det er viktig å bevare barndommen og la barn vere barn. Demokrati og mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd har vorte meir vektlagt sidan 2011 når danning kom inn i rammeplanen og det vart lagt meir vekt på at vi skulle leve i eit mangfaldig samfunn. Berekraftig utvikling har også fått eit større fokus, og livsmeistring og helse kom for fyrste gong inn i rammeplanen i 2017. Under heile denne tida har dei ulike regjeringane hatt fokus på verdigrunnlaget og kor viktig det er for barnehagen å ha eit særskild verdigrunnlag for barnehagen.

2.2 Læreplanteori

Eg vil starte dette delkapittelet med å avklare omgrepa rammeplan og læreplan. Ein rammeplan for barnehagen er ein plan som seier noko om kva mål og innhald barna skal møte i barnehagen (Rønning, 2013, s. 13). I denne studien vert både omgrepa rammeplan og læreplan brukt. Både rammeplan og læreplan brukast til planlegging, gjennomføring, dokumentasjon og vurdering. Rammeplanen har kortare tradisjonar enn læreplanen (Rønning, 2013, s. 13). I fylje Rønning (2013) er rammeplanen ein læreplan. Dette grunnar ho i at læreplan er eit overordna omgrep (s. 14). *Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* gjev føringar for barnehagen sine mål og arbeidsmåtar (Kunnskapsdepartementet, 2017). Ein forskjell på læreplan og rammeplan, er at rammeplanen kan vere meir open i forhold til innhald, mens læreplanen gjev mindre friheit og rom for lokale variasjonar (Rønning, 2013, s. 14). Rammeplanen gjev friheit innanfor dei ramane som er gitt, og barnehagelæraren må tolke det som står og reflektere over innhaldet. Dette gjer at både barnehagen og barnehagelæraren får ein definisjonsmakt rundt kva dei meiner står i rammeplanen, eller at dei kan definere kva som er viktigast i rammeplanen (Nome et al., 2021, s. 58).

Ein læreplan i nordisk samanheng er den skrivne læreplanen til skulen. Dette meiner Rønning (2013) vert ei for snever forståing. I engelsk og amerikansk læreplanteori er omgrepet «*curriculum*» ikkje berre sjølv dokumentet, men også det som skjer i praksis (s. 14).

Gundem (2008) bruker omgrepet skjult læreplan, som er den læringa som skjer i kvardagen som det ikkje står om i læreplanen (s. 16). Den skjulte læreplan er ein uoffisielle læreplan som finst ved sidan av den skrivne læreplan. Den skjulte læreplanen er med på å forsterke korleis den offisielle læreplanen vert vektlagt, og inneheld normer og regler for korleis barna skal vere for å klare og oppfylle den skrivne læreplanen (Engelsen, 2006, s. 32). Ein læreplan er eit styringsdokument som er påverka av samfunnsutviklinga, og bak læreplanane ligg intensjonane og måla til dei som har skriva dei (Gundem, 2008, s. 115). Læreplanane er derfor politiske dokument, som gjev føringar frå myndigheitene. Myndigheitene har ein intensjon om verdiar som dei meiner samfunnet skal formidle, noko som gjer det viktig å ta omsyn til politikarane sitt livssyn, politiske og kulturelle oppfatningar av samfunnet i læreplanen. Alle læreplanar inneheld punkta mål, vurdering, innhald, arbeidsmåtar og rammer (Engelsen, 2006, s. 10). Ein læreplan må endrast saman med at samfunnet utviklar seg, men dette er utfordrande sidan det går lang tid på å implementere forstå ein læreplan, medan samfunnet utviklar seg raskt (Engelsen, 2006, s. 15). Implementering er å klare å bruke forskingsbasert kunnskap i praksis. Implementering handlar om korleis dokument og anna forskning vert forankra inn i barnehagen sin verksemd (Roland & Ertesvåg, 2018, s. 24). I fylje Goodlad sin læreplanteori (1979) er det tre områder som påverkar læreplanen. Det fyrste er det sosiopolitiske området som er samanhengen mellom læreplanen og samfunnet. Den andre er det teknisk-profesjonelle området som er dei menneskelege og materielle ressursane, og det tredje er det substansielle området som handlar om læreplanen sitt innhald (Goodlad, 1979, s. 30-37).

John Goodlad sin (1979) læreplanteori deler teorien om læreplanen inn i forskjellige nivå, og gjennom å sjå på dei ulike nivåa kan ein enklare reflektere over kva ledd som påverkar gjennomføringa av ein læreplan. Læreplanteorien til Goodlad er relevant for denne studien fordi den hjelper å gje kunnskap om utfordringane ved å bruke ein læreplan (Østrem et al., 2009, s. 122). Læreplanteori kan hjelpa med å gje kunnskap på kva utfordringar som er i forhold til å bruke ein læreplan. Goodlad (1979) skriv i sin teori at det er stor forskjell mellom læreplanteori og praksis. Det er derfor laga eit verktøy for å setje namn på nivåa og prosessane i ein læreplan. Slik kan læreplanen verte forstått av både teoretikaren og praktikaren. Teorien viser at ein læreplan er didaktiske refleksjonar som skjer på ulike arena og nivå. Nivåa er: Ideane læreplan, den formelle læreplan, den oppfatta læreplan, den iverksette læreplan og den erfarte læreplan (Goodlad, 1979, s. 60-64) Desse påverkar

kvarandre og har betydning for korleis læreplanen fungerer i praksis (sjå figur 1). Nå går vi vidare inn på kvart enkelt punkt for å sjå kva aktørar som påverkar kva ein læreplan er.



Figur 1 (Rønning, 2013, s. 17)

Ideanes læreplan er det fyrste punktet som handlar om alle ideane om kva som er viktig å ha med i ein læreplan, og er den faglege og personlege ståstaden til dei som lagar planen. Tradisjon, forskning, kultur og internasjonalisering verkar inn på ideanes læreplan. Dei som lagar planen har idear og visjonar for læreplanen og dei er ikkje alltid like (Goodlad, 1979, s. 60). Stortingsmeldingane viser at regjeringane har hatt mange meiningar om kva rammeplanen skal innehalde, nokon gonger er dei ikkje einige på dette stadiet. For eksempel i forslaget til Meld. St. 19 (2015-2016) la regjeringa føringar for at det skulle vere arbeid med språk i barnehagen som eit tiltak for å gjere barna meir klar til skulen. Det vart også lagt fram eit forslag om at den nye rammeplanen skulle innehalde tydeleg kva utbytte 5-åringane skulle ha med seg av språk og sosiale ferdigheiter før dei begynte på skulen (s. 10). Bae (2018) skriv om motstanden dette forslaget fekk i fagfeltet. Det var stor aktivitet i sosiale media, aviser og andre stader før denne meldinga skulle leggjast fram for stortinget. Ut av dette vart det eit debattmøte som utdanningsforbundet inviterte til der fagfolk kunne legge fram sitt syn på saken. Dei inviterte fagfolka argumenterte for at dei meinte leiken var trua, og var mest skeptiske til den språklege testinga. Det vart også laga ein underskriftskampanje som fekk over 7000 underskrifter og vart kalla «barnehageopprøret». Då meldinga var oppe i stortinget, avviste regjeringa forslaget om ein norm for språklege ferdigheiter barn bør kunne i barnehagen. Den endelege stortingsmeldinga inneheldt i staden fokus på å halde på den nordiske barnehagemodellen med vekt på leik og vern av barndommen sin eigenverdi (Bae, 2018, s. 42-43). Det kan vere ueinigheiter om ideanes læreplan, men målet er at det til slutt

vert lagt fram ein skriftleg plan som skal vere samlande. Dette er neste nivå som er den formelle læreplan.

Den formelle læreplan er dokumentet som har vorte vedteke. Det ferdige produktet er ikkje det same som ideanes læreplan fordi ideane kan vere ulike kvarandre, og det kan vere ulike meiningar om kva som er rett. Den formelle læreplanen skal vere heil og verke som samlande. Den formelle læreplanen må tolkast når den vert brukt. Er læreplanen vag gjer det større rom for tolking av dei ulike partane som brukar læreplanen (Rønning, 2013, s. 16).

Den oppfatta læreplan vert aldri lik for dei ulike brukarane av læreplanen. Dette er på grunn av tradisjonen, erfaringar, personlegdom og den sosiokulturelle samanhengen (Goodlad, 1979, s. 62). Den oppfatta læreplanen vil vere korleis barnehageeigarar, kommunen, foreldre/føresette og barnehagelæraren oppfattar planen (Rønning, 2013, s. 16).

Barnehagelæraren får ei definisjonsmakt i forhold til kva innhald læreplanen får og kva som vert gjort i praksis. Barnehagelærarens oppfatning vert styrande, men den oppfatta læreplan vert også påverka av den iverksette læreplanen (sjå figur 1) ved at barnehagelærarane opplev noko i praksis som gjer at dei oppfattar læreplanen på ein anna måte (Nome et al., 2021, s. 58).

Det fjerde nivået til Goodlad (1979) er den iverksette læreplanen, som er kva barnehagelærarane planlegg og tenker at dei skal gjere i kvardagen. Det inneheld gjennomføringa av dei planlagde aktivitetane, men også alt det som ikkje er planlagt, men som skjer i barnehagen (Goodlad, 1979, s. 62-63; Rønning, 2013, s. 17). Den daglege praksisen, korleis barnehagelærarane handterer spontane situasjonar, har noko å seie for korleis læreplanen vert iverksett i kvardagen. Korleis barnehagelærarane handterer kvardagen vert både påverka av verkelegheitsforståinga og verdiane deira. Den iverksette læreplan er det som vert gjennomført med barna, ikkje berre planlagt. Det vert påverka av fleire faktorar, både eigne førstningar, barnegruppa, fråvær og rammefaktorar (Gunnestad, 2014, s. 171).

Rønning (2013) skriv med bakgrunn i ei praksisforteljing der ein barnehagelærar skriv at ho kikkar i rammeplanen kvar månad når ho skal arbeide med fagområda, at barnehagelærarar er opptekne av å iverksette det som står i rammeplanen. Sjølv om barnehagelærarane brukar rammeplanen i planlegginga, skriv ho at det ikkje er alltid dei klarer å gjennomføre det som er planlagt (s.151). Rønning (2013) viser til at det ikkje er noko hjelp i ha fine planar om dei ikkje klarar å gjennomføre planane. Ho skriv vidare at det er ikkje hjelper mykje kva rammeplanen seier, eller kva intensjonar den har om barnehagelærarane ikkje har ressursar

nok til gjennomføre det (s. 151.) For å bruke ein rammeplan krevst det at barnehagelæraren har ein emne og vilje til å både lese, tolke og reflektere kritisk over den. På den måten vert planen meir enn ord på eit papir (Rønning, 2013, s. 173)

Den erfarte læreplan er det femte nivået og det er ikkje stort fokus på denne delen i denne studien på grunn av studiens formål og problemstilling. Den erfarte læreplan er den erfarte læreplan ifrå barn si verd. Barna veit ikkje kva som er intensjonen i dei skrivne planane, og kva barnehagelæraren har tenkt. Barna veit berre kva dei oppfattar og opplev i sin kvardag, og det er fyrst på dette nivået vi kan seie noko om rammeplanen har vorte iverksett (Goodlad, 1979, s. 63-64). Den skjulte læreplan er også sentralt i denne studien. Den skjulte læreplan er ein uoffisielle læreplan som finst ved sidan av den skrivne læreplan. Den skjulte læreplanen er med på å forsterke korleis den offisielle læreplanen vert vektlagt, og inneheld normer og regler for korleis barna skal vere for å klare og oppfylle den skrivne læreplanen (Engelsen, 2006, s. 32).

2.3 Oppsummering

I dette kapitlet har vi sett på stortingsmeldingar og rammeplanar som har vore med å påverke verdigrunnlaget i rammeplanen i dag. For å få eit overordna blikk på kva ein rammeplan er, har eg definert omgrepet rammeplan og læreplan. Vidare har eg presentert andre faktorar som er med å påverke verdigrunnlaget i rammeplanen. Dette er gjort ved å vise til Goodlad sin læreplanteori og vise historisk endring av innhaldet i rammeplanen. Vidare nå vert teoretiske perspektiv til denne oppgåva presentert med ulike studiar gjort på verdier i barnehagen.

3 Teoretiske perspektiv

Teorien som vert presentert har sin hensikt å finne påverknadar og faktorar som kan grunnje eller setje lys på barnehagelærarane sin forståing og operasjonalisering av verdigrunnlaget. Eg vil fyrst gå gjennom teori verdørande verdier. Vidare vert det belyst nokon studiar om verdiane som er i verdigrunnlaget i rammeplanen.

3.1 Verdier

Som eg skreiv om i innleiinga er eit verdigrunnlag er ein sum av verdier som ein barnehage arbeider med. I denne studien vert Halstead & Taylor (2000) sin definisjon på kva ein verdi er brukt. Dei hevdar at ein verdi er kva som vert oppfatta som eit mål om at noko er verdifullt (s. 170). Det er kva menneskje oppfattar som godt eller vondt, bra eller dårleg, rett eller feil, fint eller stygt. Verdier har ein sosial dimensjon og påverkar våre liv uavhengig av om vi er bevisste eller ubevisste på dei. Verdier vert laga, forandra via språk, vaner og sosiale samspelsmønstre. Halstead & Taylor (2000, s. 170) hevdar at ein verdi kan vere verdifull i ei gruppe i samfunnet, men ikkje vere verdifull i ei anna fordi menneskelege forhold påverkar verdiane, og peikar vidare på at menneskje forhold seg til dei verdiane som vert kommunisert til dei, men at dei tolkar dei ut frå sin eigen forståing. I kvardagen i barnehagen vert det kommunisert verdier, og barnehagen vert derfor ein viktig arena for barn til å forstå og lære om verdier. Både rammeplan og barnehagelova er tydeleg på verdigrunnlaget og kva verdier som skal fremjast i barnehagen. Rammeplanen trekk fram at personalet skal identifisere verdikonfliktar i kvardagen, reflektere over verdiprioriteringar og haldningar og ha eit bevisst forhold til korleis desse kjem til uttrykk i arbeidet med barna (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 55).

Rammeplanen og barnehagelova sin formålsparagraf er tydelege på kva verdier barnehagen skal byggje på. Det er gjort studiar på kva verdier som det vert oppmuntra til i barnehagen. Ein studie i Sverige undersøkte kva verdier barnehagelærarane eksplisitt og implisitt oppmuntra til, og korleis barnehagelærarane kommuniserte verdiane til barna. Det var gjort videoobservasjon av 46 barn og ti barnehagelærarar. Funna i denne studien var at barnehagelærarane oppmuntra til verdier som vert kategorisert i tre kategoriar: disiplin, omsorg og demokratiske verdier (Emilson & Johansson, 2009, s. 65). Det omsorgsfulle barnet skal ikkje skade nokon, men ha omsorg for andre og hjelpe andre. Denne verdien gjorde at alle barna måtte handla på ein bestemt måte. Det demokratiske barnet tek eit skritt fram og påverkar kvardagen i barnehagen. Denne påverkinga er ikkje noko som barna berre tek, men

må stimulerast til av barnehagelærarane. Disiplinverdiane er at barna skal høyre på beskjeder og gjere slik som dei vaksne seier. Dei skal vere sjølvstendige, men også fylje ein beskjed. Studien seier vidare at funna var at verdiar innanfor omsorg og disiplin krev at barna gjer noko. Dei demokratiske verdiane gjev ein moglegheit for handling, men barnet må ikkje gjennomføra handlingane. Desse verdiane kan gjerast på barna sine premisser (Emilsson & Johansson, 2009, s. 72).

Ein annan studie frå Noreg om verdiar vart kalla «*verdiprojektet*». Dette prosjektet starta hausten 2010 og haldt på i to barnehageår. I «*verdiprojektet*» var det viktig å respektere deltakarane sin kunnskap og dei tilsette i barnehagane var med på å lage mål og arbeidsmåtar i prosjektet. Prosjektet hadde eit todelt mål, det det eine var at dette var eit forskingsprosjekt, men det var også ein utviklingsdel i prosjektet. I forskingsdelen var målet å undersøke på kva måtar det pedagogiske arbeidet med verdiar kjem til uttrykk i kvardagen i samspel med tilsette i barnehagen og barna. Utviklingsdelen hadde som mål å støtte dei tilsette i arbeidet med verdiar med utgangspunkt i dei verdiane som var viktige for dei, men også dei verdiane som var viktige for barn. Målet med prosjektet i heilheit var å få kunnskap om verdiar i barnehagen. Forskarane såg på kva verdiar som vart kommunisert mellom vaksne og barn og korleis desse verdiane vart kommunisert. Det var sju barnehagar med i studien som inkluderte 230 tilsette og 650 barn (Johansson et al., 2014, s. 17). I prosjektperioden arbeidde dei tilsette i barnehagane med verdiar på ulike måtar, og dei fekk god støtte av forskarane støtta og utfordra arbeidet utan å kome med ei ferdig løysing, og det vert arrangerte seminar og inspirasjonsdagar for dei tilsette. Det var ei barnegruppe i kvar barnehage som vart systematisk fylgt opp ved hjelp av forskjellige forskingsmetodar (Johansson et al., 2014, s. 11). I «*verdiprojektet*» vart omsorg identifisert som ein verdi som viser seg å vere viktig for dei vaksne i barnehagen. Denne verdien vart ofte kommunisert i samspel mellom barn og vaksne (Johansson et al., 2014, s. 195). Andre verdiar forskarane fann var demokratiske og effektiviseringsverdiar, men også at det var sterk vekt på omsorg. Eit anna funn i studien var at det var tydeleg at dei tilsette hadde størst fokus på individuelle verdiar, sjølv om dei også ser dei kollektive verdiane. Dette fører til at dei tilsette i barnehagen står i eit motsetningsforhold mellom individ og gruppe (Johansson et al., 2014, s. 204). Her ser forskarane også ei endring på deltakarane etter at dei har vore med i studien. Det er spesielt nemnt ei forandring til eigne verdiar, fordi tilsette har fått meir kunnskap om verdiar og eit språk til å snakke om desse verdiane. Dei tilsette har også lært seg metodar for korleis fellesskapet kan arbeide med verdiar i barnehagen. Her understrekar forskarane at

praksisfortellinga si rolle til å tileigne seg denne kunnskapen er ein viktig inspirasjon til refleksjon (Johansson et al., 2014, s. 209).

Ut frå dette forskingsprosjektet vart det skriva ei bok kalla «*verdipedagogikk i barnehagen*» (Johansson et al., 2015). I denne boka definerer forfattarane omsorg empirisk og at omsorg er ein verdi (Johansson et al., 2015, s. 122). I boka vart det spesielt framheva dei tre verdifelta som har vore viktige for studien, det demokratiske, det etiske og det disiplinerande verdifelta. (Johansson et al., 2015, s. 212). Det etiske verdifeltet er omsorgsverdiar og tryggleik. Det demokratiske verdifeltet er barns rettigheter og deltaking i fellesskapet, sjølvutfolding. Det disiplinerande verdifeltet er orden og regelverk i barnehagen, både direkte og indirekte. Effektivitetsverdiar er etter forskarane si tolking knytt til resultat og prestasjonar, og på kva måte barnehagen som organisasjon fungerer, samt kva krav som vert stilt (Johansson et al., 2015, s. 25-35). I studien ser forskarane demokratiske verdiar som inneber å delta i eit fellesskap. Forskarane ser at det er ein norm i barnehagane at «*alle skal vere med*». Studien viser også at demokratiske verdiar ikkje er like framtrekande i samspel som omsorg (Johansson et al., 2015, s. 221). Vidare skriv forskarane at i verdiarbeidet må det profesjonelle nivået også inkluderast, ikkje berre vere basert på det personlege. Dette skjer ikkje av seg sjølv, men dei tilsette må arbeide med dette systematisk. Arbeidet med verdiar kan stoppe på det personlege og intuitive nivået, derfor må barnehagelærarane drive arbeidet mot ein profesjonell kompetanse. Verdiar må diskuterast og utfordrast og tidlegare verdiar må revurderast (Johansson et al., 2015, s. 233-234). Forskarane i denne studien skriv også om at det trengst eit språk og ein bevisstheit på kva verdiar som barna skal i inkluderast i, og korleis dei tilsette treng erfaring på kva måte dei kan synleggjere arbeidet med verdiar i kvardagen (Johansson et al., 2015, s. 235). Arbeidet med verdiar handlar ikkje berre om kvardagen i barnehagen, men at barn skal ansvarleggjerast for framtida (Johansson et al., 2015, s. 239).

I 2013 vart «*verdiprosjektet*» utvida til eit nordisk prosjekt om verdiar i barnehagane i Danmark, Finland, Island, Noreg og Sverige «*Values Education in Nordic Preschools. Basics of Education for Tomorrow*» (ValuEd1). I dette prosjektet vart verdiar utforska på to ulike nivå, frå nordisk til nasjonalt nivå i dei politiske dokumenta, barnehagemiljøet og for dei ulike individa i barnehagen (Johansson et al., 2018, s. 2). På barnehagemiljønivået ynskja forskarane å undersøkje barnehagelærarane sine verdiar i praksis. Studien var eit deltakande aksjonsforskningsprosjekt, som inkluderte 49 nordiske barnehagar, ca. 491 barnehagelærarar og 1940 barn. Totalt deltok 25 nordiske forskarar (Johansson et al., 2018, s. 8). I denne ValuEd1-studien skriv Fugelsnes (2018) eit kapittel som omhandla korleis omsorg vert

kommunisert, og korleis den vert motteken gjennom samspel med barnehagelærar og barn i barnehagen. Funna viser at barnehagelærarane kommuniserer omsorg, og at omsorg vart kommunisert i augekontakt, handling, fysisk kontakt, kroppskontakt, smil, latter, ord og stemmeleie, samt via leik og at dei vaksne var aktivt deltakande i leiken. Studien påvisar vidare at barnehagelæraren ser på seg sjølv som ein nøkkelperson i å kommunisere omsorg. Barna kommuniserte omsorg tilbake til barnehagelæraren, men det var ikkje alltid barnehagelæraren klarte å fange dette opp, hevdar Fugelsnes, (2018, s. 196). Fugelsnes påvisar vidare at i relasjonar mellom vaksne og barn vil alltid omsorg plassere den vaksne i ein posisjon der barnet vert avhengig av den vaksne. Denne avhengigheita skaper ein asymmetri i relasjonen (s. 187).

Johansson (2018) skriv i eit kapittel i denne studien at det er ikkje berre er fagfolk sitt ansvar å arbeide med verdiar, men det er like viktig for dei som tek slutningar i samfunnet. Ho skriv at forskarane i denne studien sitt inntrykk er at debatten står stille rundt dette med at barn skal utvikle verdiar som solidaritet og demokrati. Dei ser heller at det er verdiar som er knyta til individualisere, kunnskap og effektivisering som har prioritet i dei offisielle debattane om barnehagen (s. 50). Vidare hevdar Johansson (2018) at verdiar som er basert på mangfald, demokrati og fellesskap kan ikkje verte teke for gitt, men dei må forsvarast og arbeidast med (s. 50).

Som vi ser at desse studiane er omsorg er ein sentral verdi i barnehagen sjølv om omsorg ikkje er ein del av verdigrunnlaget i *rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* er den med som ein viktig del av barnehagen og rammeplanen. Mange forbinder omsorg med praktiske handlingar. Tholin argumenterer for at praktiske handlingar som bleieskifte og påkledning ikkje er omsorg (Tholin, 2013, s. 134). Ho seier at praktiske handlingane med barn kan gjerast utan omsorg, men at desse handlingane kan brukast til å skapa gode omsorgssituasjonar og omsorgsrelasjonar prega av godheit og kjærleik. Derfor meiner Tholin at det er for upresist og feil at stell, måltid og påkledning er omsorg i seg sjølv. Ho seiar at alt kan ha omsorgspotensial i seg, men det betyr ikkje at det er det. Føresetnaden for omsorg er at barnet vert rørt ved og stadfesta, men praktiske tiltak kan ikkje i seg sjølv garantera for at dei vert gjort i omsorg (Tholin, 2013, s. 135).

Eidsvåg (2021) har drøfta omsorg i eit etisk perspektiv og skriv omsorg som ein verdi. Den aktuelle studien baserer seg på intervju av sju barnehagelærarar om erfaringar frå arbeidet deira. Han skriv at utgangspunktet for barnehagelærarane sin profesjonelle omsorg finst i rammeplanen. Det er barnehagelova og rammeplanen som skildrar kva oppgåver

barnehagelæraren skal ivareta fordi barnehagelærarane utførar ei oppgåve på vegne av samfunnet. Han påpeiker også at rammeplanen ikkje nemner omsorg i sitt verdigrunnlag, men det står som eit krav for å ivareta barnas behov og lære barna omsorg, og er derfor ein del av det pedagogiske arbeidet (Eidsvåg, 2021, s. 203-204). Eidsvåg (2021) skriv at sjølv om omsorg ikkje er ein del av verdigrunnlaget så seier rammeplanen at omsorg er ein føresetnad for barna sin tryggleik og trivsel, og for at barna skal lære seg kjærleik og empati. Han tolkar dette som at rammeplanen definerer omsorg som eit behov (s. 41).

Han bruker vidare omgrepet «*berekraftig omsorg*» som eit omgrep som best fange opp kva ein god omsorgspraksis i barnehagen inneheld (Eidsvåg, 2021, s. 29). Eidsvåg (2021) skriv at berekraftig omsorg er både ein praktisk ferdighet og ein mellommenneskelege haldning. Barnehagen er eit omsorgsfellesskap som barnehagelæraren har eit ekstra ansvar for at fungerer. Han skriv også at for å få til det er det nødvendig med støtte frå leiinga og å ha gode ramar slik at barnehagelæraren klarar å gjennomføre det som står i rammeplanen for barnehagen (Eidsvåg, 2021, s. 214). Berekraftig omsorg vises ved at fellesskapet fungerer slik at individet klarar å ta vare på seg sjølv. For å få til det krevst det refleksjon over handlingar og eit engasjement over kva som vert gjort. Då vert ikkje berre berekraftig omsorg ein ferdigheit som vert brukt på arbeid, men det vert ein del av barnehagelæraren sin identitet. Den berekraftige omsorga vert ein del av fagkunnskapen og yrkesstoltheita. Det vil føre til at det vert ein personleg praksis til å vere ein god barnehagelærarar (Eidsvåg, 2021, s. 212). Eidsvåg (2021) hevdar at om barna skal forstå berekraftig utvikling treng dei verdien omsorg, fordi barna skal ta vare på seg sjølv om naturen. Det same gjeld for livmeistring og helse fordi då må barna kunne ta vare på seg sjølv og andre (s.40).

Eidsvåg (2021) skriv også om omgrepet avmakt som han definerer som fråvær av positiv makt. Positiv makt ser han på som ein moglegheit til å forandre noko til det betre (s 171). Han skriv vidare om ei avmakt barnehagelærartilsette kan kjenne på sidan dei berre kan vere med å påverke struktur innan barnehagen. Dei kan ikkje påverke føringar i frå rammeplanen og barnehagelova. Dei har heller ikkje kontroll på økonomi, talet på barn på avdelinga, kva kollegar dei har og utdanninga til kollegane, vikarbudsjetten og korleis vaktene er. Eidsvåg (2021) skriv også at kva pedagogisk opplegg som skal verte brukt også ofte er utanfor barnehagelæraren si makt. Sjølv om det er veldig mykje barnehagelærarane ikkje styrar, har dei ansvar for barna, og dei har eit ansvar for at rammeplanen sine føringar vert gjennomført og at det er noko som kan forklare at dei kjenner på avmakt (Eidsvåg, 2021, s. 171). Det er også skildra korleis manglande rammevilkår direkte påverkar dagane i barnehagen. Dei

barnehagetilsette får med små rammer dårlegare vilkår til å fokusere på omsorg og nærvær, og må i staden bruke tida si på praktiske oppgåver. Frustrasjon over utfordringane med knappe ressursar har blitt ytra av fleire barnehagetilsette i samfunnsdebatten (Eidsvåg, 2021, s. 214). Eit døme på dette er «*barnehageopprøret*», der tilsette i barnehagen bruker det offentlege rom til å seie ifrå at bemanningsnorma er for dårleg (barnehageoppror.com).

3.2 Studiar gjort på deler av verdigrunlaget i rammeplanen

Det er gjort forskning på systematisk arbeid og bruk av praksisfortellingar til refleksjon over pedagogisk arbeid. Lunde (2018) skriv at det er eit behov for systematisk arbeid med omgrep i rammeplanen, spesielt omgrepet omsorg, fordi alle har ulike utgangspunkt for å vere omsorgsgivarar. Ho skriv vidare at haldningane våre er med på å bestemme kva som vert gjort i handlingar (s. 111). Rønning (2013) skriv at ein måte å arbeide systematisk med rammeplanen å bruke pedagogisk dokumentasjon som både undersøker barnehagen kritisk og kreativt (s. 121). Ein sjanger som er mykje brukt som pedagogisk dokumentasjon er praksisfortellingar (s. 130). Birkeland (2007) skriv at ei praksisforteljing er ei forteljing frå praksis. Den skildrar noko som personen som skriv forteljinga har observert frå den sitt perspektiv (Birkeland, 2007, s. 137). Ei praksisfortelling er denne personen sitt subjektive syn på episoden, og kan derfor skrivast i ettertid. Praksisfortellingar er eit godt verktøy for å skape bevisstheit rundt verdiar (Johansson et al., 2015, s. 138). På den måten vert kunnskapen i det praktiske arbeidet skrivne ned og det er mogleg å reflektere over verdiar som pregar praksisfortellingane.

I forhold til studiar elles om verdiar i verdigrunlaget er det gjort ein studie som undersøkte korleis kjønn vises i norske barnehagar. Datamaterialet som er brukt i denne studien er observasjonar gjort av studentar i barnehagar i løpet av ein periode på tre veker. Det er 40 observasjonar i 20 barnehagar. Resultata av studien viser at dei tilsette i barnehagen bidreg til å vedlikehalde kjønnsstereotypar. Forfattarane såg at gutar og jenter vert behandla ulikt (Meland & Kaltvedt, 2019, s. 94). Det er også vist at tilsette har visse forventingar i møte med gutar og jenter, og ser forskjell på korleis dei tilsette responerer til utsjånad, viser omsorg og kva slags merksemd barna får (Meland & Kaltvedt, 2019, s. 97-99)

Vidare vil eg presentera ein studie der det er sett etter omgrepet berekraftig utvikling i 30 årsplanar lasta ned vilkårleg frå internettet, og gjennomført ein dokumentanalyse av dei.

Funna i studien er at 18 årsplanar ikkje inneheldt noko om berekraftig utvikling. Og i tre av dei som inneheldt berekraftig utvikling, var det inga forklaring på kva berekraftig utvikling var, berre sitat frå rammeverket. Seks nemner at barnehagen er viktig i forhold til at barna forstår berekraftig utvikling (Meland, 2021, s. 9-11). Meland (2021) hevdar at berekraftig utvikling er eit moteord/«*buzzword*» som ho definerer som eit ord som vert brukt, men som barnehagelærarane ikkje har forstått innhaldet i. Eit moteord kan vere vanskeleg for barnehagelærarane å definere og vise, spesielt å operasjonalisere (s. 11). Det som vert nemnt i nokon av årsplanane kva berekraftig utvikling er, og då er at det er søppelhandtering, det å vere ute, og omtanke for andre. Meland (2021) skriv at økologi er ein nøkkel når barn skal blir introdusert for berekraftig utvikling (s.11), og at mangel på kunnskap vil på lang sikt påverke operasjonalisering av rammeplanen som er barnehagelærarens daglege samspel med barna. Ein konsekvens av at det er mangelfullt fokus på berekraftig utvikling, er at det vil vere stor variasjon mellom barnehagane på kva barna lærer om berekraftig utvikling (Meland, 2021, s. 9-11). Bae (2019) skriv at samfunnsutvikling og klimaendringar har gjort det viktig at barnehagane fremmer haldningar som gjer det mogleg for barna å utvikle ei vurderingsevne og tenke kritisk rundt miljø og berekraftig utvikling. Barna må kunna bidra til endringar i forhold til menneskjer, natur og miljøet i ei meir berekraftig retning (Bae, 2018, s. 207).

Det har kome ut fleire bøker om forskning i forhold til Livsmestring og helse etter at rammeplanen 2017 kom ut. Drugli og Lekhal (2018) har skrivt boka *livsmeistring og psykisk helse*. I denne boka vert livsmeistring omtala som dei positive kreftene i barna sine liv. Dei positive kreftene er tryggleik, leik og meistring i kvardagen (s. 31). Drugli & Lekhal (2018) skriv at barnehagar har eit viktig arbeid i å fremme psykisk helse og livsmeistring ved å gje barna gode opplevingar og positive erfaringar i kvardagen. Dei skriv vidare at ein barnehage med god kvalitet er helsefremmande og at barna må få hjelp til å stå i vanskelege situasjonar (s. 103). For å vere ein god omsorgsperson, må barnehagelæraren ta omsyn til barnet sin kapasitet og behov i kvart tilfelle, noko som hjelper barnet til å regulere nervesystemet (Drugli & Lekhal, 2018, s. 58). Psykisk helse er at barn har det bra og opplev ei overvekt av positive kjensler og ein god livskvalitet (s.32). I den same boka skriv Plischewski (2018) at barnehagen må ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon. Med helsefremmande meiner han initiativ som strykar både fysisk og psykisk helse, og med førebyggjande er det å redusere sjukdom og lidning ved å avgrense eller avverje moglege risikofaktorar (s. 35). Klarar barnehagen dette vil det kome samfunnet til gode (Plischewski, 2018, s. 38).

Vidare er barn og barndom ein sentral verdi i denne studien. Barn og barndom er viktig for barnehagens eigenverdi. Gjennom heile tradisjonen er regjeringa einige om at barndommen må vernast om. Barn og barndom står sentralt i barnehagen sin tradisjon, kor fokus er på at det er viktig å bevare barndommen og la barn vere barn. Sommar (2012) definerer to sentrale perspektiv på barn, barneperspektiv og barns perspektiv. Barneperspektiv er eit perspektiv der den vaksne retter merksemda mot barnet for å forstå barnet. Det er den vaksne som lager dette perspektivet ved å prøve rekonstruere barnet sitt perspektiv. Sjølv om den vaksne prøver å forstå barnet si oppleving, vil alltid den vaksne si forståing av barnet vere ein del av perspektivet. Barns perspektiv er på den andre sida barnet sine opplevingar, forståingar og erfaringar i frå barnet sitt eige syn. Når den vaksne har barns perspektiv ser han barnet er eit subjekt i sin eigen verden. (s. 55-56). Bae (2018) skriv også at det viser i fleire av dei offentlege utredningane og stortingsmeldingane at barn og barndom er viktig i samanheng med at kvaliteten i barnehagane skal styrkast. Ho peiker på at eit problem med arbeid med kvaliteten er at om dei skildrar kvalitet for generelt og utan presiseringar, er det vanskeleg å seie om tiltaka er skrivne med tanke på barns beste eller om det for eksempel er økonomiske interesser eller eigarinteresser som ligg bak. (s. 27).

3.3 Oppsummering

I teorikapitlet har eg presentert eit relevant utval av forskinga som er gjort på verdiar som er kommunisert i barnehagen og på enkeltemne i rammeplanen. Eg har skrivne om teori som studien er forankra i, hovudsakleg forskning på verdiar. Det er reiegjort for eit stort verdiprosjekt som er begynt i Noreg, men som vert utvida til å vere eit internasjonalt prosjekt. Der har dei undersøkt kva verdiar som vert formidla i barnehagen. Vidare har eg reiegjort for forskning om omsorg, og Eidsvåg (2021) som skriv om berekraftig omsorg. I del to i den teoretiske forankringa er det lagt fram ulike forskingar på enkelte verdiar i verdigrunnlaget i rammeplanen. Det er lagt fram forskning på likestilling og likeverd, berekraftig utvikling, livsmeitring og helse og barn og barndom. Eg har valt bøker og studiar av anerkjente forskarar, og fokusert på at den inkluderte litteraturen er mest mogleg forankra i anna forskning. Ei utfordring med arbeidet var at det finst lite forskning på verdigrunnlaget i rammeplanen. Eg vil difor ikkje kunne knytte funna mine direkte opp mot litteratur på verdigrunnlaget i heilheit, men at det er lite tidlegare forskning på verdigrunnlaget i rammeplanen gjer på den andre sida arbeidet med oppgåva desto meir interessant. I kapittel 4 vert det skrivne om dei metodologiske betraktningane eg har gjort i forhold til denne studien.

4 Metode

I denne delen gjer eg greie for og grunngjev mine val for metodar i studien. I fyrste del vert designet presentert med forskingsmetode, vitskapleg retning og val av metode for datainnhentinga. Det vert vidare gjort greie for prosessen med utarbeiding av intervjuguide, utvalet av barnehagelærarar og gjennomføring av intervju. Konstruksjon av data kjem som neste del der eg skriv om transkribering og analyseprosessen som er gjort for å finne dei ulike funna. I den siste delen vert det skrevet om validitet og reliabilitet på studiet og reflektert over forskningsetiske problemstillingar som eg har komet opp i gjennom forskinga.

4.1 Design

4.1.1 Kvalitativ forskingsmetode

Problemstillinga mi i denne oppgåva er «*Korleis vert verdigrunnlaget i rammeplanen for barnehagen (2017) forstått og operasjonalisert av barnehagelærarar i to forskjellige barnehagar?*» Med bakgrunn i denne har eg valt å samle inn data gjennom kvalitativ forskingsmetode. Dette har eg valt fordi eg har forska på måten barnehagelærarar operasjonaliserer verdigrunnlaget. I ein kvalitativ metode har eg som forskar meir moglegheit til å gå inn å spørje vidare om tema som kjem opp, og som er interessant for forskinga. I kvalitativ metode er det fokus på nærleik og observasjon av færre objekt, og som forskar er ein nærmare det som det vert forska på. Forskingsarbeidet er prega av relasjonar. Dette gjer denne metoden meir fleksibel, sidan ein kan endra spørsmål eller synsvinkel i datainnsamlinga (Thagaard, 2013, s. 16). På denne måten kan ein finne ut kva menneskjene lærar, korleis dei handlar, veit og tenkjer om seg sjølv og korleis dei forstår seg sjølv som personar i forhold til kulturelle, daglegdagse og situerte aspekt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 30). Thagaard (2013) hevder midlertidig at sjølv om ein forskar kan vere friare i datainnsamlinga i ein kvalitativ studie, er likevel systematikk og innleving viktige sider (s. 14).

Litteratursøket vart gjort i den digitale basen Oria. Søk som vert gjort var på verdiar. Eg har også prøvd og kombinere søkeorda verdigrunnlag og rammeplan for å få forskning rundt verdigrunnlaget i rammeplanen. Søkeord eg brukte var, verdigrunnlag, rammeplan, barnehage, barnehagelærar, preschool, verdi, values, og kindergarten. Med bakgrunn i søk i databasen fann eg at det ikkje er så mykje forskning på verdigrunnlaget i rammeplanen. Det er derimot gjort ein stor studie på verdiar i barnehagen og verdiane til dei tilsette i barnehagen (Johansson et al., 2014). Det er gjort nokon studiar på dokumentet rammeplanen og då er

verdigrunnet eit naturleg del av dette. Vidare vart det viktig å få fram læreplanteori for å verkeleg forstå kva som ligg bak barnehagelærarane sin operasjonisering av verdigrunnet. Eg søkte vidare i Oria på skule, læreplan, læreplanteori og curriculum for å utvide og få fleire treff.

4.1.2 Vitskapleg retning

I kvalitative studiar er det viktig å ha klare refleksjonar over det ontologiske perspektivet, sidan det er forskaren som gjer datainnsamlinga, analysen og tolkinga (Johannessen et al., 2016, s. 51). I følgje Johannessen handlar ontologi om kva verkelegheit er og korleis den ser ut (Johannessen et al., 2016, s. 41). I mine metodologiske vurderingar, har eg valt å ha ei hermeneutisk tilnærming i datainnhentinga som handlar om at eg som forskar tek utgangspunkt i barnehagelærarar sine meiningar og tolkar det utifrå eigen kunnskap og verkelegheitsforståing. Hermeneutisk tilnærming legg vekt på at det ikkje er noko sanning, men at fenomen kan tolkast og at denne tolkinga skjer på ulike nivå. Tolking er noko vi som sosiale aktørar gjer heile tida (Gilje & Grimen, 1993, s. 142; Thagaard, 2013, s. 37). Alt vi tolkar forstår vi på grunnlag av forutsetningane og tidlegare erfaringar (Gilje & Grimen, 1993, s. 148). I analyseprosessen har eg brukt den hermeneutiske sirkelen for å forstå faktorane som påverkar tolkinga og forståinga av materialet. Den hermeneutiske sirkelen viser at det som vert tolka inneheld både ein heilheit og deler som påverkar kvarandre og meininga med innhaldet. Derfor må vi sjå på samanhengen i heilheitene for å forstå meininga. Tolkinga vert med det sirkulær, fordi delane er med på å påverke kvarandre. Eg som forskar påverkar informasjonen, men informasjonen påverkar også meg (Gilje & Grimen, 1993, s. 153). Den hermeneutiske sirkelen vert skildra som ein spiral fordi forskaren aldri vert ståande på same stad i fortolkingsprosessen fordi det er ikkje mogleg å gå tilbake til der du var før fortolkinga begynte (Gilje & Grimen, 1993, s. 155). På grunn av at mi problemstilling handlar om at eg ynskjer å finne ut korleis barnehagelærarane operasjoniserer verdigrunnet, vil eg prøve å forstå korleis intervjuobjekta forstår verdigrunnet. Under heile studien har eg vore bevisst på mitt syn på verkelegheita og korleis det kan påverke datainnsamlinga slik at eg sikrar at det er barnehagelærarane si meining som kjem fram.

4.1.3 Det kvalitative forskingsintervjuet

I datainnhentinga vert det brukt semistrukturert forskingsintervju. Semistrukturerte intervju prøver å få innblikk i intervjuarens perspektiv, synspunkt og erfaringar (Thagaard, 2013, s. 89). Intervjuet har tema som skal belysast og forslag til spørsmål, men intervjuar kan styra meir kva som skal verte sagt kva tid og formulere spørsmål i intervjuet. I semistrukturert

forskinsintervju må forskaren vere bevisst si eiga rolle, sidan intervjuet vert prega av samspelet mellom personane som deltek i intervjuet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 18). Det var viktig for meg å vere godt førebudd til sjølve intervjuet. I eit semistrukturert intervju har forskar mykje påverkningskraft, sidan ein kan velja kva spørsmål som det skal gå nærmare inn på. Det krev stor ferdigheit hjå intervjuar, både å kunne noko om temaet frå før av, men også å kunne vere objektiv nok, slik at intervjuobjektet sine meiningar og tankar kjem fram (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 35). I denne studien vert det brukt delvis strukturert tilnærming, der eg hadde nokon spørsmål klar på førehand, men spørsmåla vart endra etter kvart som barnehagelæraren svarte. Dette brukte eg for å både få fram barnehagelæraren si forteljing og få belyst problemstillinga (Thagaard, 2013, s. 91).

4.2 Intervjuet

I forkant av intervjuet utarbeida eg ein intervjuguide. Ein intervjuguide er ei liste over tema og spørsmål som skal brukast i intervjuet. Intervjuguiden er basert på problemstillinga i studien og er utforma slik at forskaren kan finne deltema som igjen kan utdjupast (Johannessen et al., 2016, s. 147). Intervjuguiden var utgangspunktet til intervjuet, men fokuset i spørsmåla vart forandra alt etter kva barnehagelærarane svarte. Intervjuguiden ligg ved som vedlegg (vedlegg 3)

4.2.1 Utval

For å rekruttere kandidatar, tok eg kontakt med ein barnehagelærar og hadde kjennskap til, som brukt sitt nettverk til å finne informantar. Eg hadde ein døropnar som hjalp med å finne barnehagelærarar. Døropnar er nokon som er med og gjev tilgang til forskingsfeltet (Homan, 2002, s. 321). Alle barnehagelærarane var personar som eg ikkje kjende. I ein kvalitativ studie er det vanskeleg å velje utval. Å finne ein god balanse mellom informasjonsmengd og moglegheit til grundig nok analyse er ikkje lett. Eg valde å inkludere seks barnehagelærarar i to forskjellige barnehagar i min studie. Barnehagane var i ein by i Noreg, som ikkje var kjend for meg. Barnehagane hadde ulik størrelse og eigarstruktur, ein kommunal og ein privat. Den eine barnehagen var ein idrettsbarnehage, den andre var ein vanleg barnehage, noko som pregar funna i denne studien. Eit kriteriet når eg fann intervjuobjekt var at dei skulle vere personar som var utdanna som barnehagelærar.

Her er ein oversikt over barnehagelærarane:

Barnehage 1, idrettsbarnehage

Barnehagelærar 1: 30 år med 2,5 års erfaring.

Barnehagelærer 2: 27 år med 2,5 års erfaring.

Barnehagelærer 3: 25 år med 0,5 års erfaring

Barnehage 2, kommunal barnehage

Barnehagelærer 4: 31 år, med 8,5 års erfaring

Barnehagelærer 5: 39 år, med 6 års erfaring

Barnehagelærer 6, 32 år, med 1,5 års erfaring.

Alle barnehagelærarane vert omtala som barnehagelærarar i denne studien, sjølv om noko av dei arbeidde som pedagogiske leiarar. I resultatdelen vert det brukt hankjønn på alle.

4.2.2 Gjennomføring

Tolkinga startar allereie i intervjuet, og intervjuar må vere observant på ledande spørsmål. Det er ikkje lett å få til eit godt intervju på fyrste forsøk, derfor øva eg og hadde eit prøveintervju for å prøve ut spørsmåla og for å vere godt førebudd. Prøveintervjuet vart gjennomført med ein barnehagelærer som eg kjende. Etter prøveintervjuet hadde vi ein samtale om måten spørsmåla vart stilte på, om fokuset skulle vere på notering eller blick-kontakt, og korleis det var for barnehagelæraren å verte intervjuet. Dette var erfaringar som eg brukte i intervjurunden. Det vart også vurdert om spørsmåla skulle justerast, noko som ikkje vert gjort. I mine intervju brukte eg lydopptak. På denne måten kunne eg ha fullt fokus på barnehagelæraren ved aktiv lytting og følgje opp med utdjupande spørsmål. Eit lydopptak kan hjelpe forskaren med å konsentrere seg som sjølve intervjuet (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Sjølv om barnehagelæraren er ein ukjend, er det viktig å skape ein god relasjon, slik at den føler seg komfortabel nok til å svare ærleg på spørsmåla (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 108). Eg prøvde å skape ei god stemning og forklarte alle at eg var ute etter deira tankar og erfaringar om verdigrunnlaget, derfor var det ikkje noko svar som var rett eller galt. Alle intervjuet varte i ca. 30 minuttar. Det viste seg likevel å vere noko utfordrande å få gjennomført intervjuet. Målet var å få gjennomført i slutten av januar, men på grunn av pandemien var det stort fråvær i barnehagane på denne tida slik at det var vanskeleg å få folk til å stille. Derfor vert intervjuet utsett to gongar, men gjennomført i februar. I sjølve gjennomføringa fekk barnehagelærarane ha overskriftene i verdigrunnlaget i rammeplanen framfor seg under store delar av intervjuet, noko som var med å påverke svare dei gav. Eg gav deg sjølve rammeplanen, men dei fekk berre sjå på innhaldslista der det står om

barnehagens verdigrunnlag og underpunkta barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

4.3 Konstruksjon av data

4.3.1 Temaanalyse

Eg brukte Braun og Clark (2006) sin temaanalyse når eg analyserte materialet. Temaanalyse er ein måte å finne tema gjennom analyse av datamaterialet (s.79). Denne valte eg fordi det er ein systematisk måte å finne tema på, og eg brukte dei seks ulike fasane som Braun og Clark skisser opp. Den fyrste er å gjere seg kjent med data, den andre er koding, den tredje er å søke etter tema, den fjerde er å gå gjennom tema, den femte er å definere og gje namn til tema og den siste er å produsere rapporten (Braun & Clarke, 2006, s. 87). Etter å ha gjennomført intervju, transkriberte eg dei så raskt som mogleg som den fyrste delen av temaanalysen (Braun & Clarke, 2006, s. 87). Transkripsjon er overføring av lyd til tekst (Johannessen et al., 2016, s. 29). Etter å ha transkribert leste eg transkripsjonen fleire gonger for å forstå kva den innehaldt. På den måten fekk eg ein oversikt over kva som stod, og kunne peike på nokon svar som var like, men også svar som skilte seg ut. I transkripsjonen brukte eg tenkeord som hm og ah, men i resultatdelen er desse tatt vekk for å gjere det meir lesarvennleg. Dette inkluderer å fjerne bekreftande ord som liksom, ikkje sant eller liknande. I presentasjonen av sitata har eg skrive sitata om til nynorsk, og eg har strukturert dei slik at dei skal vere lette og lese. Når noko er teke bort er dette markert med (...). Eg har ikkje endra meiningsinnhaldet i sitata. Etter at datamaterialet var transkribert, leste eg gjennom alle intervju i sin heilheit fleire gonger før eg begynte å klippe ut alle svara på eit spørsmål under kvarandre for å kunne samanlikne svara på dei ulike spørsmåla. Alle svara vart lest og det vart prøvd å forstå kva som eigentleg framkom i dei ulike svara. Eg lagde samandrag av svara og kodar for svar som var like, og prøvde å lage potensielle tema som er fase to i temaanalysen. Det var viktig å arbeide systematisk gjennom alt materialet slik Braun & Clarke (2006, s. 88-89) skriv om i temaanalysen. Det vart samanlikna om barnehagelærarane svarte forskjellig eller likt. Eg tok utgangspunkt i problemstillinga mi og forskingsspørsmåla mine for å finne ulike mønster. I fase tre prøvde eg å finne ulike tema for materialet ved å samle koder og sjå på oppsummeringar, og i fase fire prøvde eg å setje forskjellige tema og sjå kva innhaldet kunne vere. I fase fem prøvde eg å gje namn til tema. Dette var ein vanskeleg prosess fordi eg klarte ikkje finna gode kategoriar som romma funna på ein systematisk måte. Eg begynte derfor på fase seks som er å skrive resultatdelen og gjekk igjennom materialet på ny, slik at eg skulle få eit overblikk over kva materialet sa. Etter at eg hadde skrive resultatkapittelet med det eg

tenkte var dei ulike overskriftene, gjekk eg tilbake til fase fire der eg såg på tema i forhold til kodene og oppsummeringane eg hadde gjort i intervjumaterialet, og fase fem, gje namn til tema. Til slutt sat eg igjen med tre ulike hovudtema som vert presenter i resultatdelen. Dette er ikkje heilt likt slik som Braun & Clarke skildrar, men eg valte å gjere det på den måten for å klare systematisere kategoriane på ein god måte. Kategoriane som kom fram var

- 1: Barnehagelærarane har ulik forståing av verdigrunnlaget.
- 2: Verdiområder barnehagelærarane arbeidde med.
- 3: Korleis arbeider barnehagelærarane verdigrunnlaget i barnehagen.

4.4 Forskingsetikk

Gjennom forskinga har eg kome opp i mange etiske problemstillingar. I fylje personopplysningsloven skal all forskning meldast til NSD, Norsk senter for forskingsdata. Før intervjuet starta søkte eg godkjenning for å gjennomføre intervjuet, sjå vedlegg 1. Studien har heile tida basert seg på NSD sine retningslinjer for innhenting og lagring av informasjon. Studien er basert på frivillig samtykke for å delta og eg utarbeida ei samtykkeerklæring og eit skriv med informasjon om forskingsprosjektet mitt, sjå vedlegg 2. Dette fekk barnehagelærarane sendt på mail før intervjuet, og skjemaet vart også gjennomgått og underskrive før intervjuet starta. Det var viktig at barnehagelærarane var klar over at deltakinga var frivillig og at dei har moglegheit til å trekke seg om dei skulle ombestemme seg (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 105; NESH, 2021, s. 17). Det var også viktig verne om informantane og anonymisera. Å anonymisera handlar om at det ikkje skal vere mogleg å spore opplysningane tilbake til barnehagelæraren som har sagt det (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205; NESH, 2021, s. 21). For å sikre anonymiteten skreiv eg alt på bokmål under transkriberinga og har endra til nynorsk i denne oppgåva. Personopplysningane vert lagra på ein låst stad, og lydfilene vert teke opp med ein diktafon-app som krypterte filene med ei gong, og sendt dei til eit nettskjema som er passordbeskytta. Dermed er det ikkje mogleg å høyra på lydopptaket på mobilen. Alt materiell som kan identifisere informantane vert sletta når prosjektet er slutt. I transkripsjonen vart alle koda som barnehagelærarar og i sitata er alle deltakarane skrivne som hankjønn, fordi det ikkje vert lagt vekt på kjønn til informantane. Den eine barnehagen var ein idrettsbarnehage, noko eg har valt å ta med fordi det er interessant i forhold til funna. Vurderingar vart gjort rundt om dette kunne identifisere barnehagen, men studien er gjort utanfor min krets og ein uspesifisert stad i Noreg, noko som gjer at det ikkje er mogleg å identifisere barnehagen basert på denne tilleggsopplysningen.

Det var viktig å ha ei grunnleggande respekt for menneskeverdet under heile studien, gjennom å ha respekt for likeverd, fridom og sjølvbestemming (NESH, 2021, s. 6). Eg prøvde å ha ei haldning der eg verkeleg prøvde å forstå deltakarane si forståing av verkelegheita. Eg ville unngå å leggje ord i munnen, men respondere og støtte dei ulike svara gjennom kroppsspråk og mimikk. Under heile prosjektet var eg reflektert over personvernet til barnehagelærarane. Sidan dette var ein studie på verdigrunnlaget vart det fokusert på å vise respekt for dei ulike verdiane og haldningane til barnehagelærarane. Fokuset var på verdigrunnlaget til rammeplanen, ikkje barnehagelærarane sine personlege verdiar.

4.4.1 Reliabilitet

For å måle kvaliteten og haldbarheita til ein studie, må vi sjå på omgrep som reliabilitet og validitet. Reliabilitet betyr pålitelegheit og skildrar kor nøyaktig undersøkinga er og kva data som brukast. Ein må også sjå på kva måte data vert samla inn, og korleis dei analyserast (Johannessen et al., 2016, s. 36). Reliabiliteten gjer greie for kva betydning erfaringar har for korleis data vert utvikla. I tillegg skildrar reliabiliteten korleis vi gjer greie for kva tyding våre erfaringar har å seie for resultat av studien (Thagaard, 2013, s. 181). Sidan kvalitativ metode handlar mykje om tolking, må vi gå gjennom tolkinga med eit kritisk blikk og sjå på kva vi baserer tolkinga vår på. Dette har betydning for kvaliteten på studien (Thagaard, 2013, s. 182). Gjennom min studie har eg heile tida vore bevisst på tolkingar og kva eg baserer tolkinga mi på. Eg intervjuar barnehagelærarar som eg ikkje kjente for at det ikkje skulle påverke funna mine. Eg er barnehagelærer sjølv og har med meg min verkelegheitsforståing inn i analysen og forståing av intervjuobjekta sine synspunkta og tankar. Eg har prøvd å vere så nøytral som mogleg, og hatt som mål at ein annan forskar ville ha kome fram til same resultat. Reliabiliteten kan sjåast på som eit kritisk blikk på om studien er utført på ein påliteleg måte. I denne studien med semistrukturert intervju vart intervjuet prega av svara til barnehagelærarane. Eg valte å ikkje sende ut intervjuguiden til barnehagelærarane før intervjuet, slik at dei svarte det som falt dei inn under intervjuet. Eg ynskja ikkje eit svar som dei hadde lest seg opp til. Eg hadde ein guide på forhånd, som var open nok til å kunne stille oppfylgningsspørsmål om det var nødvendig. Eg hadde opne spørsmål og spørsmål som vart forma litt etter kva informantane svara undervegs i intervjuet. Eit eksempel er at når dei svara at dei hadde mest fokus på livsmeistring og helse, vart neste spørsmål på kva måte dei arbeidde med livsmeistring og helse. Ei ulempe med dette er at eg som forskar har større påverknad på korleis spørsmåla vert stilt og at dette kan gå ut over reliabilitet. Eg var derfor

veldig bevisst på å stille spørsmåla i intervjuguiden til alle, men at eg heller gjekk vidare og spurte om informanten kunne utdjupe når vi var innom eit interessant tema.

4.4.2 Validitet

Validitet er eit mål på om undersøkinga har undersøkt det den skulle undersøka (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 276). Eg gjekk over resultatane med eit kritisk blikk på kva eg hadde basert tolkingane mine på, og kva tyding resultatane hadde for mine tolkingar. I ein kvalitativ studie med berre ein forskar kan det vere ekstra sårbart. Det er då viktig å sikre at denne forskaren er objektiv. Ein måte å gjere det på er å sjå på om forskinga er bygd opp under relevant og anerkjent teori. Det var vanskeleg å finne liknande forskning på verdigrunnlaget i rammeplanen.

Det er også viktig å sikre at funna er relevante for å svare på problemstillinga. God validitet på forskinga gjev god haldbarheit. Det kan vere vanskeleg å definere ein teori som sann. Teoriar som forsøker å finne svar på blant anna kva som er sanning, kallar vi epistemologiske teoriar (Johannessen et al., 2016, s. 40). Vi kan sjå dette som ei forlenging av validitetsomgrepet. Sanning i eit samfunnsvitskapleg perspektiv kan vere forskjellig, sidan det er menneskjer, tolking og sosiale fenomen vi studerer (Gilje & Grimen, 1993, s. 194). I denne studien med kvalitativ forskingsmetode kan det vere vanskeleg å kome fram til ei sanning grunna eit avgrensa utval, men ein kan få ein indikator på kva utvalet har svart. Deltakarane i min studie er eit lite utval frå same område, med relativ lik erfaring og utdanning, noko som gjer at funna ikkje kan generaliserast til å vere gjeldande for alle norske barnehagar.

Moglege feilkjelder i denne studien er at studien er avgrensa til datainnhenting frå to barnehagar, ein idrettsbarnehage og ein ordinær kommunal barnehage. Dette er med på å prege svara, og det ville kanskje vorte andre resultat om eg valte andre intervjuobjekt i barnehagane, andre barnehagar i området, eller til og med frå andre landsdelar. Som tidlegare nemnt fekk barnehagelærarane ha overskriftene i verdigrunnlaget i rammeplanen framfor seg under store delar av intervjuet, noko som og var med å påverke svara dei gav. Grunnen til at eg gjorde det var for å ha fokus på verdigrunnlaget som er skildra i rammeplanen og tankane barnehagelærarane hadde om det.

Ein anna feilkjelde i forhold til studien er at sidan eg brukte ein døroppnar, fekk eg dei informantane døroppnaren min kjente, og så spurte dei andre igjen om å vere med i studien (Homan, 2002, s. 329). Eit kriterie var også at det skulle vere tre barnehagelærarar i kvar

barnehage, noko som gjorde at utvalet vart slik det vart. Det er relativt liten aldersforskjell på informantane, og dei fleste av dei har ikkje lang erfaring som barnehagelærer i barnehagen. Dette kan påverke validiteten. Kanskje hadde det kome andre svar om utvalet hadde vore annleis. At eg valde å intervju personar som eg ikkje hadde kjennskap til på førehand var bevisst for å unngå at ein tidlegare relasjon mellom intervjuar og intervjuobjekt kan påverke datainnsamlinga.

4.5 Oppsummering

Metoden som er brukt er kvalitativ forskingsmetode, gjennom semistrukturert intervju. Datamaterialet er henta inn med ei fenomenologisk tilnærming. Transkripsjonen og analysen er gjort med ei hermeneutisk tilnærming. I analysen vert det brukt temaanalyse, og eg har peikt på vala som er gjort for denne studien og gitt ein grunn for desse. Ethiske vurderingar og refleksjonar har også blitt presentert her. I neste kapittel vert resultatata etter analysen av datamaterialet lagt fram.

5 Resultat

I dette kapitlet vert det presentert resultat frå analysen av datamaterialet. Funna er delt inn i tre hovudkategoriar, der den fyrste er at barnehagelærarane har ulik forståing av verdigrunnlaget. Her vert det fyrst presentert barnehagelærarane sine forslag til kva verdigrunnlag er og vidare at verdigrunnlaget er noko personleg for dei. Til slutt i denne kategorien blir det vist kva tankar barnehagelærarane har når dei får presentert rammeplanen sitt verdigrunnlag. Den andre hovudkategorien handlar om kva barnehagelærarane seier om arbeidet sitt med rammeplanen sitt verdigrunnlag. Her er underkategoriane delt opp i rammeplanen sine underkategoriar, men tre av rammeplanen sine kategoriar er samla til eit punkt, sidan barnehagelærarane meinte at dei betydde det same. Den tredje hovudkategorien skildrar korleis barnehagelærarane arbeider med verdigrunnlaget blant personalet i barnehagen og kva utfordringar dei ser med det arbeidet.

5.1 Barnehagelærarane har ulik forståing av omgrepet verdigrunnlag

I analysen av datamaterialet kom det fram at barnehagelærarane hadde ulik forståing av omgrepet verdigrunnlag. Dei tenkte ulikt både om kva verdigrunnlaget er, og om kva som ligg i dei ulike omgrepa i verdigrunnlaget. Det kom også fram at dei la personlege erfaringar og meiningar inn i arbeidet med verdigrunnlaget.

5.1.1 Barnehagelærarane sine forslag til kva verdigrunnlag er

Som innleiing på intervjuet spurte eg alle barnehagelærarane om kva dei legg i omgrepet verdigrunnlag. Datamaterialet frå intervjuet viser at ingen av barnehagelærarane har reflektert over arbeidet med verdigrunnlaget tidlegare, og at dei har ulik forståing av omgrepet. Ein barnehagelærer fokuserer på vaksenrollen, og at dei vaksne er dei som dannar basisen for å gje verdigrunnlaget til barna. Med dette meiner barnehagelæraren at det er dei vaksne sitt ansvar at barna skal trivast i barnehagen.

«(..)og vaksen, definitivt korleis vaksne er. Det er jo, korleis barna skal trivast i barnehagen er jo vaksen sitt ansvar. Så det er jo, det er definitivt vi som må, som har verdigrunnlaget for barna» (barnehagelærer 2, idrettsbarnehage).

Ein annan barnehagelærer seier at verdigrunnlaget er oppveksten til barna og at verdigrunnlaget er å gje barna ein god oppvekst. Verdigrunnlaget er derfor barna og barna er viktigast.

«i mitt hovud.. (..), når eg tenker på verdigrunnlag så tenker eg på oppveksten til barna , vi er her for å gje barna ein god oppvekst. Det er (..) det som er i hovudet mitt når eg tenker på kva som er viktig, og kva som er verdigrunnlaget til barnehagen, det er barna. Det er det eg tenker på» (barnehagelærer 1, idrettsbarnehage).

Vidare analyser viser at andre barnehagelærarar trekkjer fram verdiar som omsorg og tryggleik når verdigrunnlaget skildrast. Dei meiner at verdigrunnlaget er det å ta vare på barna og konkluderer med at omgrepet inneheld kva barnesyn dei har, og korleis dei legg opp dagen for barna.

«det fyrste som kjem til hovudet mitt når eg tenker barnehagens verdigrunnlag er å gje nok omsorg og tryggleik for barna» (barnehagelærer 5, kommunal barnehage).

«Ja det.. det synst eg er vanskeleg å svare på for det er så mykje... og akkurat med det med verdigrunnlag er jo at det handlar om det same, omsorg på en måte og ta vare på barna, og kva barnesyn du har ikkje sant, korleis du skal legge opp barnehagekvardagen rett og slett» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

Ein barnehagelærer er oppteken av at verdigrunnlaget er ein sum av eigne verdiar, barnehagen sine verdiar, barna sine verdiar og foreldra sine verdiar og konkluderer då med at barnehagen vert ein verdi.

«Å! det er så stort tema. Altså verdigrunnlaget er på ein måte både dine verdiar, barnehagen sine verdiar, barna sine verdiar og foreldra sine verdiar. Kva er det dei setter... barnehagen som ein verdi på ein måte» (barnehagelærer 2, idrettsbarnehage).

Som ytringane viser har barnehagelærarane forskjellige meiningar om kva eit verdigrunnlag er og ingen knyter det opp mot rammeplanen når dei fortel om kva eit verdigrunnlag er. Dei bruker ord som i «mitt hovud» og «det fyrste som kjem til hovudet mitt». Dei seier også at det er vanskeleg å definere omgrepet verdigrunnlag og at det er så stort at dei ikkje klarar å setje ord på kva det er. Dei bruker heller omgrep som tryggleik, omsorg og barnesyn som ikkje er ein del av barnehagens sitt verdigrunnlag. Dei ser også på verdigrunnlaget som heile oppveksten til barna.

5.1.2 Verdigrunnlaget er personleg

Vidare i analysen kjem det fram igjennom datamaterialet at alle barnehagelærarane knyter verdigrunnlaget til noko personleg som dei sjølv har opplevd. Dei tek fram personlege

grunnar for å arbeide i barnehage, eller viser til eigen barndom når dei fortel om verdigrunnlaget og at det er grunnen til at dei arbeider i barnehage.

«Eg tenker det viktigaste er barndommen då, og den sin eigenverdi tenker eg. Eg hadde ein veldig god barndom sjølv, og den har eg lyst til å vere med på å vidareformidle då, slik at andre barn også skal ha det bra, trygt og godt. Ja det føler eg er det viktigaste for meg. Ja, eg har jo høyrte på veldig mykje podkastar som har gitt meg veldig mykje input på dette.» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehagen).

Både positive erfaringar som barnehagelæraren har opplevd som gjer at dei ynskjer å vidareformidle, men dei nemner også vanskelege ting som dei har opplevd eller andre i familien deira har opplevd som gjev barnehagelæraren ei indre drivkraft til å møte barna på ein betre måte enn han opplevde i eigen barndom.

«Barna er så.. dei tek til seg så mye informasjon, og når eg tenker, viss eg tenker på min eigen barndom. Eg vil vere her sånn at ikkje barnehagen som eg arbeider i, ikkje feile barn på den måten igjen» (barnehagelærer 1, idrettsbarnehagen).

Analysen viser vidare at barnehagelæraren arbeider for at barndommen skal vere noko positivt som barna kan hugse tilbake til og at dette er barnehagelæraren sitt personlege mål for å gjere eit godt arbeid i den tida barna er i barnehagen.

«Og at vi ynskjer at alle skal ha det godt då, viss man tenker tilbake på den tiden barna har vært saman med oss, og det veit eg at dei andre tenker og, at det skal ha vore ein tid der dei tenker at å dette var veldig deileg, det var veldig trygt, det var veldig hyggeleg, der eg kunne vere seg sjølv. At våre fingeravtrykk i deira liv skal vere tykket med positive forteikn» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).

Analysen viser vidare at ein barnehagelærer meiner at barn og barndom er kjerneverdier som alle som arbeider i barnehagen har «bygd langt inn i kjernen», at det er noko som alle som ynskjer å arbeide i barnehagen har. Denne barnehagelæraren meiner at alle barnehagelærarar arbeider i barnehage for å skape ein god barndom for alle barn.

«Eg tenker jo barn og barndom. Fordi det skal, for når du arbeider i barnehagen så tenker eg det skal vere sånn kjerneverdier som alle berre har, bygd langt inn i kjernen din på en måte» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

Denne barnehagelæraren seier også at barna er med å påverke verdigrunnlaget og at dei lager det personleg i forhold til kva slags gruppe med barn som er på avdelinga frå år til år.

«Så føler eg også at det kan variere litt frå år til år, kor er det liksom.. kor er det skoen trykke då, frå år til år. Kva treng barnegruppa dette året her, og kva treng barnegruppa neste år, når vi får nye kull og sånn» (barnehagelærer 4, idrettsbarnehage).

5.1.3 Barnehagelæraranes tankar rundt rammeplanens sitt verdigrunnlag

Etter at barnehagelærarane fekk presentert overskriftene i rammeplanen sitt verdigrunnlag, det vil seie: Barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling, livsmeistring og helse, viser analyser at få av barnehagelærarane var merksame på dette. Det var tre av barnehagelærarane valte å vise til rammeplanen generelt, men ikkje spesielt til verdigrunnlaget når dei fekk sjå overskriftene.

«Altså i forhold til rammeplanen så tenker eg at det her (..) er veldig overordna, veldig (..)overordna perspektiv» (barnehagelærer 1, idrettsbarnehage).

«Det er mykje. Det er jo alt. Det er jo frå bøkene til utføringa av boka på ein måte» (barnehagelærer2, idrettsbarnehage)

«Ja.. det som er morosamt med rammeplanen, eller altså litteratur og uansett då når du opnar ein bok er det nokon som har valt kva du skal lesa ikkje sant, så her er det dei som har valt kva vi skal ha fokus på» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

Som utsegna viser er det ingen av desse barnehagelærarane som seier noko om verdigrunnlaget. Dei er opptekne av om kva rammeplanen generelt er, og at rammeplanen er eit overordna perspektiv. Vidare vert det sagt at det er morosamt at nokon har valt kva som skal vere i rammeplanen.

Den eine av barnehagelærarane responderte spontant på at rammeplanen sitt verdigrunnlag begynner med barn og barndom.

«Første er barn og barndom ... jaja» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehagen).

Ein av barnehagelærarane var opptatt av at rammeplanen har desse verdiane fordi vi skal sikre at alle barn skal ha ein stemme. Barnehagelæraren viser til barns medverknad og seier at verdigrunnlaget er der for at barn skal få ha medverknad i sin kvardag

«Det er nok at alle skal ha ein stemme, alle skal ha ein rett. Barn skal få vere med å medverke i sin kvardag» (barnehagelærer 2, idrettsbarnehage).

Vidare analyser av datamaterialet viser at ein barnehagelærer stilte seg kritisk til at utanforståande hadde valt ut kva barnehagen skal arbeide med. Barnehagelæraren argumenterte for at verdigrunnlaget ikkje alltid er så lett å praktisere inn i barnegruppa, sidan barnehagelæraren er usikker på kor moden barnegruppa er til å ta imot verdigrunnlaget i rammeplanen. Denne barnehagelæraren såg meir på verdigrunnlaget som ein retning for tilsette i barnehagen enn for barna.

*«Det er ikkje alltid det er like lett å praktisere nokon av desse omgrepa inn i barnegruppa. Nokon gonger så merker eg som arbeider med dei eldste, at eg kan godt introdusera ord, men viss vi skal arbeide med dette til barna, med barna, så er eg usikker på kor modne dei er til å ta i mot det, så eg føler meir at dette er meir ein veldig sånn tydeleg retning for oss som arbeider i barnehagen, i all hovudsak»
(barnehagelærer 6, kommunal barnehage).*

Sjølv om barnehagelærarane ikkje er kjent med verdigrunnlaget i rammeplanen, så viser analyser at fleirtalet relaterer overskriftene i rammeplanen til noko Noreg og samfunnet har bestemt skal ligge til grunn for arbeidet i barnehagen. Dei seier at verdigrunnlaget er samfunnsbestemt. Dei er opptekne av at verdiane er viktige for store delar av det norske samfunnet, og at dei er inkluderte i rammeplanen for å få med så mykje som mogleg inn i dokumentet.

«For det [verdigrunnlaget]dekker vel store deler av samfunnet. Kva som på ein måte dei.. nei det har eg ikkje tenkt mykje på kvifor, men det er vel for å få så mykje.. så mykje som mogleg med på så lite så mogleg skrift.. kanskje» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage).

«Fordi det er mange av desse her [verdigrunnlaget] som er veldig viktig for det norske samfunnet» (barnehagelærer 1, idrettsbarnehage).

Ein barnehagelærer er oppteken av å knyte verdigrunnlaget i rammeplanen av 2017 til tidlegare rammeplanar. Denne barnehagelæraren er oppteken av å trekke fram at verdigrunnlaget har forandra seg, og seier at det er fordi Noreg har forandra seg og derfor tenkar barnehagelæraren at dei har forandra verdigrunnlaget også. Han meiner at samfunnet er i stadig forandring og at rammeplanen difor også må forandrast.

«(...) det trur eg er fordi samfunnet er i forandring, det er klart at sant at Noreg ser jo annleis ut og i dag enn det gjorde for 10 år sidan» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

5.2 Oversikt over verdiområde som barnehagelærarane arbeider med

I denne kategorien presenterast dei ulike overskriftene i verdigrunnlaget i rammeplanen under kvart sitt punkt. Det vert presentert kva analysen seier om barnehagelærarane sine synspunkt om dei ulike områda i rammeplanen sitt verdigrunnlag, og kva verdiområde barnehagelæraren seier at dei arbeider med. I denne delen vert også barnehagane samanlikna mot kvarandre, samstundes har dei forskjellige svara til barnehagelærarane blitt analysert og det vert trekt fram likskap og ulikskap i svara.

5.2.1 Barn og barndom er den viktigaste verdien for barnehagelæraren

I intervjuet spør eg om barnehagelærarane kan fortelje noko om kvifor nokon av desse områda dei meiner utgjer verdigrunnlaget for dei eller deira barnehage. Områda er: Barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likeverd og likestilling, berekraftig utvikling og livsmeistring og helse. Datamaterialet viser at barn og barndom og den sin eigenverdi vert teke opp fleire gongar av barnehagelærarane og at fleire av barnehagelærarane nemner barn og barndom som eit av dei viktigaste punkta i verdigrunnlaget. Dette gjeld i begge barnehagane.

*«Eg tenker det viktigaste er barndommen då, og den sin eigenverdi tenker eg»
(barnehagelærer 3, idrettsbarnehage).*

*«Men det eg vil anslå er det viktigaste er vel egentleg det er.. barndommens eigenverdi rett og slett. Er jo å møte barna der di er å vere deltakande i leiken»
(barnehagelærer 4, kommunal barnehage).*

Dette punktet skil seg ut blant dei andre fordi dette punktet er barnehagelærarane einige om kva handlar om. Når barnehagelærarane skal fortelje kva barn og barndom er, seier dei at barn og barndom handlar om det å vere barn, følgje opp barns initiativa. Barns medverknad vert nemnt, og det å vere opne og romslege vaksne. Eller rett og slett, la barn vere barn. Det som går igjen er at barna er det viktigaste. Barnehagelærarane trekk vidare fram at barndommen er noko som å vernast om.

«Ja i forhold til barn og barndom er det jo... barns medverknad og medbestemming og vi prøver så langt det lar seg gjere å ikkje seie nei til ting» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

«(...) og barn og barndom at barn bør vere barn..» (barnehagelærer 5, kommunal barnehage)

«Ja eg vil ikkje leggje for mykje føringar og stele for mykje av barndommen, det tenker eg at er det viktigaste, og ta vare på den i seg sjølv og kva den i seg sjølv er.» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage)

Det vert også trekt fram at barn og barndom er eit område barnehagelærarane har lyst å lære meir om og bruke meir tid på. Området er spennande og dei ser betydninga av at barn og barndom skal vere ein del av barnehagen.

«Å dykke meir inn i kva barn og barndom er då, det synst eg er spennande, sånn oppriktig» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage).

Som vist ovanfor er barn og barndom punktet i rammeplanen som er viktigast for barnehagelærarane. Dei er einige om kva barn og barndom er, samt at det er viktig for dei å verne om barndommen og la barn få vere barn. Alle barnehagelærarane snakka om barn og barndom uavhengig av kva barnehage dei tilhørde og alle meinte at dei arbeidde med det.

5.2.2 Barnehagelærarane held ikkje demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd avskilt.

I analysen av datamaterialet kjem det fram at tre av områda i verdigrunnlaget i rammeplanen: demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd vert implisitt kopla saman når barnehagelærarane fortel om områda. Barnehagelærarane snakkar om alle desse områda som ei gruppe og ikkje som enkeltområde. Her er eksempel på at barnehagelærarane brukar respekt saman med demokrati, og at barnehagelærarane seier at mangfald og gjensidig respekt er det same som demokrati. Sitata er frå barnehagelærarar frå to forskjellige barnehagar.

«Demokrati er norsk politikk i eit nøtteskal. Noreg er eit veldig mangfaldig land, og vi arbeider veldig hardt for å ha gjensidig respekt for kvarandre.» (barnehagelærer 1, idrettsbarnehage)

*«Demokrati, demokrati for meg er jo igjen å respektere alle, altså prøve så godt vi kan og respektera, (...) mangfald og gjensidig respekt ja, eg føler dei her går litt i det same, men eg slit nokon gangar med det, for det er igjen, eg synst det er vanskeleg prosess å stå i, fordi vi skal respektera. Vi arbeider med at individet skal ha respekt for seg sjølv, sjølvrespekt, samtidig skal du opne opp for fellesskapet og den balansen der er veldig spanande og helt *** å arbeide med..» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).*

Her seier begge barnehagelærarane at demokrati og mangfald og gjensidig respekt er det same, den eine barnehagelæraren seier også at det er vanskeleg å arbeide med respekt fordi det er vanskeleg at barna både skal ha sjølvrespekt og respekt for fellesskapet. Analysen viser at dei synst det er vanskeleg å arbeide med demokrati og mangfald og gjensidig respekt.

«Demokrati det høyrest så veldig skriftleg ut, det høyrest ut som det er sånn at du må følge ei bok, og den boka vert ikkje følgt i det fysiske læringsmiljø, vi går (..) ikkje etter ein bok, « ja gjer vi det»? «gjer vi det sånn»? Men vi gjer jo demokratiet i kvardagen utan å vere bevisst på det». (barnehagelærer 2, idrettsbarnehagen).

Denne barnehagelæraren seier at dei ikkje arbeider med demokrati fordi barnehagelæraren tenkar at det er skriftleg, at demokrati i barnehagen er avhengig av å følgje ei bok. Etter litt refleksjon kjem barnehagelæraren fram til at dei gjev demokrati til barna, utan at dei er bevisst på det. Eit liknande eksempel kjem frå ein anna barnehagelærer frå same barnehagen. Denne barnehagelæraren seier at det er vanskeleg å arbeide med demokrati fordi barnehagen har faste ramar som barna må følge. Denne barnehagelæraren reflekterer også vidare og kjem på at demokrati handlar kanskje om at barna kan få velje kva dei vil leike med, og at dei kanskje har litt demokrati likevel.

«Demokrati er ikkje så lett å arbeide med, nei (..) Vi har jo dei faste ramane for utetid og å eting då. Så der er det ikkje så mykje demokrati.. (..) Demokrati kjem jo inn på kanskje kva dei har lyst å leike med og kvar dei har lyst (..) det er jo ein demokratisk prosess kanskje.. men.. det hadde kanskje vært meir spennande å arbeide meir med» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage)

Likestilling og likeverd vert også sett i saman med demokrati og mangfald og gjensidig respekt. Det som likestilling og likeverd skil seg ut på i forhold til demokrati og mangfald og gjensidig respekt, er at ingen av barnehagelærarane snakkar mykje om likestilling og likeverd. Samlege av intervjuobjekta tek det opp berre ein eller to gongar gjennom heile intervjuet, det

gjeld i begge barnehagane. Her er eit eksempel på at barnehagelæraren skal forklare kva likestilling og likeverd er og slår det saman med mangfald og gjensidig respekt, utan å forklare kva likestilling og likeverd er for seg sjølv.

«men det er jo klart alt det at alt det her er veldig relevant også med likestilling og likeverd for eksempel og mangfald og gjensidig respekt.. her er det jo veldig mange barn og familiar som kjem frå heile verda eigentleg, så det er veldig viktig for meg at alle opplever å bli møtt på like premisser...»(Barnehagelærer 4, kommunal barnehage)

Sjølv om dei implisitt slår omgrepa saman, er det ulikt kor stort fokus dei to ulike barnehagane har på dei ulike punkta. Alle barnehagelærarane i den kommunale barnehagen trekk fram at det er viktig å arbeide med mangfald og grunner dette i at dei er ein mangfaldig barnehage. Då tenker dei på at barnehagen har tilsette frå mange forskjellige land, men også at barnegruppa er mangfaldig med barn frå ulike nasjonalitetar.

*«Eg tenkar at det kjem naturleg, fordi vi er jo, eg veit ikkje om det var styrar frå før som starta og tilsette folk frå ulike kulturar, fordi eg ser jo at det er det..»
(barnehagelærer 5, kommunal barnehage)*

*«.. det er så mange nasjonalitetar som er representert inni barnehagen her, at det vert liksom ein naturleg ting å arbeide med, både skal eg si implisitt og eksplisitt»
(barnehagelærer 4, kommunal barnehage).*

Som sitata viser, vert det naturleg for barnehagelærarane å arbeide spesielt med mangfald og gjensidig respekt. I den kommunale barnehagen er dei einige om kva det er å arbeide med mangfald. Dei seier at det er å synleggjere mangfaldet og at alle barna skal få kjenne igjen noko frå deira kultur i barnehagen. Eit eksempel er at ein barnehagelærer seier at arbeid med mangfald og gjensidig respekt vert implementert ved å synleggjere mangfaldet på avdelinga og at det vert gjort gjennom morsmålsdagar. Her er fokuset på barna og å la alle få vere den dei er i barnehagen.

*«Ja så klart.. for eksempel det som vi gjer er at vi prøver å synleggjere mangfaldet som av delinga vår presenterer i sånne dagar sånn som morsmålsdagar»
(barnehagelærer 5, kommunal barnehage)*

Ein anna barnehagelærer fortel om kor viktig det er for barna å verte inkludert og at dei er en del av fellesskapet. Dette gjer dei med å synge songar eller pynte til ulike høgtider som vert

representert på avdelinga. Barnehagelæraren synst det er veldig kjekt når barna kan kjenne seg igjen og fortelje at dette kjenner dei til.

«så er det jo veldig gøy fordi å kunne seie, sant ikkje alle har like godt norsk utvikla språk, eller «det har eg heime».. eller «sånn har eg heime» eller, ikkje sant. sånn veldig lett å seie, og veldig enkelt for andre å forstå. Så det at barnet kan seie at dette opplever eg heime, og at det vert ein, eg vet ikkje heilt, men du ser jo også ein stoltheit hos foreldre og vi brukar langt tid på å snakke med dei representative foreldra då» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

I den andre barnehagen, idrettsbarnehagen, snakka dei lite om demokrati og mangfald og gjensidig respekt. Når dei vart spurte hadde dei ein anna synsvinkel enn den kommunale barnehagen. Ein barnehagelæraren seier at dei er ein veldig mangfaldig barnehage, men snakkar berre om mangfald i matvegen med for eksempel halal.

«Det er jo ein veldig mangfaldig barnehagen, det er jo mange barn frå forskjellig kulturar og religiøse bakgrunnar i barnehagen her sånn, som vi er veldig flink til å ta omsyn til i matvegen og sånn generelt. Om dei skal ha halal.»(barnehagelærer 1, idrettsbarnehage)

Ein anna barnehagelærer i idrettsbarnehagen seier at mangfald er kultur og nemner den samiske kulturen og at dei har markert samedagen, sjølv om det ikkje har samiske barn. Barnehagelæraren seier at dei markert samedagen, sidan dette står i rammeplanen. I same setning fortel også denne barnehagelæraren om at alle er like mykje verd, men forskjellige. Så her vert likestilling og likeverd igjen blanda saman med demokrati og mangfald og gjensidig respekt.

«Kulturen, vi hadde samedag her. (..) Det står i rammeplanen, vi har ingen samiske barn, men at det står i rammeplanen at det her skal utførast. Det er det som er så fint med at det er så mange kulturar i denne barnehagen her. At alle er like mye verdt, men er forskjellig» (barnehagelærer 2, idrettsbarnehagen).

I idrettsbarnehagen arbeider dei ikkje like bevisst med mangfald og gjensidig respekt, men dei knytt det opp mot konkrete ting som samedag og halal. Dei er også usikre på dei arbeider med demokrati, men tenker at dei gjer det enten ubevisst eller gjennom at barna får bestemme kvar dei vil leike. Det som er felles med barnehagane er at alle snakkar om demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd som dei betyr det same.

5.2.3 Berekraftig utvikling er eit usikkert punkt i verdigrunnlaget

Analysen av datamaterialet viser at barnehagelærarane var veldig usikre på kva som låg i omgrepet berekraftig utvikling. Berekraftig utvikling vert nemnt av fire stykk som eit område som dei kunne tenkt seg å arbeide meir med. Analysen viser også at dette punktet er det styrst forskjell på kva barnehagelærarane meiner det betyr. Ein barnehagelærer seier at berekraftig utvikling er å gå på tur i skogen, plukke søppel og ta vare på samfunnet. Denne barnehagelæraren seier også at det er det området dei har arbeidd minst med og ser at det er mange moglegheiter til å arbeide med det som ikkje er nytta. At punktet ikkje har vore i fokus dei siste to åra, vert grunna me restriksjonar grunna pandemien, mellom anna at barnehagane ikkje har fått reise kollektivt.

«Berekraftig utvikling ikkje sant.. vi skal ta vare på det samfunnet du veks inn i, og du skal.. ja vise at det kommer nokon etter deg (..)Berekraftig utvikling, (..) man tenker jo sjølvsagt på natur og jordkloden og sånne ting, på ein måte så har vi jo ein gylden moglegheit her «stadnamn» og snakke om det, vi ser søppel over alt og sånt ting, men dei siste to åra har vi ikkje fått dratt på tur i skogen, eller ingenting vi får jo ikkje, vi har jo ikkje fått tatt kollektiv eller noko, så den kanskje, med eit sånt naturperspektiv, kanskje, ligg nedst på lista og har gjort det i to år» (barnehagelærer 5, kommunal barnehage).

Ein annan barnehagelærer prøvde å gje omgrepet berekraftig utvikling innhald, der barnehagelæraren vektla berekraftig utvikling med fellesskapet og at berekraftig utvikling er det å få venner. Dette seier barnehagelæraren fordi han har opplevd at andre har arbeidd med dette, men han har ikkje arbeidd med det sjølv.

«For då eg var i praksis i 3 klasse var det vel, så hadde dei eit prosjekt med berekraftig utvikling, kor dei drog inn eigentleg veldig mykje vennskap (..) nei , altså at det er berekraftig utvikling å utvikle eit godt samhald og det syns eg var ein veldig interessant vinkling på det. Det kunne eg godt tenkt å vere meir med på» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage).

Ein barnehagelærer har eit heilt anna synspunkt på berekraftig utvikling og denne barnehagelæraren kunne ikkje tenkt seg å arbeide med berekraftig utvikling. Han meiner at ansvaret for å bidra til berekraftig utvikling ligg hos oljeindustrien. Barnehagelæraren meiner at det ikkje er barna som er ansvarlege for berekraftig utvikling, derfor har barnehagelæraren valt å ikkje lese så mykje på det.

«Berekraftig utvikling, eg har ikkje lest så mykje på det rett og slett fordi eg.. eg er ikkje imot.. Eg har ikkje bil og er ikkje imot det. Men eg føler at viss vi skal arbeide med desse tinga.. Det er noko med å ansvarleggjere riktig gruppe då, så eg føler at vi skal snakke om berekraftig utvikling at vi bør snakke med Equinor for eksempel eller ansvarleggjere dei som bygger ut oljefelt i stede for min barnegruppe då» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).

Som utsegna viser er det heilt forskjellig kva barnehagelærarane meiner at berekraftig utvikling er, og dei svarar det som dei kjem på når dei vert spurte om kva berekraftig utvikling er. Berekraftig utvikling er ikkje noko dei arbeider bevisst med, men dei fleste tenker at dei kunne ha brukt meir tid på dette og har tankar om kva det kan vere. Den eine barnehagelæraren har valt å ikkje arbeide med det, og meiner at oljeindustrien er rett gruppe å ansvarleggjere for berekraftig utvikling, og at barnehagen difor ikkje treng å arbeide med dette.

5.2.4 Livsmeistring og helse

Analysen av datamaterialet viser også at barnehagen pregar verdigrunnlaget til barnehagelærarane om vi samanliknar svara mellom barnehagane. I idrettsbarnehagen viser barnehagelærarane fleire gonger til både eigarane av barnehagen sitt verdigrunnlag, og til verdiar som vert naturlege sidan barnehagen er ein idrettsbarnehage. Alle barnehagelærarane i idrettsbarnehagen knyter livsmeistring og helse opp mot bevegelse og aktivitet. Eit eksempel er ein barnehagelærer som seier at sidan dei er ein idrettsbarnehage så er det viktig med aktivitetar i alle type rom og nemner språkkrom og gymsal. Barnehagelæraren seier at det er viktig med den meistringsfølelsen og viser til meistring i livsmeistring og helse.

«Vi har jo konseptet, er jo idrettsbarnehage at vi skal få med aktivitetar i alle type rom, språkkrom, og så har vi denne gymsalen og alt handlar om kvar bevegelse vi gjer og kvar aktivitet er jo viktig når dei får den meistringsfølelsen» (barnehagelærer 2, idrettsbarnehage).

Ein annan barnehagelærer reflekterte rundt at som ein idrettsbarnehage må dei arbeide med livsmeistring og helse, men at han personleg meinte at det var viktigare med dei andre områda i rammeplanen sitt verdigrunnlag.

«Ja.. men så er det jo sjølv sagt, så er det litt meir retta mot.. livsmeistring og helse , for vi er jo ein idrettsbarnehage. Så det vil jo vere livsmeistring og helse som kanskje er viktigaste for på ein måte sånt fokus for barnehagen som vi er da.. men eg vil jo seie

at det er viktigare med kanskje dei andre. Altså sånn idrett er ikkje det viktigaste i livet, eller det er viktig med helse» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage).

På den andre sida viser datamaterialet at alle barnehagelærarane i den kommunale barnehagen knyter livsmeistring og helse opp mot psykisk helse og det og gi tid til barna sine følelsar. Dei framhevar at det er veldig viktig med psykisk helse, spesielt nå som samfunnet er oppteke av at barna skal klare så mykje sjølv. Dei seier at livsmeistring og helse er å vere støttande vaksne og at det er eit område som er veldig viktig.

«Livsmeistring og helse.. psykisk helse er det.. det brenner eg veldig for då. Fordi eg syns jo at vi er veldig i eit samfunn nå kor vi er veldig opptatt av sjølvstende, og at vi skal klare å stå på egne bein frå veldig tidleg alder...»(barnehagelærer 4, kommunal barnehage)

«Livsmeistring og helse.. ja.. det trur eg er eit sted som, det er jo veldig inn nå, men eg tenker det er ekstremt viktig og vere støttande vaksne i møte med barn fordi vi menneskjer er så emosjonelle og vert styrt av følelsar, så er likevel følelsar nokon gonger litt sånn.» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage)

I forhold til området livsmeistring og helse seier alle barnehagelærarane i idrettsbarnehagen at det er noko som er viktig for dei, og grunnar det med at dei er ein idrettsbarnehage. Dei seier at livsmeistring og helse er fysisk aktivitet og at barna skal få kjenne på meistringsfølelse. I den kommunal barnehagen er det ingen av barnehagelærarane som knyter opp livsmeistring og helse mot fysisk aktivitet, der knyter alle livsmeistring og helse opp mot psykisk helse og det å ha god sjølvfølelse, samt å lære og forstå egne følelsar.

5.3 Korleis barnehagelærarane arbeider med verdigrunnlaget

I intervjuet spurte eg om korleis barnehagelærarane arbeider både med barnet, men også med dei vaksne for å implementere rammeplanen sitt verdigrunnlag i kvardagen. Det var fire pedagogiske leiarar med personalansvar og to barnehagelærarar utan personalansvar som vart intervjuet, noko som resulterte i to hovudfunn. Det eine er at barnehagelærarane var usikre på om dei arbeidet med verdigrunnlaget med personalet, og det andre er at dei seier at fråvær er ein grunn til at dei ikkje arbeider med verdigrunnlaget både med barna og med personalet.

5.3.1 Barnehagelærarane er usikre på om dei arbeider med verdigrunnlaget blant personalet.

Analysen av datamaterialet viser at barnehagelærarane er usikre på om dei arbeider med verdigrunnlaget. På spørsmål om korleis dei arbeider med verdigrunnlaget svarer ein

barnehagelærer at dei ikkje gjer det, eller at dei kanskje gjer det gjennom avtalar i det daglege. Barnehagelærarane seier vidare at dette er noko dei ikkje har tenkt på, noko som viser at arbeidet ikkje er systematisk eller bevisst frå barnehagelærarane si side.

«Det trur eg vi ikkje gjer, med mindre det er i... nei eg berre, det har eg i alle fall ikkje tenkt over at vi gjer.. kanskje vi gjer det i den daglege samtalen utan at vi.. vi prøver jo å snakke om det» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage).

«men vert ofte sånn.. kva skal eg seie, kvardagskontrakter da. Vi tek det opp der og då» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).

Etter at dei har reflektert litt over at dei ikkje arbeider med verdigrunnlaget i rammeplanen med sine medarbeidarar, så ser tre av barnehagelærarane oppover i systemet og seier at det kanskje er leiinga sitt ansvar å arbeide med verdigrunnlaget. Dei legg ansvaret for at verdigrunnlaget vert implementert nedover i alle ledd i organisasjonen på styrar eller leiarar i kommunen eller private barnehagar..

«Viss du har ein klar visjon og kultur at sånn og sånn skal vi arbeide heile vegen, så trur eg det vil sementerast i alle ledd nedover, og skape enda meir motivasjon» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).

Tre av fire barnehagelærarar med pedagogisk leder ansvar seier at deira eige arbeid med verdigrunnlaget kjem av seg sjølv, fordi alle som arbeider saman har like verdier. Barnehagelærarane seier vidare at dei ikkje tenkar over arbeid med verdigrunnlaget og at det kjem naturleg.

«Eg er veldig heldig, dei eg arbeider med er utruleg dyktige sånn at.. og vi har veldig likt barnesyn, og vi har veldig likt synspunkt på korleis ting, korleis dagen skal organiserer og korleis vi skal arbeide med ting og sånn. Og viss vi snakkar om temaarbeid, så er det viktig for oss alle at det ikkje er berre vi som skal synst det er spennande eller fint på papiret, men det skal jo vere for barna» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

Ein barnehagelærer svarar ulikt dei andre, og seier at felles verdigrunnlag med dei tilsette ikkje kjem av seg sjølv. Denne barnehagelæraren fortel om ei tøff start som pedagogisk leiar, sidan dei vaksne på avdelinga ikkje klarte å kommunisere godt nok på grunn av språklege barrierar. Dei andre i teamet hadde arbeidd lenge, og barnehagelæraren kom inn som ny pedagogisk leier. Resultatet av det var at dei var meir bevisst på at eit felles verdigrunnlag

hadde blitt bygd opp over tid, igjennom ein tøff og hard prosess. Men nå når dei hadde gjort det, fungerte det veldig godt. Barnehagelæraren fortel om starten sin på ny avdeling:

«Eg står for desse verdiar, men eg vil ikkje banke i bordet «nå er eg her og dykk må høyra på». «Nå har eg makt og eg har denne stillinga, og de må gjere desse oppgåvene som eg delegerer til dykk», men eg ville gjere det litt på ein annleis måte, sjølv om eg betalte litt med helsa fordi eg opplevde stress kvar einaste dag, det fyrste halve året. Men eg prøvde å vise med meg sjølv korleis eg er som menneske, og korleis eg arbeider og kva står eg for, kva slags verdiar har eg. Eg arbeidet med barna og dei observerte meg veldig mykje, og eg merket at etter kvart har dei blitt litt meir vennlege mot meg, fordi så jo (...) Ja hm, eg implementerte..» (barnehagelærer 5, kommunal barnehage).

I dette sitatet ser vi at barnehagelæraren meiner at verdigrunnlaget er implementert, sjølv om det ikkje er nemnt eit systematisk arbeid for å få det til. Barnehagelæraren seier at det var ei bevisst handling at ikkje verdigrunnlaget vart snakka om, men at barnehagelæraren heller ville vere ein rollemodell, slik at medarbeidarane kunne sjå korleis barnehagelæraren arbeidet. Barnehagelæraren seier at det var motstand mot at medarbeidarane skulle arbeide på same måte som han, og veldig vanskeleg å stå i arbeidet, og at dei ikkje hadde same meiningar om verdiar gjorde at kvardagen vart fylt med stress og det var vanskeleg.

Vidare analyse viser at sjølv om barnehagelærarane tenkar at det er leiinga sitt ansvar å implementere verdigrunnlaget, så nemner alle barnehagelærarane kommunikasjonen med sine kollegar som viktig i det daglege. Samanliknar vi dei to forskjellige barnehagane ser vi gjennom analysen at alle i idrettsbarnehagen nemner møter som viktig for å arbeide med personalet. Dei seier ikkje konkret at dei har eit punkt på agendaen som heiter verdigrunnlag på møte, men dei snakkar om kvardagen og korleis den kan verte betre.

«Ja, vi har jo dei, annakvar måndag har vi to timer ped.møter. Og då snakkar vi om korleis kvardagen er, korleis kan vi gjere ting betre. Kva er bra, og kva er dårleg for å forebygge mest mogleg då for alle mann» (barnehagelærer 2, idrettsbarnehage).

«Men eg trur det viktigaste er vel at vi har avdelingsmøta som vi har, og at vi inviterer dei som vil vere med på det, med på det» (barnehagelærer 1, idrettsbarnehage).

I den kommunale barnehagen seier barnehagelærarane at dei ikkje har hatt avdelingsmøter på grunn av pandemien, men at på avdelingsmøta kunne dei ha snakka om verdigrunnlaget om

dei begynte å ha det igjen. Når dei ikkje har avdelingsmøter seier dei at dei prøvar å ta verdigrunnlaget opp i kvardagen viss dei ser at kollegane gjer noko som dei ikkje skulle ha gjort. Den eine barnehagelæraren seier også at medarbeidarane synst det er spennande å lære, og at dette er noko dei kunne ha brukt avdelingsmøte til.

«Nå har eg ikkje hatt noko avdelingsmøter da, men viss vi får snakka om faglitteratur så syns han [medarbeidaren] at det er utruleg spanande å lære» (barnehagelærer 4, kommunal barnehage).

«I nokon situasjonar i overgangssituasjonar kan det gå litt sånn hurtig, og det er eit område som viss eg skulle hatt då eit avdelingsmøte og fått på plass sånn avdelingsmøtestrukturen igjen så ville eg teke opp det» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).

Som analysen viser, seier alle barnehagelærarane at møter er ein arena til å snakke om verdigrunnlaget og korleis dei tilsette skal vere mot barn. Sjølv om dei meiner møter er ei fin arena, er barnehagelærarane usikre på om dei arbeider med verdigrunnlaget og fleirtalet seier at felles verdiar i personalet kjem av seg sjølv slik at det ikkje er noko som må jobbast systematisk med. Barnehagelærarane nemner også at det burde vere tydelegare føringar frå leiinga i forhold til arbeidet med verdigrunnlaget.

5.3.2 Barnehagelærarane nemner fråvær av personalet som ei utfordring i arbeidet med verdigrunnlaget.

I datamaterialet kjem det fram at alle barnehagelærarane ser utfordringar med å arbeide med verdigrunnlaget. Tre barnehagelærarar nemner høgt fråvær og dårleg bemanning som orsak til at det er vanskeleg å arbeide med verdigrunnlaget. Ein barnehagelærer seier at barnehagelærarar ikkje er superheltar og dei vert slitne ved høgt press over tid. Då kan rammeplanen seie kva som helst, men det er ikkje mogleg å gjennomføre det.

«Fordi vert man for sliten så klarer man ikkje, då er det her[rammeplanen] berre ein bok med tekst og det kunne stått kva som helst på ein måte. Misforstå meg rett, men sånn er det. Man må berre prøve å gjere så godt man kan trur eg. (...) Men då kan liksom sitt eget barnesyn ryke når man er sliten. Eg opplever at vi er gode til å gje beskjed, eller sjå når ein av oss begynner å verte sliten, men det er jo klart at. At eg vert sånn irritert.. når det er liksom sånn «barnehagefolk er superheltar». nei vi er ikkje superheltar, vi vert sliten og då etter kvart viss vi vert for sliten oppi her [hovudet] og i

*kroppen då .. så klarer man ikkje å vere den beste utgåva som barna treng»
(barnehagelærer 4, kommunal barnehage).*

Samtidig så seier den eine barnehagelæraren at fråvær gjer at personalet kjennar på tidspress og prestasjonspress og at dette igjen går utover måten barna vert møtt på. Barnehagelæraren seier det er vanskeleg når dei er for få på arbeid, eller det er ein vikar som ikkje gjer ein god nok jobb.

«ja det er ein del utfordringar med fråvær, når du får inn vikarar på godt og vondt då(..), viss vi ender opp med å vere for få på arbeid, eller får inn ein vikar som ikkje gjer arbeidet, då kan det trekke ned og då trur eg veldig mange føler tidspress og prestasjonspress .. Så det trur eg er sånn kjempe problem i alle fall med livsmeistring helse spørsmålet» (barnehagelærer 6, kommunal barnehage).

Begge desse barnehagelærarane seier at det går ut over barna når dei ikkje klarar vere den beste utgåva av seg sjølv. Ein annan utfordring som kjem fram i datamaterialet handlar om rutinane i barnehagen. Barnehagelæraren meiner at rutinane kombinert med lite folk fører til «overkøyring» av dei vaksne. Med dette meiner barnehagelæraren at rutinar i kvardagen gjer at det er dei vaksne som bestemmer og at barna ikkje har noko dei skulle ha sagt. Denne barnehagelæraren snakka ikkje om bemanning når det er fråvær, men at bemanninga i ein normalsituasjon står i vegen for at barna kan få vere med på å bestemme over sin eigen kvardag, då det er så mykje må gjerast i løpet av ein barnehagedag.

«Men det er jo veldig overkøyring sånn.. «eg har ikkje lyst å gå ut».. «jojo du skal ut», det er ikkje så mykje demokrati der (..). Men då kjem vi jo inn på det her med bemanninga.. så her må vi kanskje snakke om kapasitet rett og slett.» (barnehagelærer 3, idrettsbarnehage)

Som utsegna viser er det fleire utfordringar med å arbeide med verdigrunnlaget.

Barnehagelærarane peikar på konseptet barnehage med alle krav og reglar som skal gjennomførast heile tida, sjølv om vi har stort fråvær av vaksne. Dei peikar også på at det er vanskeleg å arbeide med verdigrunnlaget med vikarar og når dei sjølv er slitne.

5.4 Oppsummering

No har eg presentert resultatane av datainnhentinga. Dei vart delt inn i tre delar der fyrste del er at barnehagelærarane har ulike forståing av verdigrunnlaget. Dette viser at dei har ulike forslag til kva eit verdigrunnlag kan vere, mellom anna vart omsorg som ein verdi nemnt. Dei knyt

også opp verdier til noko personleg som dei har opplevd. I den andre delen er det presentert dei ulike tankane barnehagelærarane hadde om verdiområda som er i rammeplanen og kva som var viktig for barnehagelærarane i arbeidet med desse verdiområda. Dei meiner barn og barndom er viktigast, og dei koplar demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd implisitt saman. Dei er usikre på berekraftig utvikling og har forskjellig perspektiv på livmeistring og helse, alt etter kva barnehage dei arbeider i. I den tredje delen er det presentert korleis barnehagelærarane arbeider med verdigrunlaget i kvardagen. Her er dei usikre på om dei arbeider med det og fleire av barnehagelærarane nemner fråvær som ein grunn til at dei ikkje arbeider med verdigrunlaget. I kapittel 6 vert desse funna drøfta opp mot kvarandre og i forhold til den teoretiske forankringa.

6 Drøfting

Denne studien er basert på intervju av seks forskjellige barnehagelærarar for å finne ut korleis dei forstår og operasjonaliserer verdigrunnlaget i rammeplanen for barnehagen (2017). Dei seks intervjuobjekta vart rekruttert frå ein privateigd idrettsbarnehage og ein ordinær kommunal barnehage. Resultata viser tydeleg at det er store forskjellar både i forståinga og operasjonaliseringa av verdigrunnlaget mellom barnehagelærarane frå dei to barnehagane, men også forskjellar mellom barnehagelærarar internt i dei to barnehagane. Resultata frå studien vert drøfta ut frå teorien og stortingsmeldingane som er lagt fram i kapittel 2 og 3 .

6.1 Operasjonalisering av verdigrunnlaget

6.1.1 Kva er eit verdigrunnlag

For å finne ut av korleis barnehagelærarane operasjonaliserer verdigrunnlaget, er det relevant undersøke kva barnehagelærarane meiner verdigrunnlaget er. På det fyrste spørsmålet i intervjuet om kva dei legg i omgrepet verdigrunnlag, kan det sjå ut som om barnehagelærarane svarer det som dei kjem på der og da. Dette tolkar eg på bakgrunn av at barnehagelærarane brukar blant anna ord som i «*mitt hovud*» når dei svarar på spørsmålet. Svara på dette spørsmålet tyder på at dei ikkje har reflektert over arbeidet sitt med verdigrunnlaget. Ein barnehagelærer tenkar at verdigrunnlaget til barnehagen er vaksenrolla og trivselen til barna, og at det på ein eller annan måte utgjer verdigrunnlaget til barna. Eg tolkar dette til at denne barnehagelæraren meiner at om dei vaksne klarar å leggje til rette slik at barna trivst i barnehagen, har dei eit godt verdigrunnlag i barnehagen. I datamaterialet kjem det også fram at ein barnehagelærer meiner at verdigrunnlaget er oppveksten til barna. Dette kan tolkast til barnehagelæraren meiner at verdigrunnlaget er ein heilheit som ligg i grunn for heile oppveksten til barna. Dette samsvarar med barnehagelæraren som seier at verdigrunnlaget er summen av alle sine verdiar. Dette kan sjåast i samanheng med at ein verdi har ein sosial dimensjon (Halstead & Taylor, 2000, s. 170), og at barnehagen er ein møteplass der menneskjer påverkar kvarandre sitt verdigrunnlag.

Det er interessant å sjå korleis barnehagelærarane ikkje nemner rammeplanen når eg spør kva dei legg i omgrepet verdigrunnlag. Den eine barnehagelæraren snakkar om barn og barndom, men nemner ikkje rammeplanen. Eg tolkar svaret hans til at han virka positivt overraska når han fekk sjå at rammeplanen sitt verdigrunnlag inneheld barn og barndom. Svara til barnehagelærarane på spørsmål om kva dei legg i omgrepet verdigrunnlag, tydar på at barnehagelærarane ikkje brukar rammeplanen i det daglege arbeidet med verdigrunnlaget,

sjølv om rammeplanen og barnehagelova er tydeleg på verdigrunnlaget og kva verdiar som fremmast for barna i barnehagen (Barnehageloven, 2005§1-1; Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 55). Rønning (2013) skriv om at barnehagelærarane brukar rammeplanen i den pedagogiske planlegginga, men at dei ikkje alltid klarar å setje ut alle planane til liv (s.151). Ho meiner også at barnehagelæraren må reflektere kritisk over rammeplanen slik at den vert meir enn ord på eit papir (s. 173). I mitt datamateriale er funna det motsette, at barnehagelærarane ikkje brukar rammeplanen, i alle fall ikkje når det er snakk om verdigrunnlaget.

Til tross for at barnehagelærarane ikkje veit kva som står i verdigrunnlaget i rammeplanen, så seier dei at rammeplanen er utforma slik den er på grunn av det norske samfunnet, og at verdiane i rammeplanen er verdiar som er viktige for det norske samfunnet. Goodlad (1979) skildrar dette som det sosiopolitiske området, som er å sjå samanheng mellom læreplanen og samfunnet (s.30). I Noreg har vi fått full barnehagedekning, fleire 1 åringar i barnehagen, og barnehagen har blitt ein del av kunnskapsdepartementet og med det ein del av utdanningsløpet (Gunnestad, 2014, s. 172). Alt dette er med på å forandre rammeplanen og måla for barnehagane, og ein barnehagelærer i studien bekreftar dette ved å svare at verdigrunnlaget har forandra seg fordi samfunnet har forandra seg. Ved å gå gjennom dei tidlegare stortingsmeldingar, er det er mogleg å sjå ein rød tråd gjennom historia på kva politikarane var opptekne av, og korleis politikarane prøvar å endre barnehagen gjennom desse stortingsmeldingane. Fyrst var fokuset å få nok barnehageplassar slik at flest mogleg kunne kome i arbeid. Vidare, når regjeringa hadde fått til det, begynte arbeidet med kvalitet i barnehagen og at alle barnehagar skulle ha god kvalitet, slik at barna kan få ein god oppvekst og verte gode medborgarar i samfunnet. Arbeidet med å fremme kvalitet i barnehagen resulterte i at regjeringa poengterte at barnehagen har eit samfunnsmandat, og at barnehagen skal gjenspeile samfunnet sin verdiar (St. meld. nr. 41, 2008-2009, s. 13). Dette vart spesielt understreka i den nye formålsparagrafen som kom i 2011. Her endra politikarane ikkje heile rammeplanen, men det var viktig for dei å få andre religionar og kulturar inn i formålet til barnehagen for å vere meir inkluderande for alle. Her vart det også presisert at rammeplanen skal gje barnehagen ein tydeleg rolle i samfunnet og setje føringar for verdiar som er forankra i menneskerettighetene. Barnehagen skal skape ein god barndom slik at barna kan ha ei aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn (Meld. St. 24, 2012- 2013, s. 8). Vidare skriv stortingsmeldingane om å ha eit felles verdigrunnlag for barnehage og skule, og legg fram at dei ynskjer å tenke langsiktig og la barna møte gode verdiar heile livet. Dette ynskjer

regjeringa å forsterke ytterlegare når dei også seinare ynskjer å inkludere SFO inn i dette verdigrunnlaget i 2019 (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 103). Arbeidet med verdigrunnlaget er viktig i barnehagen, det er ikkje berre viktig for barnet her og nå, men vil også påverke dei i framtida (Johansson et al., 2015, s. 239).

Frå den politiske sida er det viktig at barnehagen fremmer dei fastsette verdiane som dei meiner samfunnet skal byggje på. Målet til regjeringa er at barna skal verte gode samfunnsborgarar, og grunnlaget for verdigrunnlaget er å gje barna verdiar som er gode for samfunnet. Datamaterialet i denne studien viser at barnehagelærarane som eg intervjuar stilte seg kritiske til at politikarane skal få bestemme kva barndommen til barna skal vere. «*Barnehageopprøret*» viste at politikarane og profesjonsutøvarane kan vere ueinige (Bae, 2018, s. 42-43). At politikarane ynskja massetesting av barna i barnehagen skapte stor debatt i sosiale media om å verne om barndommen. Motstanden frå barnehagelærarane vart høyrte, og fortsett er barn og barndom ein sentral verdi i rammeplanen sitt verdigrunnlag. Ynskjer om at barndommen skal få vere ein verdi i seg sjølv er sterk i barnehagetradisjonen. Eit problem med at ein læreplan må endrast når samfunnet utviklar seg, er at samfunnet utviklar seg raskt, medan det går lang tid å implementere ein læreplan (Engelsen, 2006, s. 15). Funna i denne studien viser at barnehagelærarane er bevisste på at dei veit at samfunnet forandrar seg og at verdiar i barnehagen er påverka av kva verdiar vi ynskjer å ha i samfunnet. Dei er også klare over at det er politisk bestemt kva dei skal ha fokus på. Det er då tankevekkande at resultatane viser at barnehagelærarane i denne studien ikkje er kjende med verdigrunnlaget for barnehagen, og at dei heller ikkje knyt verdigrunnlaget opp mot rammeplanen.

Eit anna moment som er med og påverkar korleis barnehagelærarane operasjonaliserer verdigrunnlaget er at dei gjer det personleg. Opplevingar frå barndomen, både positive og negative, er med på å gje dei ekstra motivasjon til å operasjonalisere verdiar på den eine eller den andre måten. Dette samsvarar med definisjonen av ein verdi som er noko som er personleg (Halstead & Taylor, 2000, s. 170). Den eine barnehagelæraren seier at barn og barndom er veldig viktig for han, sidan han hadde ein veldig god barndom og ynskjer å vidareføre den. Dette samsvarar med verdigrunnlaget i rammeplanen som verdsett barn og barndom som ein verdi (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8), men det er vanskeleg å seie om barnehagelærarens fokus er tilfeldig eller skuldast arbeid med verdiar i barnehagen. Eller som den eine barnehagelæraren i datamaterialet sa at han var veldig oppteken av barn og barndom fordi han hadde høyrte om det på ein podkast. Dette viser at det kan vere fleire måtar å få barnehagelærarane til å reflektere over verdigrunnlaget. Ein annan barnehagelærer seier at

han er i barnehagen for å gjere ein betre jobb enn det som vart gjort i hans barndom, og at hans utfordringar i barndommen gjev ein indre motivasjon til å gjere ein god jobb i barnehagen. Dette viser at barnehagelærarane gjer verdigrunnlaget sitt personleg til trass for at det i «*verdiprojektet*» vert skrive at verdigrunnlaget ikkje berre skal vere personleg, men at barnehagelærarane må vere profesjonelle og arbeide automatisk, slik at verdiar vert diskutert og utfordra, og at tidlegare verdiar må revurderast (Johansson et al., 2015, s. 233-234). Vidare viser funna at barnehagelærarane seier at verdigrunnlaget er personleg i forhold til dei barna som er i barnegruppa, og seier at verdigrunnlaget forandrar seg alt etter kva slag barnegruppe dei har. Det at verdigrunnlaget bør forandre seg etter kva barn og foreldre som er i gruppa er Fønnebø & Jernberg (2018) einige i, og skriv at verdigrunnlaget tek for seg barna sine erfaringar, interesser, synspunkt og initiativ (s. 26). På den måten kan ein seie at verdigrunnlaget i rammeplanen vert ulik for kva einskild barnehagelærer, fordi både barnehagelæraren og barna har ulike erfaringar og tradisjonar. Dette vert det motsette av ein samlande læreplan der alle arbeider mot same mål, som den formelle rammeplanen har som mål om å vere. Kva som er viktig vert opp til kvar einskild, og barna vert prisgitt den individuelle barnehagelæraren. Eit av måla til den formelle læreplanen er å gje gode ramar for barnehagelæraren til å utføre ein profesjon på ein profesjonell måte, det kan vere vanskeleg når verdigrunnlaget er individuelt for kva barnehagelærer. I datamaterialet mitt stilte ein barnehagelærer seg kritisk til at utanforståande hadde valt ut kva barnehagen skal arbeide med. Det kan tolkast til at barnehagelæraren meinte at politikarar som ikkje har nok kjennskap til barnehage til å bestemme kva det skal arbeidast med. Når den same barnehagelæraren seier at barna ikkje er modne nok, slik at dei kan praktisere verdigrunnlaget inn i kvardagen, vert dette ei ugyldiggjeringa av rammeplanen. Dette kan tyde på at barnehagelæraren ikkje ser på rammeplanen som ein læreplan, men som ein rettleiar, og at han kan bestemme sjølv kva som skal brukast. Ein annan barnehagelærer meiner verdigrunnlaget er ein sum av eigne verdiar, barnehagen sine verdiar, barna sine verdiar og foreldra sine verdiar og at barnehagen vert ein verdi. På den eine sida kan dette stemme i forhold til at alle er med på påverke kva verdiar som er viktige for dei. På den andre sida blir ikkje rammeplanen med denne tolkinga ei tydeleg retningslinje for alle barnehagane, og det kan til dømes bli store variasjonar på kvalitet.

Etter det fyrste spørsmålet i intervjuet får barnehagelærarane vist overskriftene i rammeplanen. Dette vert gjort for å få gode svar i forhold til verdigrunnlaget i rammeplanen.

På den måten kunne eg som forskar få samtalen meir inn på verdiane i rammeplanen, ikkje berre på det personlege verdigrunnlaget. Dette pregar resten av svara i intervjuet, og studien hadde kanskje fått andre funn om ikkje overskriftene vart lagt fram. Eg meiner at dette var ein god måte å gjere det på sidan studien handlar om rammeplanen sitt verdigrunnlag. Funna visar at etter at barnehagelærarane får presentert verdigrunnlaget i rammeplanen, svarar dei ulikt, men nokre punkt er felles. Det var få av barnehagelærarane som var merksame på verdigrunnlaget i rammeplanen. Ein barnehagelærer brukar ord som at «*det er så stort, det er mykje*». Dette kan tolkast til at dei ikkje veit heilt kvar dei skal byrja på dette verdigrunnlaget og at det er vanskeleg å ta fatt i det. Tre av barnehagelærarane begynte å fortelje om rammeplanen som ein heilheit utan å fokusere på verdigrunnlaget. Dei fortel at rammeplanen er overordna, det er «*alt*». Her viser også barnehagelærarane til barns medverking og rettigheter. Dette står i kontrast til barnehagelæraren i førre avsnitt som meiner at rammeplanen er ein rettleiar, og uttalte at barna ikkje var modne nok til å forstå verdigrunnlaget.

6.1.2 Sentralt i funna er omsorg og tryggleik

I datamaterialet kjem det fram to verdiar som er viktige for barnehagelærarane når det gjeld verdigrunnlaget: omsorg og tryggleik. Dei ser på omsorg som eit sentralt moment når dei snakkar om verdigrunnlaget, til tross for at omsorg ikkje er ein del av verdigrunnlaget i rammeplanen. Det er interessant at barnehagelærarane nemner akkurat omsorg i denne samanhengen. Omsorg utgjer ein viktig verdi for dei, og dei meiner det er viktig at barna har det trygt og godt i barnehagen. Tholin (2003) skriv om at omsorg er meir enn praktiske handlingar, og argumenterer for at omsorg er godheit og kjærleik til barna. Det samsvarar med barnehagelæraren som seier at omsorg er å ta vare på barna, at omsorg handlar om barnesyn.

Eidsvåg (2021) skriv også at omsorg ikkje er ein del av rammeplanen sitt verdigrunnlag, men at det er eit krav for å ivareta barna sine behov (s. 41). Likevel definerer Eidsvåg (2021) omsorg innanfor det etiske verdifeltet. Han skriv at omsorga må vere ein del av det pedagogiske arbeidet og trengst for å lære barna og vise omsorg (Eidsvåg, 2021, s. 203-204). To studiar finn omsorg som ein sentral verdi som vert formidla i barnehagen (Emilson & Johansson, 2009, s. 72; Johansson et al., 2014, s. 209) og omsorg og tryggleik vert definert som ein del av dei etiske verdiane (Johansson et al., 2015, s. 122). At fleire store prosjekter som skriv omsorg som ein kjerneverdi kan vere noko av forklaringa på at barnehagelærarane også seier at omsorg er ein verdi.

Det er tydeleg at omsorg er ein sentral verdi både i den teoretiske forankringa og hjå barnehagelærarane i denne studien. Eidsvåg (2021) skriv at sjølv om omsorg ikkje er i rammeplanen, er omsorg ein viktig verdi i forhold til at barna skal lære å ta vare på seg sjølv (s. 49). Fugelsnes (2018) skriv også at ho ser mykje omsorg som vert kommunisert i barnehagen, både at vaksne formidlar omsorg til barn og at barn formildar tilbake. Ho presiserer at det er den vaksne som er nøkkelpersonen, og at det er eit asymmetrisk forhold der barnet er meir avhengig av den vaksne enn den vaksne er av barnet (s. 187).

Også i barnehagelærarutdanninga vert det undervist og lagt vekt på omsorg som ein viktig verdi i barnehagen. Før ansvaret for barnehagen vart lagt inn under kunnskapsdepartementet i 2005 (Bleken, 2007, s. 36), var barnehagen fyrst og fremst ein opphaldsplass for å gje barn omsorg, tilsyn og oppseding (Fønnebø & Jernberg, 2018, s. 12). At dette historiske perspektivet er godt forankra i barnehagekulturen kan kanskje forklare at verdien omsorg er viktig for barnehagelærarane. I stortingsmeldingane ser vi ei tydelege at fokuset er på at barnehagen skal vere ein del av utdanningsløpet og at barna skal få den hjelpa dei treng til å verte aktive samfunnsborgarar allereie i barnehagen (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 103). Verdigrunnlaget i rammeplanen er utforma av ein grunn, og politikarane har gjennom barnehagen si historie hatt påverknad på korleis rammeplanen skal utformast. Frå å vere ein omsorgsinstitusjon, er barnehagen nå ein pedagogisk verksemd, der kompetanse og kvalitet vert viktig. Barnehagen har ikkje ein læreplan slik som skulen, men er ein del av kunnskapsdepartementet. Dette igjen er spanande å sjå i lys av utvalet til denne studien. Utvalet er av fleire relativt nyutdanna barnehagelærarar, som kan vere ein feilkjelde i forhold til datamaterialet, men som viser her at sjølv om barnehagelærarane er relativt nyutdanna, så har dei har dei det tradisjonelle synet om at omsorg er det viktigaste i barnehagen. Ein kan spør seg kva dette seier om kvaliteten på barnehagelærarutdanninga og barnehaganes arbeid med rammeplanen. Eg meiner at datamaterialet viser at barnehagelærarane manglar naudsynt kunnskap for å oppfylle formålet til barnehagen.

6.2 Områda i verdigrunnlaget i rammeplanen

Det er interessant å sjå kva verdigrunnlaget i rammeplanen er for barnehagelærarane, og korleis dei meiner dei arbeider med dette. Det fyrste punktet i rammeplanen er barn og barndom, dette punktet skil seg ut i datamaterialet i frå dei andre punkta, fordi dette punktet er barnehagelærarane stort sett samde om kva er. Fleirtalet meiner at barn og barndom er noko av det viktigaste i barnehagen, og at barndommens eigenverdi må vernast om. Ein barnehagelærer meiner at alle som arbeider i barnehagar har eit personleg ynskje om at alle

skal ha ein god barndom og kallar dette «*kjerneverdier*» som er bygd inni alle.

Barnehagelærarane seier at barn og barndom er å verne om barndommen og at barna skal få lov å bestemme mest mogleg sjølv. Dette samsvarar med det som rammeplanen seier om at barnehagen skal bidra til ein god barndom med trivsel, vennskap og leik. Barnehagen skal vere starten for at barn får eit godt liv, og då må alle avgjersler som har med barnet å gjere ha barns beste som baktanke (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). I stortingsmeldingane ser vi også ei sterk forankring av at barnehagen skal verne om barndommen. Dette sterke fokuset på barndommen sin eigenverdi skil barnehagens rammeplan frå skulen sin læreplan (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 8). Barn og barndom har vore sentral gjennom heile barnehagen sin tradisjon. Det har også vorte meir fokus på å ta barns perspektiv i staden for barneperspektiv (Sommer, 2012, s. 55-56). Sommer (2012) sin teori er nyttig ved å belyse korleis synet på barn har forandra seg, og det viser også i datamaterialet at det for barnehagelærarane er veldig viktig at barn skal få vere barn. Dette punktet var noko som vart trekt fram som eit område barnehagelærarane kunne tenke seg å lære meir om, som også viser kor viktig det er for barnehagelærarane at barna skal ha ein god barndom.

Eit anna funn i datamaterialet var at barnehagelærarane kopla implisitt demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd saman. Dette gjeld alle barnehagelærarane i ein viss grad og er uavhengig kva barnehage dei arbeider i. Kapittel 5.2.2 viser at barnehagelærarane blander områda når dei snakkar om dei, og seier at det går i det same. Dette er interessant fordi det seier noko om korleis barnehagelærarane operasjonaliserer verdigrunnet og at for dei er desse verdiane som det same. Ein grunn til dette kan vere at alle desse områda er forankra i menneskerettane (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 41). Fønnebø og Jernberg (2018) skriv at dei meiner at demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd kan sjås på som eit, fordi dei kategoriserer dei som overordna rettskravprinsipp og verdier som Noreg har gjort ein plikt til i forhold til internasjonale konvensjonar (s. 31).

Datamaterialet viser at barnehagelærarane er meir usikre på demokrati er. Barnehagelærarane i den kommunale barnehagen seier at dei arbeider med demokrati gjennom at barna får bestemme, men at dette er den einaste måten som vert nemnt. Dette til tross for at dei har eit ynskje om å arbeide meir med det. Barnehagelærarane frå idrettsbarnehagen reflekterte også rundt det og vart usikre på om dei arbeider med demokrati i det heile. Ein barnehagelærer seier at dei arbeider med demokrati gjennom at barn får leike, men at dei ikkje er bevisste at dei gjer det. Ein anna barnehagelærer tenkar at demokrati høyrer ut som noko skriftleg, derfor er det vanskeleg å arbeide med. Ein tredje barnehagelærer i idrettsbarnehagen seier at

det er vanskeleg å arbeide med demokrati på grunn av det er så mange faste rammer i barnehagen, at barna må ute, barna må ete og kvile. Dette gjer at det ikkje er tid til at barna skal få bestemme sjølv. Det er interessant at barnehagelærarane er usikre på om dei arbeider med demokrati og at dei arbeider med det i forhold til at barna får bestemme, til tross for at rammeplanen skriv at demokrati handlar om å inkludera, at barna får meine noko, verte høyrte og delta i fellesskapet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8-9). Demokrati ligg nært opp til danning. I st. meld. 24 går regjeringa bort frå omgrepet oppseding, men vil heller bruka ordet danning. Dette er kanskje ikkje ei så stor endring, men for barnehagen sin del meiner eg at det er ein stor forskjell. Når danning kjem inn, viser det ei endring i syn på barn og at barna skal få vere meir med i dei demokratiske prosessane i barnehagen, samt at dei ikkje skal måtte oppsedast til allereie ferdige normer og reglar. I denne stortingsmeldinga nemnes ein skilnad på barnehage og skule, at eit av måla til barnehagen er at den skal vere ein plass som skapar ein god barndom, slik at barnet har eit godt grunnlag for livslang læring og aktiv deltaking i eit demokratisk samfunn (Meld. St. 24, 2012- 2013, s. 8). Barns medverking er også sentralt i rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 27). I st. meld. nr. 19 ynskjer regjeringa at barna skal få øve seg på demokratiske prosessar, slik at dei får tru på seg sjølv til å bidra aktivt og vere ein verdifull deltakar i fellesskapet (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 8). Med bakgrunn i dette kan det tolkast til at barnehagelærarane ikkje har reflektert over politikarane sine intensjonar om demokratiske prosessar i barnehagen. Emilson & Johansson (2009) skriv at det demokratiske barnet får moglegheiter og at desse er avhengig av at det vert lagt til rette av barnehagelæraren (s. 72). I «verdiprosjektet» fann dei også ein norm om at «*alle skal være med*» (Johansson et al., 2015, s. 221), som det kan stillast spørsmål ved om er med og motarbeider dei demokratiske prosessane i barnehagen. Om det er ein norm i barnehagen om at alle skal vere med, så er det vanskeleg å samtidig leggje til rette for at barnet skal få påverke sin kvardag. For å inkludere alle i den same leiken må dei vaksne då seie nei til barna sine meiningar om kven dei skal leike med, for å oppretthalde denne normen. Dette ser ut til å vere ein norm som vert ein del av den skjulte læreplanen, som er normer som barnehagelæraren formidlar utan å vere klar over det (Engelsen, 2006, s. 32).

I forhold til mangfald og gjensidig respekt, var det stor forskjell på barnehagane. I den kommunale barnehagen sa alle barnehagelærarane at dei arbeidde mykje med mangfald fordi dei hadde eit stort mangfald både i personalet og blant barna. Dette kan tolkast til at erfaring med stort mangfald fører til større kunnskap i forhold til kulturar og respekt for mangfaldet. I den kommunale barnehagen arbeidde dei veldig aktivt med ulike tradisjonar som gjorde at dei

vert veldig bevisst på mangfaldet. Dette samstemmer med rammeplanen som seier at mangfald og gjensidig respekt handlar om akkurat det. Mangfaldet skal vere ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og det skal vere synleg (Kunnskapsdepartementet, 2017). Den oppfatta læreplan vert aldri lik den formelle læreplanen, fordi barnehagelærarane har ulike tradisjonar og erfaringar (Gundem, 2008, s. 26). Dette kan gjenspeile erfaringane og tradisjonane til den einstilte barnehagelærarar, men også barna som går i barnehagen kan gjere slik at barnehagelæraren tolkar rammeplanen på ein annan måte. I den kommunale barnehagen arbeidde dei konkret med mangfald. Dei markerte ulike tradisjonar som representerte barna på avdelinga, morsmålsdagar og markering av nyttår, og var opptekne av å synleggjere mangfaldet med songar på forskjellige språk.

Dei tre barnehagelærarane i idrettsbarnehagen sa ikkje like mykje om mangfald og gjensidig respekt. Den eine barnehagelæraren snakka om forskjellig mat når dei snakka om dette punktet. Ein måte å sjå det på er at det gjer at både barnehagen og barnehagelæraren får ein definisjonsmakt om kva dei meiner står i rammeplanen, eller at dei kan definere kva som er viktigast i rammeplanen (Nome et al., 2021, s. 58). Fønnebø & Jernberg (2018) skriv at for å respektere ulikskapar må dei tilsette i barnehagen reflektere over seg sjølv og fornye sine verdiar i forhold til korleis verda er i endring (s.31). Den eine barnehagelæraren nemnte også markering av samedagen, sjølv om det ikkje var barn i barnehagen som hadde samisk bakgrunn, men fordi det stod i rammeplanen. Eg tolkar eksempla til at barnehagelærarane tenkar på mangfald og ser på mangfald som ein positiv ressurs, men at det oftast ikkje er med i den daglege praksisen. Mangfald og gjensidig respekt har vore med i barnehagen sin tradisjon sidan starten. Det begynte med at barnehagen skulle bygga på kristne verdiar, men ta omsyn til familiane sine val (Norge Barne- og familiedepartementet, 1995, s. 22-26). Mellom rammeplanen 2006 og 2011 vart barnehagen meir og meir mangfaldige og dette viser igjen rammeplanen. Formålsparagrafen vart endra frå oppseding i kristne grunnverdiar (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 7) til at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar frå kristen og humanetisk arv og tradisjon (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 11). I 2011 skulle verdigrunnlaget vere slik at alle kunne slutte seg til det. Det viser at respekten for kulturen vart sterkare og sterkare. I 2017 skriv rammeplanen at mangfald skal vere ein ressurs og legg vekt på menneskeverda og fellesskapet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 9). Det kan vere med på å forklara kvifor barnehagelærarane veit kva det er, men samtidig er det interessant å sjå kor forskjellig to barnehagar arbeider med mangfald og gjensidig respekt. Det

kan peike på at det er tilfeldig korleis det vert arbeida med området til tross for at mangfald og gjensidig respekt har vore ein del av barnehagane lenge.

I datamaterialet i denne studien vises det at barnehagelærarane ikkje hadde stort fokus på likestilling og likeverd, men at verdiane var blanda saman med demokrati, mangfald og gjensidig respekt. Det er interessant å legge merke til at barnehagelærarane ikkje er ser desse verdiane for seg sjølv, då likestilling og likeverd er sentrale verdiar i barnehagen.

Barnehagelærarane seier at det er veldig relevant og at alle må verte møtt på like premisser, men ikkje noko meir. Forsking viser derimot at gutar og jenter vert behandla ulikt og at dei tilsette i barnehagen har forskjellig forventning til gutar og jenter i forhold til merksemd, korleis dei gjer omsorg og kva dei seier i forhold til utsjånad (Meland & Kaltvedt, 2019, s. 97-99). Eg tolkar dette til at barnehagelærarane ikkje har fokus på likestilling og ikkje er reflekterte over det, sidan dei ikkje snakkar om det som viktig i seg sjølv, men at barnehagelærarane blander det med mangfald. Dette til tross for at likestilling og likeverd er viktig i det norske samfunnet og Noreg har skrive under barnekonvensjonen. Ei tolking kan vere at barnehagelærarane tenkar at dei arbeider med likestilling og likeverd utan at dei har reflektert over det, og derfor kan det ligge meir naturleg for barnehagelærarane utan at dei klarte å definere det som svar på spørsmåla i intervjuet. Dette er interessant fordi det er viktig å vere reflekterte i arbeidet med likestilling og likeverd og fokuset i rammeplanen har vorte endra frå likestilling mellom kjønn (Kunnskapsdepartementet, 2011, s. 11) til å vere meir likestilling på alle nivå (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10). Dette byggjer igjen opp under på at barnehagelærarane ikkje veit kva som står i verdigrunnlaget i rammeplanen.

Berekraftig utvikling og livsmeistring og helse kom inn som to nye omgrep i rammeplanen 2017. Datamaterialet viser at det er desse to punkta barnehagelærarane er mest usikre på. Dette kan igjen seie noko om implementering av rammeplanen (Roland & Ertesvåg, 2018, s. 24). Ei feilkjelde i forhold til datamaterialet i studien er at det ikkje er så stort aldersspenn på barnehagelærarane og dei har ikkje lang erfaring. På den andre sida, burde ein kunne forventast at når barnehagelærarane er relativt nyutdanna burde dei hatt meir kunnskap om berekraftig utvikling og livsmeistring og helse.

Berekraftig utvikling vart eit interessant område etter analysen av datamaterialet. Her var barnehagelærarane einige om at dei ikkje arbeidet mykje med området, og fire av barnehagelærarane kunne tenke seg å arbeide meir med det. Ut frå datamaterialet tolkar eg at barnehagelærarane ikkje har noko klar formeinng om kva berekraftig utvikling handlar om,

dei hadde ikkje har kontroll på innhaldet i ordet. Samanliknar vi dette med måten barnehagelærarane snakka om omsorg og barn og barn og barndom, er dei mykje meir usikre. Dei seier at berekraftig utvikling er å plukke søppel, gå på tur og ta vare på samfunnet. Dette gjelder begge barnehagane. Ein barnehagelærer skilde seg ut og sa at han hadde vore med på når nokon arbeidde med berekraftig utvikling i forhold til fellesskap, og at det er noko han kunne tenkt å arbeidd meir med, men ikkje hadde gjort enda. Funna viser at barnehagelærarane ikkje arbeider med berekraftig utvikling og at dei ikkje veit kva det inneheld, til tross for at berekraftig utvikling vert inkludert i større grad i rammeplanen fordi opplev klimakrisene som ekstremvær og øydeleggingar, og gjennom mediebialet. Regjeringa skriv vidare at tid ute i friluft er viktig (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 41). Om vi samanliknar dette med ein studie om analyser av årsplanen og berekraftig utvikling (Meland, 2021, s. 9-11), så ser vi at i dei fleste av årsplanane har dei ikkje nemnt berekraftig utvikling i det heile, og dei som gjorde det spesifiserte ikkje korleis dei skulle arbeide med det. I denne studien skriv Meland (2021) at berekraftig utvikling kan sjåast på som eit moteord/ «*buzzword*» som barnehagelærarane ikkje veit innhaldet i (s. 11). Forskjellen mellom den formelle rammeplanen og den oppfatta rammeplanen kjem fram når fleire av intervjuobjekta seier at dei ikkje veit kva berekraftig utvikling er, medan stortingsmeldingane viser at politikarane er tydelege på at dei meiner det er ein viktig verdi at barna får kjennskap til tidleg, og at barn må forstå at det som vert gjort i dag får konsekvensar for framtida.

Meland (2021) skriv at økologi er ein nøkkel når barn skal blir introdusert for berekraftig utvikling (s. 9-11), noko som ingen av barnehagelærarane i datamaterialet nemnte. Ein konsekvens av at barnehagelærarane ikkje har kunnskap om berekraftig utvikling er at det barna lærer om berekraftig utvikling eller om dei lærar noko vil vere varierende frå barnehage til barnehage. Bae (2018) er med på å lyfte opp kor viktig det er med berekraftig utvikling i drøftinga i boka si *politikk, lek og læring*, og skriv at på grunn av klimaendringar og samfunnsutviklinga er det viktigare nå ein nokon gong å fremme haldningar som kan hjelpe barn til å utvikle evna til å tenke kritisk rundt miljø. Barna er viktige i forhold til at dei må bidra til endringar i ein meir berekraftig retning (s. 207). Dette er motsett av kva datamaterialet mitt seier om at berekraftig utvikling ikkje er så viktig for barna. Eg tolkar datamaterialet mitt til at det er barnehagelærarane som bestemmer sjølv korleis dei tolkar berekraftig utvikling og operasjonaliserer det i kvardag. På den måten vert barna avhengige av barnehagelæraren sin kunnskap om berekraftig utvikling. Eit eksempel på det er at ein barnehagelærer meiner at barndommen må få lov til å vere utan å bekymre seg for framtida.

Denne barnehagelæraren seier at berekraftig utvikling er det Equinor som må ta seg av, ikkje hans barnegruppe. Derfor har han valt å ikkje lese på det. Dette døme viser at barnehagelæraren ikkje veit kva berekraftig utvikling er, men han meiner også at han kan velje vekk det som står i rammeplanen og arbeide med det som han synst er viktigare for barna. I denne refleksjonen må det også tas med at dette var meininga til ein barnehagelærer og det kan ikkje generaliserast. Det er likevel tankevekkande at eg i eit utval avgrensa til seks norske barnehagelærarar fann ein barnehagelærer som meiner at oljeindustrien har ansvaret for ei berekraftig utvikling, og at arbeid med dette ikkje har ein plass blant barna i den norske barnehagen. Her kan vi sjå at det er eit gap mellom regjeringa sin intensjon om at alle barn bør lære noko om berekraftig utvikling og kva barna lærer i kvardagen sin. Rammeplanen for barnehagen startar med at verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast, og at vi skal oppleve det i alle delar av barnehagen sitt arbeid (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7). Dette kan tyde på at det er viktig for regjeringa at barna møter desse verdiane. Når ein barnehagelærer er ueinig med regjeringa og seier at berekraftig utvikling ikkje bør formidlast i barnehagen fordi barna er for umodne til å forstå, vert dette i mot politikarane sine intensjonar.

Dei andre barnehagelærarane seier ikkje at dei ikkje vil arbeide med berekraftig utvikling, men dei viser kunnskapsløyse til kva det handlar om og poengterer at dei ikkje har hatt tid og resursar til å arbeide med det. På den eine sida kan det tolkast til at dei meiner at dei kan velje det som dei personleg ser på som viktig for dei å arbeide med, og på den andre sida seier dei at dei prøvar å arbeide med verdigrunnlaget i rammeplanen. For eksempel som tidlegare nemnt meiner ein barnehagelærer at berekraftig utvikling er å gå på tur, ein annan meiner det er å plukke søppel, mens ein tredje legg vekt på fellesskap. Alt dette er noko av det same som verdigrunnlaget i rammeplanen seier at det er, men er berre stykkevis og delt. Rammeplanen har teke inn dette området i verdigrunnlaget fordi samfunnet forandrar seg. I fylje den formelle læreplanen, som er vedteke og skal fyljast av barnehagelærarane, står det at barnehagen har ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for eit berekraftig samfunn, samt ta vare på naturen, seg sjølv og andre. Det er både natur, økonomi og sosiale forhold som ligg i berekraftig utvikling (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10). Som det er skrive om tidlegare, er berekraftig utvikling sett inn i verdigrunnlaget av ein grunn, og det er fordi vi er nøydt til ta vare på verda vi lev i.

I forhold til livsmeistring og helse, viser datamaterialet at alle barnehagelærarane i idrettsbarnehagen knyt dette opp mot fysisk aktivitet, og barnehagelærarane grunner dette i at dei er ein idrettsbarnehage og at konseptet er meistring og meistringsfølelsen. Derfor er denne verdien med i alle aktiviteter, til og med i språkrommet. Ein barnehagelæraren fortel om at det er viktig å vere i fysisk aktivitet for å kjenne på meistring. Ingen av barnehagelærarane i denne barnehagen seier noko om helse som også er ein del av område livsmeistring og helse i rammeplanen sitt verdigrunnlag (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Ein barnehagelærar i idrettsbarnehagen meinte at dei måtte arbeide med fysisk aktivitet sidan dei var ein idrettsbarnehage, men han meinte at andre verdiar som barn og barndom var viktigare. I den kommunale barnehagen derimot, snakkar alle barnehagelærarane om psykisk helse når dei fortel om område livsmeistring og helse, og dei grunner dette med at det er fleire og fleire som slit med psykisk helse. Den eine barnehagelæraren reflekterer over om det er derfor livsmeistring og helse har kome inn i barnehagen. Han reflekterer rundt om at samfunnet er så individualistisk og at alle skal klare alt sjølv gjev barnehagen eit ekstra ansvar i å arbeide mot god sjølvfølelse.

Livsmeistring og helse er eit nytt tema i barnehage og skule, og regjeringa skriv at det er eit viktig satsingsområde i rammeplanen og viser til andelen barn og unge som slit med psykiske plager og lidingar. Regjeringa skriv at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon som skal utjamne sosiale helseforskjeller (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 41). I rammeplanen 2006 nemnes ikkje omgrepet livsmeistring, men det vert skriva at barna skal ha moglegheit til livsutfalding i leiken (Kunnskapsdepartementet, 2006, s. 25). Området vart endra i rammeplanen i 2017 til fysisk og psykisk helse, mobbing, fellesskap og vennskap i trygge omgivnader, ro og kvile, fysisk aktivitet og matglede, sunne helse vanar, og dei skriv også om ansvaret for å avdekke omsorgsvikt (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 11). Forsking på god psykisk helse og betydninga av dette både i forskning og i politiske dokument kjem det meir av dei siste åra. Fleire barn og unge slit med psykiske og fysiske problem, barn er mindre fysisk aktive og usunt kosthald kan føre til helseproblem (Kunnskapsdepartementet, 2016, s. 41). Regjeringa skriv at barnehagen skal ha ein helsefremmande og førebyggjande funksjon som skal utjamne sosiale helseforskjeller. Dei legg også fram at fysisk aktivitet er viktig for leik, meistring, oppdagingar og erfaringar. Det er viktig å få det med i barnehagen, fordi tidleg aktivitet gjev bevegelseglede heile livet. Eit anna poeng er at barn er mindre fysisk aktive, noko som kan føre til helseproblem seinare. Usunt korthold kan også føre til dårleg helse. (Kunnskapsdepartementet, 2016, s. 41). Ingen av barnehagelærarane nemnte mat og kosthald

innanfor dette området, noko som rammeplanen gjer (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 10). Drugli & Lekhal (2018) skriv også om kor viktig arbeide med psykisk helse er og kor viktig det er å arbeide for gode erfaringar (s. 103). Klarar barnehagen å førebygge vil dette kome samfunnet til gode (Plischewski, 2018, s. 38).

I datamaterialet i denne studien ser vi korleis intensjonane i ideanes læreplan vert forandra når den formelle læreplanen vert nedskriven. Særleg stort avvik er det til den oppfatta rammeplanen, som vi kan tolka til at ikkje er basert på den formelle rammeplanen nedskriven av politikarane, men vert ein iverksett rammeplan ut frå barnehagelærarane sine personlege verdiar og erfaringar. Det kan også tolkast ut frå datamaterialet at verdiane til barnehagelærarane er tilnærma like verdiane i verdigrunnlaget til rammeplanen. Dette gjeld særleg barn og barndom og dei andre menneskerettsverdiane: demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd. Desse verdiane har vore med i den formelle rammeplanen lenge, og er internalisert hjå barnehagelærarane. Punkta som skil seg mest ut i at dei vert iverksett annleis, er dei to nye omgrepa som kom inn i rammeplanen for fem år sia: berekraftig utvikling og livsmeistring og helse. Resultata i denne studien kan tolkast til at den oppfatta rammeplanen på desse to områda skil seg klart frå den formelle rammeplanen.

6.3 Barnehagelærarane sitt didaktiske arbeid med verdigrunnlaget i rammeplanen

I intervjuet vart barnehagelærarane spurte om korleis dei arbeider saman med personalet i forhold til verdigrunnlaget i rammeplanen. Her viser funna ulike svar i barnehagane. I den kommunale barnehagen var dei usikre på korleis dei arbeidde med verdigrunnlaget og kommenterte at arbeidet med verdigrunnlaget er i kvardagen og brukar ordet «*kvardagskontrakter*». Dei sa også at arbeide med verdigrunnlaget kom av seg sjølv. To barnehagelærarar i den kommunale barnehagen peikar på leiinga og seier at dei burde hatt ein klar visjon og kultur frå toppen, slik at verdigrunnlaget gjaldt heile barnehagen. I idrettsbarnehagen seier den eine barnehagelæraren at han ikkje trur at dei arbeider systematisk med verdigrunnlaget, men at det er meir i den daglege samtalen. Samstundes seier barnehagelærarane i idrettsbarnehagen at dei har «*pedmøter*» og «*avdelingsmøter*» som dei bruker til å reflektere over daglege situasjonar. I idrettsbarnehagen fortel barnehagelærarane også om at leiinga i barnehagen har utarbeida eit verdigrunnlag, og at dei som idrettsbarnehage har ein klar visjon om å bruke idrett i det daglege. Her er det eit skilje mellom barnehagane. I den kommunale barnehagen seier barnehagelærarane derimot at dei ikkje har hatt møter og grunnar dette i pandemien. Dei trekk likevel fram at om dei hadde begynt å ha møter igjen, så hadde det vore ein god moglegheit til å snakke om

verdigrunnlaget. Her viser det forskjell i prioriteringar på møter, og systematisk arbeid. Idrettsbarnehagen har ei tydelegare leiing som har laga eit verdigrunnlag som er spesielt for dei, medan dei i den kommunale barnehagen saknar eit verdigrunnlag og ei tydelegare leiing.

Ein av barnehagelærarane frå den kommunale barnehagen skilde seg ut. Han fortalte at i arbeid med verdigrunnlaget ikkje kom av seg sjølv, men at han hadde opplevd motstand då han begynte som barnehagelærer. Motstanden var grunna i ueinigheit i forhold til kva verdiar som var viktige. Denne barnehagelæraren seier at han ikkje brukte rammeplanen og lovverket til å forklare medarbeidarane om korleis ein skal arbeida i barnehagen, men at han ville heller vere ein god rollemodell og vise. Vidare seier denne barnehagelæraren at det tok lang tid og at han måtte betale med helsa sin. Barnehagelæraren meinte sjølv at han implementerte verdigrunnlaget på denne måten, sjølv om det berre vert vist gjennom å vere ein god rollemodell og at det førte til at kvardagen vart fylt med stress. Her kjem ulikskapen mellom barnehagelærarane tydeleg fram, og det kan sjå ut som at korleis barnehagelærarane arbeider med verdigrunnlaget i stor grad er basert på deira personlege bakgrunn, samt kva medarbeidarar dei er saman med.

I denne studien har det vore vanskeleg å finne didaktisk litteratur på korleis ein barnehagelærer kan arbeide med verdigrunnlaget. Det finst veldig mykje om alle andre områder i rammeplanen og spesielt mykje om fagområda. Eit eksempel er frå boka «*frå rammeplan til didaktisk praksis i barnehagen*». Her skriv forfattarane om heile rammeplanen og didaktikken bak den, men dei skriv ikkje mykje om verdigrunnlaget (Nome et al., 2021). Dette kan bygge opp under at barnehagelærarane ikkje koplar opp rammeplanen mot didaktisk arbeid og viktigheita av det, dette til tross for at både rammeplanen og stortingsmeldingane er tydelege på at verdigrunnlaget må ligge i botn for alt det pedagogiske arbeidet (Kunnskapsdepartementet, 2017; Meld. St. 6, 2019-2020). Eit nyleg eksempel på dette er den nye stortingsmeldinga, der dei skal lage eit verdigrunnlag for SFO nettopp for å auke kompetansen (Meld. St. 6, 2019-2020, s. 103). Då vert mine refleksjonar at barnehagen også bør få auga opp for kor viktig det er å knyte verdigrunnlaget i rammeplanen opp mot didaktiske planar og arbeide systematisk med dette. Datamaterialet er i skjeringpunktet mellom den oppfatta og den iverksette læreplan (Goodlad, 1979, s. 30-37). Når det ikkje er systematisk arbeid og refleksjon over verdigrunnlaget i rammeplanen, kan det verte stor forskjell på den oppfatta og den iverksette læreplan. Det vert då individuelt korleis

barnehagelærarane tolkar verdigrunnlaget og korleis dei klarar å operasjonalisere det i kvardagen.

Kommunikasjon er eit ord som alle barnehagelærarane i datamaterialet nemner som viktig i arbeidet med verdiar. Det gjeld både å få sagt ifrå i det daglege, og at dei får ha møter der dei kan reflektere i lag. Dei tilsette treng eit språk på verdiar (Johansson et al., 2015, s. 235) og Fønnebø & Jernberg (2018) skriv om kor viktig det er at leiinga brukar rammeplanen som eit verktøy for å sikre at dei tilsette diskuterer og reflekterer over verdigrunnlaget både i lys av enkeltbarn, men også barnegruppa som heilskap. Dei skriv vidare at personalet har eit yrkesetisk ansvar i kvardagen for å reflektere over innhaldet i barnehagen (s. 27). Derfor er det viktig å skape kulturar prega av refleksjon og utvikling, slik at det skapast ein arena for å snakke om verdigrunnlaget i rammeplanen (Lunde, 2018, s. 111; Rønning, 2013, s. 121). Gjennom verdiprojektet der dei arbeidde med verdiar såg forskarane at deltakarane i prosjektet fekk eit betre språk på korleis dei kunne snakke om verdiar (Johansson et al., 2014, s. 209). Ein måte å reflektere over verdigrunnlaget er å arbeide med praksisfortellingar som eit verktøy for å implementera (Birkeland, 2007, s. 137; Johansson et al., 2015, s. 138). Praksisfortellingar kan gje refleksjon over eigen praksis både fordi det er skrivne ned, men også sidan det då kan reflekterast over saman med praksisfellesskapet. Praksisfortellingar er forfatternen si subjektive oppfatning av situasjonen og derfor ein god moglegheit til å leite etter kommuniserte verdiar i fortellinga.

Barnehagelærarane i idrettsbarnehagen hadde eit tydeleg verdigrunnlag som eigaren av barnehagen hadde laga, og det kom tydeleg fram at dei hadde jobba med dette. Verdigrunnlaget til denne barnehagen hadde eit anna fokus enn det som er skrive i rammeplanen. Det kan tolkast til at eigarane av ein barnehage kan bestemme kva dei skal fokusere på i kvardagen. Gjennom denne studien er det tydeleg at barnehagelærarane ikkje har god nok kjennskap til verdigrunnlaget for barnehagen som er skildra i rammeplanen. I datamaterialet reflekterer den eine barnehagelæraren over at idrettsbarnehagen fokuserte på, men at han hadde mest lyst å fokusere på barn og barndom fordi det var det han meinte at var viktigast. Det kan også tolkast ut frå datamaterialet at han ikkje var klar over at barn og barndom var med i verdigrunnlaget i rammeplanen, men at han hadde oppdaga viktigheita av barndommens eigenverdi fordi han hadde høyrte om temaet på ein podkast. Dette viser at det er mange moglegheiter til å arbeide med verdigrunnlaget og det er mogleg å bruke mange kanalar på å gjere det. Barnehagefeltet må verte meir bevisste og systematiske i arbeidet. I datamaterialet mitt ser det ut til at barnehagelæraren får stor friheit til å definere kva verdiar

som er dei viktigaste (Nome et al., 2021, s. 58). På bakgrunn av dette stiller eg spørsmål ved om verdigrunnlaget i rammeplanen har ein innarbeidd plass i barnehagen, både med tanke på at barnehagen er ein del av utdanningsløpet og at barndommen skal vere samanhengande ved at barna møter like verdiar (Meld. St. 19, 2015-2016, s. 5). Mangelfullt arbeid med rammeplanen, fører til at den oppfatta læreplanen aldri vert lik frå barnehagelærar til barnehagelærar, fordi definisjonsmakta til barnehagelærarane er med og påverkar på både det oppfatta og det iverksett nivå av læreplanen (Gunnestad, 2014, s. 171; Nome et al., 2021, s. 58).

Eit anna spørsmål i intervjuguiden er kva barnehagelærarane ser på som utfordringar i forhold til arbeid med verdigrunnlaget. Eit interessant funn her er at tre barnehagelærarar nemner frávær og dårleg bemanning som ein orsak. Dette gjeld begge barnehagane. Dei seier at stort press over lang tid gjer at det ikkje er mogleg å møte alle barna på best mogleg måte. Den eine barnehagelæraren opplever at dei arbeider meir som eit «*rulleband*». Dette tolkar eg som om dei kvar dagslege oppgåvene som mat, stell og av- og påkledning tek alt fokus, og at det ikkje vert tid til å grunne over verdigrunnlaget. Det skal i denne samanheng også påpeikast at datamaterialet til denne studien vart innhenta i februar i 2022, rett etter at barnehagesektoren hadde hatt høgt sjukefrávær over lengre tid på grunn av koronapandemien. Dessutan seier barnehagelærarane at det kjem inn mange nye vikarar som kan gjere det utfordrande å gjennomføre dei didaktiske planane, og at vikarane ikkje har den same relasjonen til barna og derfor at det derfor er vanskeleg å vere tydeleg på ein god måte. Goodlad (1979) skriv om rammevilkår som ein del av det teknisk-profesjonelle området, og at det er med på å påverke korleis læreplanen vert tolka (s. 30-37). Ein barnehagelærar seier at menneskjer vert slitne ved høgt press over lang tid. Då kan rammeplanen seie kva som helst, det vert umogleg å gjennomføre det. Funna viser også at frávær og dårleg bemanning er grunnen til at barnehagelærarane ikkje får reist ut i naturen og ikkje får arbeidd med demokrati. Tidspresset vert så stort at dei opplever at dei ikkje har kapasitet til pedagogisk arbeid. Dette går ut over barna fordi barnehagelærarane får «*prestasjonspress*» og har ikkje tid til å møte barna på det som dei treng. Desse funna viser det at barnehagelærarane meiner rammevilkåra ikkje er tilstrekkeleg for å arbeide med verdigrunnlaget i rammeplanen. Eidsvåg(2021) skriv om det same i forhold til å gjennomføra rammeplanen sine krav i forhold til omsorg. Han brukar omgrepet avmakt på at barnehagelærarane har lovpålagte føringar i frå rammeplanen som dei skal gjennomføra, men at dei har veldig lite kontroll på rammefaktorar rundt (s. 171). Eit eksempel på at barnehagelærarane seier ifrå at dei har for dårlege rammer i barnehagen er

gjennom «*barnehageopprøret*» (barnehageoppror.com). Her skildrar barnehagelærarane mange eksempel på at barnehagetilsette opplever at drifta er uforsvarleg grunna låg bemanning. Denne opplevinga vert også bekrefta av mitt datamateriale, der ein pressa situasjon med fråvær fører til at dei må arbeida som «*rulleband*» for å få gjort rutinane, og at dei derfor har redusert kapasitet til pedagogisk arbeid.

6.4 Fellesskapet

Som ein oppsummering av alle funna i denne studien, sit eg som forskar igjen med verdien fellesskap. Fellesskap er ein verdi som rammeplanen skriv om under alle områda med unntak av berekraftig utvikling, men der står det at barna skal lære å ta vare på kvarandre (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 7-11), noko eg meiner er ein fellesskapsverdi.

Barnehagelærarane gjev uttrykk for at det er vanskeleg å møte individa sine behov og samstundes møte fellesskapet sine behov og at den balansen er veldig vanskeleg å arbeide med. Forsking viser derimot at det er styrst vekt på individuelle verdier i barnehagane, men også at barnehagelæraren står i eit motsetningsforhold mellom individ og gruppe (Johansson et al., 2015, s. 25-35). Det er også hovudvekt på dei etiske verdiane, slik som omsorg og tryggleik, sjølv om det også er demokratiske og effektiviseringsverdier (Johansson et al., 2014, s. 195). Der dei demokratiske er i stor grad med på å fremme fellesskapet. Vidare hevdar Johansson (2018) at verdier som er basert på mangfald, demokrati og fellesskap ikkje kan verte teke for gitt, men at dei må forsvarast og arbeidast med (Johansson, 2018, s. 50). Barnehagen treng større fokus på dei demokratiske verdiane slik at dei kan bygge opp fellesskapet. Eit godt hjelpemiddel i dette arbeidet kan vere arbeid med praksisfortellingar som er beskrive i «*verdiprojektet*» (Johansson et al., 2014, s. 209). Johansson (2018) skriv at også at den politiske debatten om verdier som solidaritet og demokrati står stille, medan fokuset er på individualisering, kunnskap og effektivisering (s. 50). Datamaterialet viser også at den eine barnehagelæraren reflekterte over akkurat dette. Han meinte at samfunnet nå har blitt meir og meir individualistisk og at kjernefamilien tek seg av alt, i forhold til før når det var storfamilie. Barna må derfor lære å klare meir sjølv, noko som krev at barna har god sjølvfølelse og kan kjenne sine egne kjensler. Når samfunnet vert meir og meir individualistisk, meiner eg at det er enda viktigare for barnehagen å fremme fellesskapsverdier.

Eidsvåg (2021) sin teori er nyttig for å vise ei side av fellesskapsverdier i barnehagen. Han legg fram omgrepet «*berekraftig omsorg*» i si bok. Der berekraftig omsorg er ein omsorg som gjev, men også får igjen, og vil derfor fungere over tid i ein institusjonell situasjon der omsorg

er eit felles ansvar (s. 29). Han skriv vidare at om barnehagen utøver ei berekraftig omsorg, vises dette i fellesskapet ved at individet klarar å ta vare på seg sjølv, fordi fellesskapet er med på å støtte individa i omsorga. For at barnehagelærarane skal kunne yte den berekraftige omsorga, krevst det støtte frå leiinga, både praktisk, men også mellommenneskeleg (s. 214). Han skriv at om barnehagelærarane har ei berekraftig omsorg, vert ikkje omsorg berre ein ferdigheit, men også ein identitet som er reflektert over (s. 212) . Då vert det fellesskapet som yter omsorg. Om ikkje fellesskapet fungerer, er det vanskeleg å yte omsorg (s. 215). Eg meiner at vi bør bruke refleksjonane til Eidsvåg (2021) til å arbeide med verdigrunnlaget i rammeplanen. Ved å bruke fellesskapet til å arbeide med verdigrunnlaget, minskar belastinga på kvart enkelt individ, og det vert motarbeida situasjonar som vist i datamaterialet, kor barnehagelærarane seier at verdigrunnlaget vert «*berre ord*» om du er sliten og at «*barnesynet kan ryke når man er sliten*». Då meiner eg at eit sterkare fellesskap i barnehagen som tek ansvar saman, vil vere positivt for å få til å arbeide med verdigrunnlaget. På den måten kan fellesskapet gjere arbeidet meir berekraftig og bidra til at rammeplanen vert meir lik på alle læreplannivå (Goodlad, 1979, s. 60). Viss ikkje vert rammeplanen sine føringar for mykje å handtere i forhold til rammevilkåra.

7 Avsluttande refleksjonar

Denne studien har undersøkt korleis verdigrunnlaget i rammeplanen for barnehagen (2017) vert forstått og operasjonalisert av barnehagelærarar i to forskjellige barnehagar. Data i denne studien er innhenta gjennom semistrukturert forskingsintervju av seks forskjellige barnehagelærarar frå to forskjellige barnehagar. Etter innhentinga av data brukte eg temaanalyse på å finne ulike tema i datamaterialet. Resultata av analysen vart kategorisert til tre tema. Det fyrste var at barnehagelærarane har ulik forståing av verdigrunnlaget. Det viktige i dette temaet var at dei brukte personlege erfaringar når dei fortalte om kva verdigrunnlaget var, og at dei ikkje refererte til rammeplanen i svara. Dette er viktig fordi det viser kva plass rammeplanen sitt verdigrunnlag har hjå den enkelte barnehagelærer. Eit anna funn i dette temaet var at omsorg og tryggleik var sentrale verdiar for barnehagelærarane. Det andre temaet var verdiområda i rammeplanen sitt verdigrunnlag, og korleis barnehagelærarane fortalte at dei arbeidde med dei. Her er hovudfunna at dei meiner barn og barndom er det viktigaste og at dei ynskjer å verne om barndommens eigenverdi. Det kjem også fram at dei ikkje skilde mellom demokrati, mangfald og gjensidig respekt og likestilling og likeverd, samt at dei ikkje veit kva området berekraftig utvikling inneheld og då naturleg nok ikkje arbeider med dette. Til slutt kjem det fram at det er forskjell mellom barnehagane på kva dei legg i området livmeistring og helse. Idrettsbarnehagen hadde fokus på den fysiske delen av livsmeistring og helse, medan den ordinære kommunale barnehagen hadde fokus på psykisk helse. Dette er interessant fordi det viser kor forskjellig barnehagelærarane frå dei to barnehagane operasjonaliserer kvart enkelt punkt i rammeplanen sitt verdigrunnlag. Dette kan igjen seie noko om kor mykje dei eigentleg har sett seg inn i det. Det siste temaet var korleis dei arbeider med verdigrunnlaget som ein heilheit. Her viser funna at barnehagelærarane er usikre på om dei arbeider med verdigrunnlaget blant personalet, og at dei brukar vilkårleg kommunikasjon i kvardagen til å arbeide med det. Eit anna funn i denne delen er at barnehagelærarane seier at fråvær og dårleg bemanning er ein av grunnane til at dei ikkje har kapasitet til å arbeide med rammeplanen sitt verdigrunnlag. Desse funna er viktige fordi dei peikar på at det ikkje er systematisk arbeid med verdigrunnlaget.

Det har vore vanskeleg å finne liknande studiar på barnehagen sitt verdigrunnlag. Derfor valte eg å drøfte resultata mot teori på verdiar, men har også lent meg på forskarar som har forska på einskilde område i verdigrunnlaget. Det var også viktig for meg å bruke plass i denne oppgåva på korleis verdigrunnlaget har blitt til gjennom forskjellige utgåver av rammeplanen og stortingsmeldingar, slik at det kjem fram eit djupare bilete på kva som har vore med å

forme dagen sitt verdigrunnlag for barnehagen. Eg har også inkludert læreplanteori i teoridelen. Dei fem nivåa i Goodlad (1979) sin læreplanteori er interessante for å diskutere korleis rammeplanen vert arbeidd med og implementert i barnehagane.

Formålet med studien var å undersøke kva tankar barnehagelærarane hadde med arbeidet sitt rundt verdigrunnlaget i rammeplanen. Eg hadde eit ynskje om å lyfte fram barnehagelæraren sine refleksjonar om verdigrunnlaget, og ville at studien skulle inspirere til større fokus på verdigrunnlaget i sin heilskap, samt skape auka bevisstheit om korleis arbeidet med verdigrunnlaget påverkar arbeidet til barnehagelæraren i møte med barn, foreldre og kollegar. Dette meiner eg at studien har gjort og datamaterialet viser at barnehagelærarane forstår og operasjonaliserer verdigrunnlaget ulikt, alt etter korleis dei forstår verdigrunnlaget ut frå personlege verdiar og erfaringar. Dei tolkar og definerer sjølv kva dei vil leggje vekt på, og dette er med på å påverke korleis dei operasjonaliserer verdigrunnlaget i kvardagen. Leiinga i barnehagen har ein viss påverknadskraft til å påverke operasjonaliseringa, men til slutt er det barnehagelærarane sine val som vert gjeldande. Det er tydeleg at barn og barndom er ein sentral verdi for barnehagelærarane og også gjennom barnehagen sin historie. Forsking viser ein tydeleg effekt av å ha eit systematisk arbeid med verdiar for å bevisstgjere barnehagelærarane på sitt eige verdigrunnlag. Studien viser at det må gjerast eit større arbeid i barnehagen, slik at barna kan møte reflekterte og bevisste barnehagelærarar i alle barnehagar. Ut frå datamaterialet, kan det sjå ut som at tilfeldigheitene bestemmer om profesjonsutøvarane i det heile er klar over at rammeplanen inneheld eit felles verdigrunnlag for alle barnehagar i landet. Fråvær og dårleg bemanning vert også drøfta som grunn til at barnehagelærarane ikkje klarar å arbeide med verdigrunnlaget i rammeplanen. Barnehagelærarane kjennar på avmakt i forhold til krav som skal oppfyllest, særleg fordi dei i liten grad kan påverke rammefaktorar. Eg påstår i slutten av drøftinga at vi må skape eit fellesskap som støttar kvarandre i verdiformidling i kvardagen. Eidsvåg (2021) brukar omgrepet berekraftig omsorg (s. 212), og eg meiner vi også må arbeide systematisk for å få eit berekraftig arbeid med rammeplanen sitt verdigrunnlag inn i barnehagen. Ei forklaring på at funna er slik som dei er, kan vere fordi det vart henta inn data rett etter ein pandemi, som har gjort at det har vore vanskeleg med systematisk arbeid. Det kan vere at funna hadde vore annleis om intervjuar hadde vore gjort på eit anna tidspunkt. Gjennom denne studien held eg fast ved Fønnebø & Jernberg (2018) sin påstand om at å ha god kunnskap om rammeplanen sitt verdigrunnlag er avgjerande for å kunne utøve profesjonsrolla som sett arbeidet med barna i forhold til vennskap og trivsel og samspel i eit verdi – og danningperspektiv (s. 37). Funna i denne studien viser at

barnehagelærarane som er intervjuar ikkje har reflektert over rammeplanen sitt verdigrunnlag noko som bekreftar mine mistankar på førehand.

Eg håper at studien kan vere med å setje fokuset meir over på verdigrunnlaget og arbeidet rundt det. Gjennom offentlege dokument er det tydeleg at verdigrunnlaget er med i rammeplanen for ein grunn, men funna viser at det til tross for dette er lite fokus på verdigrunnlaget i dei to barnehagane. Funna mine kan forhåpentlegvis vere med å bidra til at det kjem meir forskning på verdiar i barnehagen og kva dei har å seie for kvaliteten.

Barnehagelærarane er profesjonsutøvarar som skal arbeide etter rammeplanen, og det ser ut til å vere behov for meir forskning på verdigrunnlaget i rammeplanen for å sikre implementering av dette i dei norske barnehagane.

Som tidlegare nemnt, er ein av svakheitene til denne studien at det ikkje er eit stort utval, og dermed kan ikkje funna generaliserast. Ser eg tilbake på prosessen, kunne det vore nyttig å ha gjort observasjonar i barnehagane. Dette vart valt vekk på grunn av tid til gjennomføring.

Skulle eg teke studien opp igjen og arbeidd vidare med den er dette noko eg ville ha gjennomført. Ein annan svakheit er at studien berre har ein forskar og derfor er avhengig av mine tolkingar av funna. Eg har heller ikkje nokon liknande studie å lene meg på. Eg har vore observant på dette og hatt god kommunikasjon med rettleiar undervegs, slik at tolkinga skal vere så objektiv som mogleg. Sterke sider ved studien er at det er gjort tydelege funn, og den setter også lys på ein del av rammeplanen som det ikkje er gjort mykje forskning på tidlegare.

Denne oppgåva fokuserer på barnehagelæraren og arbeidet med verdigrunnlaget. Gjennom arbeidet med materialet finn eg det vanskeleg å ikkje tenke på korleis barnet eigentleg opplev kvardagen sin og kva den «*erfarte læreplan*» (Goodlad, 1979, s. 63-64) til barnet vert. Studien impliserer at det er opp til den enkelte barnehagelærer å lese rammeplanen, og at det til ein viss grad er tilfeldig kva verdigrunnlag som vert brukt i barnehagen. Verdigrunnlaget ser ikkje ut til å vere felles for barnehagane, men forskjellig mellom individ, avhengig av kva barndom og personlege erfaringar barnehagelæraren har. Korleis er det då for barna å vere i dei ulike barnehagane? Går vi tilbake til å vere ein oppbevaringsplass eller kan barnehagen fortsett vere ein pedagogisk verksemd? Har barnehagen gått seg vill i å fokusere på fagområde, mål og arbeidsmetodar, og difor gløymt å fokusere på verdigrunnlaget? Det hadde vore spennande å utvide denne studien til å observere barna og korleis dei erfarer verdigrunnlaget. Då kunne ein prøvd å fått ein peikepinn på kva haldningar og verdiar dei tek med seg frå barnehagen. Dette kunne ein gjort gjennom eit longitudinelt forskingsprosjekt på for eksempel kva haldningar barn har til berekraftig utvikling i barnehagen og fem/ti år etter at dei har gått i barnehagen.

Eg kunne også tenkt meg å undersøke barnehagelærerutdanninga og kva verdiar som vert formidla der. Har dei nyutdanna barnehagelærarane god nok kunnskap om korleis ein læreplan fungerer og korleis dei kan arbeide med den? Kva verdiar formidlar barnehagelærerutdanninga at er viktig i arbeidet med verdigrunnlaget? Kva rolle har universiteta når dei utdannar ein profesjon. Det finst mange gode reflekterte barnehagelærarar som er opptekne av å møte barna på ein god måte. Studien tyder likevel på at fokus på systematisk arbeid på kva verdiar barna vert møtt med er eit klart forbettringsområde.

8 Litteraturliste

- Bae, B. (2018). *Politikk, lek og læring : barnehageliv fra mange kanter*. Fagbokforlaget.
- Barnehage-loven. (2005). *Lov om barnehager* (LOV-2021-06-11-80). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Barnehageopprøret. <https://barnehageoppror.com/>
- Birkeland, L. (2007). Den gjennomsluttede barnehagen - pedagogisk dokumentasjon. I M. Bjerkestrand & T. Pålereud (Red.), *Førskolelæreren i den nye barnehagen - fag og politikk* (s. 121-151). Fagbokforlaget.
- Bleken, U. (2007). Barnehagen i samfunnet. I T. Moser & M. Röthle (Red.), *Ny rammeplan - ny barnehagepedagogikk?* (s. 27-39). Universitetsforlaget.
- Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative research in psychology*, 3(2), 77-101. <https://doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>
- Drugli, M. B. & Lekhal, R. (2018). *Livsmestring og psykisk helse*. Cappelen Damm akademisk.
- Eidsvåg, G. M. (2021). *Etikk i barnehagen : syv samtaler om nærhet, omsorg og lykke*. Universitetsforlaget.
- Emilson, A. & Johansson, E. (2009). The desirable toddler in preschool : values communicated in teacher and children interactions. I D. Berthelsen, J. Brownlee & E. Johansson (Red.), *Participatory learning in the early years, research and pedagogy* (s. 61-77). Routledge.
- Engelsen, B. U. (2006). *Kan læring planlegges? : arbeid med læreplaner - hva, hvordan, hvorfor* (5. utg.). Gyldendal akademisk.
- Forente nasjoner. (1989). *Fns konvensjon om barnets rettigheter: Vedtatt av De forente nasjoner 20. november 1989; Ratifisert av Norge 8. januar 1991 (Rev. oms. mars 2003 med tilleggsprotokollar)*. Barne- og familiedepartementet.
https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/bfd/bro/2004/0004/ddd/pdfv/17893_1-fns_barnekonvensjon.pdf
- Fugelsnes, K. (2018). Reciprocal Caring in ECEC Settings. I E. Johansson, A. Emilson & A.-M. Puroila (Red.), *Values Education in Early Childhood Settings* (s. 187-198) (International Perspectives on Early Childhood Education and Development). Cham: Springer International Publishing.
https://doi.org/10.1007/978-3-319-75559-5_11
- Fønnebø, B. & Jernberg, U. (2018). *Barnehagens rammeplan i praksis : ledelse, omsorg og kompleksitet* (rev. 2 utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Gilje, N. & Grimen, H. (1993). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger : innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi* (2. utg.). Universitetsforlaget.
http://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digibok_2008021804022

- Goodlad, J. I. (1979). *Curriculum inquiry: the study of curriculum practice*. McGraw-Hill book company.
- Gundem, B. B. (2008). *Perspektiv på læreplanen*. Fagbokforlaget.
- Gunnestad, A. (2014). *Didaktikk for barnehagelærere: en innføring*. Universitetsforlaget.
- Halstead, J. M. & Taylor, M. J. (2000). Learning and Teaching about Values: A review of recent research. *Cambridge journal of education*, 30(2), 169-202.
<https://doi.org/10.1080/713657146>
- Homan, R. (2002). The principle of assumed consent: the ethics of gatekeeping. *Journal of philosophy of education.*, 35(3), 329-343. <https://doi.org/https://doi.org/10.1111/1467-9752.00230>
- Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2016). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (5. utg.). Abstrakt.
- Johansson, E. (2018). The Heart of Values Education in Early Childhood: Key Issues and Patterns. I E. Johansson, A. Emilson & A.-M. Puroila (Red.), *Values Education in Early Childhood Settings : Concepts, Approaches and Practices* (s. 33-54) (International Perspectives on Early Childhood Education and Development). Springer International Publishing.
https://doi.org/10.1007/978-3-319-75559-5_3
- Johansson, E., Emilson, A. & Puroila, A.-M. (2018). *Values Education in Early Childhood Settings : Concepts, Approaches and Practices* (Bd. 23). Springer International Publishing
<https://doi.org/https://doi.org/10.1007/978-3-319-75559-5>
- Johansson, E., Fugelsnes, K., Mørkeseth, E. I., Röhle, M., Tofteland, B. & Zachrisen, B. (2014). *Verdier i barnehagen : mellom ideal og realiteter* (Bd. no. 43). Universitetet i Stavanger.
- Johansson, E., Fugelsnes, K., Mørkeseth, E. I., Röhle, M. A., Tofteland, B. & Zachrisen, B. (2015). *Verdipedagogikk i barnehagen*. Universitetsforlaget.
- Kunnskapsdepartementet. (2006). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kilde/kd/rus/2006/0015/ddd/pdfv/293087-rammeplan-nynorsk.pdf>
- Kunnskapsdepartementet. (2011). *Rammeplan for innholdet i og oppgåvene til barnehagen* (Rev. utg.). Kunnskapsdepartementet.
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehagen: forskift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgåver*. Utdanningsdirektoratet.
<https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3. utg.). Gyldendal akademisk.

- Lunde, S. (2018). Omsorgsfulle relasjoner og begeistring som smitter. I I. Størksen (Red.), *Livsmestring og livsglede i barnehagen*. Cappelen Damm akademisk.
- Meland, A. T. (2021). Tracking education for sustainable development in ECEC institutions' annual plans. *European Early Childhood Education Research Journal*, 1-15.
<https://doi.org/10.1080/1350293X.2021.2008464>
- Meland, A. T. & Kaltvedt, E. H. (2019). Tracking gender in kindergarten. *Early child development and care*, 189(1), 94-103. <https://doi.org/10.1080/03004430.2017.1302945>
- Meld. St. 6. (2019-2020). *Tett på - tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-6-20192020/id2677025/?ch=1>
- Meld. St. 19. (2015-2016). *Tid for lek og læring, bedre innhold i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/stm201520160019000dddpdfs.pdf>
- Meld. St. 24. (2012- 2013). *Framtidens barnehage*. Kunnskapsdepartementet.
<https://www.regjeringen.no/contentassets/2e8ad98938b74226bc7ff395839434be/no/pdfs/stm201220130024000dddpdfs.pdf>
- NESH. (2021). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap, humaniora, juss og teologi*, (5. utg.). Forskningsetiske komiteer.
<https://www.forskningsetikk.no/globalassets/dokumenter/4-publikasjoner-som-pdf/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora.pdf>
- Nome, D. Ø., Rønning, G. S. & Spieler, K. S. (2021). *Fra rammeplan til didaktisk praksis i barnehagen*. Cappelen Damm Akademisk.
- Norge Barne- og familiedepartementet. (1995). *Rammeplan for barnehagen*. Departementet Akademika distributør.
- Norge forbruker- og administrasjonsdepartementet. (1982). *Målrettet arbeid i barnehagen : en håndbok*. Universitetsforlaget.
- Plischewski, H. (2018). Livsmestring og helse. I I. Størksen (Red.), *Livsmestring og livsglede i barnehagen* (s. 35-58). Cappelen Damm akademisk.
- Roland, P. & Ertesvåg, S. K. (2018). *Implementering av endringsarbeid i barnehagen*. Gyldendal.
- Rønning, G. S. (2013). *Rammeplan for barnehagen, hva så?* (2. utg.). Cappelen Damm akademisk.
- Sommer, D. (2012). *Barn i senmoderniteten : barndomspsykologiske perspektiver* (A. Sjøbu, Overs.). Fagbokforl.
- St. meld. nr. 27. (1999-2000). *Barnehage til beste for barn og foreldre*. . Det kongelige barne- og familiedepartement.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/f3e9eee390254689baf836ddf24a14ec/no/pdfa/stm199920000027000dddpdfa.pdf>

St. meld. nr. 41. (2008-2009). *Kvalitet i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet.

<https://www.regjeringen.no/contentassets/78fde92c225840f68bce2ac2715b3def/no/pdfs/stm200820090041000dddpdfs.pdf>

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode* (4. utg.). Fagbokforlaget.

Tholin, K. R. (2013). *Omsorg i barnehagen*. Fagbokforlaget.

Østrem, S., Bjar, H., Føsker, L. I. R., Hogsnes, H. D., Jansen, T. T., Nordtømme, S. & Tholin, K. R. (2009). *Alle teller mer : en evaluering av hvordan Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver blir innført, brukt og erfart* (1/2009). Høgskolen i Vestfold. <https://openarchive.usn.no/usn-xmloi/bitstream/handle/11250/149122/rapp01-2009-alle-teller-mer.pdf?sequence=1>

9 Vedlegg

9.1 Vedlegg 1: Godkjenning frå NSD

Vurdering

Skriv ut

Referansenummer

848015

Prosjekttittel

Masteroppgåve

Behandlingsansvarlig institusjon

Universitetet i Stavanger / Fakultet for utdanningsvitenskap og humaniora / Institutt for barnehagelærerutdanning

Type prosjekt

Studentprosjekt, masterstudium

Prosjektperiode

01.01.2022 - 30.06.2022

Vurdering (1)**20.01.2022 - Vurdert**

Det er vår vurdering at behandlingen av personopplysninger i prosjektet vil være i samsvar med personvernlovgivningen så fremt den gjennomføres i tråd med det som er dokumentert i meldeskjemaet med vedlegg den 20.01.2022, samt i meldingsdialogen mellom innmelder og Personverntjenester. Behandlingen kan starte.

TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 30.06.2022.

LOVLIG GRUNNLAG Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake.

Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

PERSONVERNPRINSIPPER Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke behandles til nye, uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

DE REGISTRERTES RETTIGHETER Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18), og dataportabilitet (art. 20). Personverntjenester vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13. Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

Ved bruk av databehandler (spørreskjemaleverandør, skylagring eller videosamtale) må behandlingen oppfylle kravene til bruk av databehandler, jf. art 28 og 29. Bruk leverandører som din institusjon har avtale med.

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og/eller rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

MELD VESENTLIGE ENDRINGER Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde:

<https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema>

Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

OPPFØLGING AV PROSJEKTET Personverntjenester vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Lykke til med prosjektet!

9.2 Vedlegg 2: Forespørsmål om deltaking i forskingsprosjekt

Vil du delta i eit forskingsprosjekt om verdigrunnlaget?

Mitt namn er: Bjørg Oltedal og eg er student ved Universitetet i Stavanger. I min masteroppgåve søker eg meir kunnskap om barnehagelærarens forståing og praksisar ved barnehagens verdigrunnlag.

Føremål

Føremålet med prosjektet er å finne ut korleis barnehagelærarar forstår og operasjonaliserer rammeplanens verdigrunnlag. Eg skal besøka to/tre barnehagar i frå same by, der kvar barnehage bør ha fleire barnehagelærarar, i og med at eg ynskjer å samtale med 6 personar. Desse må kunne delta i ca. 45 minuttars samtale. Førsteamanuensis Aud Torill Meland, Institutt for barnehagelærerutdanning, UiS vil vere hovudrettleiar i arbeidet.

Kva inneber deltaking i studiet?

Samtalene vil handle om barnehagens verdigrunnlag. Det krev ingen førebuing. Eg kjem til å notere samt gjere lydopptak – dette fordi eg i transkriberinga skal kunne få fram ein mest mogleg korrekt gjentakning av samtaler. Lydopptaket vert gjort i ein lukka diktafon app. Då vert opptaket umiddelbart krypter på telefonen, og det er berre mogleg å lytte til opptaket bak ei passordbeskytta side. For å sikre din anonymitet, vert namnet ditt erstatta med ein kode.

Kva skjer med intervjumaterialet?

Samtalane behandlast konfidensielt og vert anonymisert. Namnelister og kodar for personar og barnehagar vert lagra avskilt frå kvarandre. Det skal ikkje vere mogleg å spora tilbake til person eller barnehage. Lydopptaka vert sletta etter at prosjektet er avslutta rundt utgangen av juni 2022. Studien er meldt til personvernombudet for forskning, NSD – Norsk senter for forskningsdata AS

Frivillig deltaking

Det er frivillig å delta i prosjektet. Deltakarar skal fylle ut et informert samtykke. Du kan når som helst trekke ditt samtykke. Alle personopplysingane dine vil då verte sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg utan å oppgi nokon grunn. Dersom du trekker deg, vil alle opplysningar om deg bli anonymisert.

Dersom du ønsker å delta eller har spørsmål til studien, ta kontakt med Bjørg Oltedal, b.omland@stud.uis.no, 98610213. Om ønskeleg kan også min veilegleiar Aud Torill Meland ved Universitetet i Stavanger kontaktast, aud.t.meland@uis.no.

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på e-post (personverntjenester@nsd.no) eller på telefon: 53 21 15 00.
- Eller Stavanger universitet sitt personvernombud: personvernombud@uis.no

Dine rettar

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysingane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Venleg helsing

Bjørg Oltedal
student

Aud Torill Meland
rettleiar

Samtykke til deltaking i studien

Eg har motteke og forstått informasjon om studien, og ønsker å delta. Eg har lest informasjonen om studiet og er klar over min rett til å trekka mitt samtykke når eg måtte ønske.

(Signert av prosjektdeltakar, dato)

9.3 Vedlegg 3: Intervjuguide

Intervjuguide

Innleiing: Dette er ei masteroppgåve i barnehagevitenskap, eg interesserer meg for arbeid med verdigrunnlaget i barnehagen, og har veldig lyst å høyra på dine erfaringar og tankar om dette temaet. Intervju vert teke opp og vert oppbevart hjå meg, det er berre eg og rettleiaren min som vil ha innsyn i opptaket. Barnehage, namn og andre personopplysingar vert anonymisert. Intervjuet vert transkribert og alt vil verte sletta etter prosjektet er ferdig. Du kan når som helst trekke deg som informant og trekke tilbake det du har sagt. Eg noterer litt undervegs. Eg ynskjer å høyre om dine meiningar og erfaringar, derfor er ingen svar rett eller galt. Så svar open og ærleg.

Spørsmål?

Personopplysingar og bakgrunnsinformasjon

1. Fortel litt om deg sjølv
 - Kva utdanning har du? Vidareutdanning?
 - Kva alder og arbeidserfaring har du?
 - Kva aldersgruppe arbeider du med nå?

Verdigrunnlaget

2. Kan du si noko om kva du legger i omgrepet verdigrunnlag?
3. Når du ser kva rammeplanen vektlegg : kva tenker du om dette?
(Viser punkta: Barn og barndom, demokrati, mangfald og gjensidig respekt, likestilling og likeverd, berekraftig utvikling, og livsmeistring og helse.)
4. Kvifor trur du rammeplanen vektlegg akkurat desse områda?
5. Kan du fortelje noko om kvifor nokon av desse områda som du meiner utgjør verdigrunnlaget for din barnehage?
6. Det er spennande at barnehagen seier at dei arbeider mest med, kvifor trur du dette er valt?
7. Kan du fortelje litt meir om korleis dykk arbeider med valte område.....på avdelinga og i møte med barna?
8. Kan du fortelje litt om korleis verdigrunnlaget kjem til uttrykk blant barna? Eller punktet som du nemnte, korleis det kjem til uttrykk blant barna?
9. Er det andre punkter i verdigrunnlaget du heller kunne tenkt deg å arbeide med?

10. Nå som vi snakkar om dette... er det noko som du tenkar er utfordringar i arbeidet med verdigrunnlaget i rammeplanen?

11. Nå som vi nærmar oss slutten er eg nysgjerrig på kva måte diskuterer dykk i barnehagen sitt verdigrunnlag? Korleis arbeider dykk med dette konkret?

Er det noko du tenkar på, som du følar du ikkje fekk sagt?

Tusen takk for deltakinga.